


«Rykk tilbake til start»

Ei studie av medverking i byplanlegging i Bergen

Fyll bensin/ lade el-bil 10,-/5,-	?	NOK er NOK Protester mot bompenger stanser trafikken. Stå over et kast, og diskuter årsaker og effekter av protestene	Årlig prisjustering Skjuss øker kollektivbillettene med 5,-	%	Rush-trafikk Du taper tid, og tid er penger Betal 30,-
?					?
Bilselger Vi kjøper bilen din, fjern en terning og motta 100,-	Fremtidsverksted - Bærekraftig liv i byen				Veiavgift Dersom du har bil betal 100,-
?					?
Autopass 50,- Skyssbillett 30,-	Ærend etter jobb Gå til innfartsparkering	?	Bybanen feires Gratis transport en runde	%	Innfarts- Parkering Ta en beslutning om fremkomstmiddel

Håvard Havro Bjørnstad



2. september 2019

Institutt for geografi
Universitetet i Bergen

Framsidedeilete:
Håvard Havro Bjørnstad,
Tarje I. Wanvik og Per Erik Larsen

Forord

Eg vil med denne masteroppgåva avslutta mi studietid etter mange gode år på UiB, og ynskjer å rette ei takk til alle førelesarar og medstudentar eg har hatt opp gjennom åra.

Denne oppgåva har kome til som fylgje av ei rekkje tilfeldigheit, og eg vil med dette gje merksemd til alle involverte.

Fyrst vil eg retta stor takk til alle informantar og speldeltakarar som har bidratt til å kaste ljós over korleis stoda er med medverking i planlegging – og generelle haldningar.

Takk til Institutt for geografi ved Universitetet i Bergen som har tatt i mot ein student som har hoppa rundt innan ulike fagområde. Eg vil takka tilsette på CET, som har bidratt med problemstillingar å ta stilling til i brettspellet som er utvikla i samband med denne oppgåva, og då ei ekstra takk til både min fyrste rettleiar Tarje Wanvik som var med å unnfanga ideen om spel, og til Jakob Grandin som har vist tolmod og gitt gode råd i skriveprosessen.

Eg må òg få takka Hordaland Fylkeskommune for tildeling av tilskot til masteroppgåva, og Voss Sparebank for tildeling av Kvaales legat.

Ei ekstra stor takk må eg gi til Pernille som har halde ut med masterstress og for hjelp og gode diskusjonar undervegs.

I tillegg må eg takka søster, Live for språkvask og tilbakemeldingar, og Torjus for konstruktive tilbakemeldingar. Eg må òg takka mor, som òg orka å korrekturlesa til langt på natt.

Eg må òg få takka Perik som hjalp til med sjølv designet av brettspellet.

Håvard Havro Bjørnstad - 01.09.2019

Samandrag

Når byar skal planleggast har kommunen ansvar for å sjå til at medverking er lagt til rette for, anten det er private eller offentlege planforslag. I fylgje plan- og bygningslova skal det leggast ut til høyring og offentleg ettersyn. I slike høyringsrundar visar det seg fort at det hovudsakleg er eigedomsutviklarar, juristar og arkitektar som svarar og i den grad det er andre, så gjeld svara ofte eigen eigendom.

Dei siste åra har ein likevel sett eit auka fokus på aktiv medverking frå befolkninga generelt, og det er nettopp dette oppgåva dreiar seg om. Dette avdi det i forsøka på aktiv medverking er grupper som fell utanfor og ikkje deltek i planlegginga og utforminga av rommet dei oppheld seg i. Dette har gjort at denne oppgåva rettar søkjeljoset på korleis ein kan få med ein større del av befolkninga i planleggingsprosessar. For å freista å finna ut av dette har dei teoretiske omgrepa og retningane sosial ekskludering, retten til byen og rettferd og kommunikativ planlegging vorte tatt i bruk. I tillegg til dette har det vorte utvikla eit brettspel for å finna ut om dette kan fungera som ein arena for medverking og diskusjon. Det er difor òg vist til teori kring alvorlege spel og spelifisering.

Denne oppgåva viser korleis offentlege myndigheiter legg til rette for medverking, kva for moglege barriere som eksisterer mot det å aktivt delta og korleis spel kan nyttast i utforminga av urban politikk. Det vert òg vist til potensielle fylgjer ei medverking utover minstekravet i plan- og bygningslova kan føre til.

Med andre ord vert det argumentert for meir medverking frå ulike grupper i samfunnet og gjerne med bruk av lystbetonte metodar. I tillegg vert det argumentert for at ein er nøydd å oppsøkje dei gruppene som ikkje allereie deltek i planleggingsprosessar.

Abstract

When planning a city, the municipality has a responsibility to ensure the public participation is facilitated, whether it is private or public planning proposals. In accordance with «plan- og bygningslova», public consultation and inspection has to be submitted. In such rounds, it is apparent that the main actors that respond are property developers, lawyers and architects, and to the extent there are others who respond, it is most frequently about their own property.

However, in recent years, there has been an increased focus on more active participation in planning, which is the topic in this thesis. As there still are groups not reached in the attempt to get more active participation, hence they do not participate in the planning and design of urban space. This has led this thesis to examine how to get a bigger portion of the population to participate in the planning processes. In an attempt to grasp this, the theoretical outlines and directions that has been used are theories on social exclusion, the right to the city – coupled with theories on justice, and communicative planning. In addition to this, a board game has been developed, to see if this can serve as a possible arena for participation and discussion.

This thesis shows how public authorities facilitate participation, what kind of barriers that exists to actively participate and how games can be useful in the shaping of urban politics. It is also shown some potential outcomes if one exceeds the minimum requirement in «plan- og bygningslova».

In other words, it is argued for greater participation from various groups in society and the use of methods that are fun when doing so. In addition to this, it is argued that it is necessary to seek out groups that do not already participate in planning processes.

Innholdsliste

1. Innleiing	1
1.1 Spel i byplanlegging.....	3
2. Tematikk og problemstilling	4
3. Bakgrunn	6
3.1 Byplanlegging i Bergen.....	6
3.1.1 Byplanleggingstradisjonar i Bergen?.....	7
3.1.2 Medverking i planprosessar.....	8
3.2 Polarisering av Noreg?.....	8
3.3 Mobilitet og tilgang til kollektivtransport.....	10
4. Teoretisk rammeverk	12
4.1 Sosial ekskludering og det 'subalterne'.....	13
4.2 Rettferd og retten til byen.....	15
4.2.1 Retten til byen.....	15
4.2.2 Rettferd.....	16
4.2.3 Distributiv rettferd og prosedural rettferd.....	17
4.3 Planlegging og planleggingsteori.....	19
4.3.1 Utviklinga av planlegging.....	19
4.3.2 Kva er planlegging?.....	20
4.2.3 Rettferd i planlegging.....	21
4.2.4 Medverking i planlegging.....	23
4.2.5 Kollaborativ planlegging.....	24
4.3 «Spelifisering» av planlegging.....	25
4.3.1 Analoge versus digitale.....	27
4.3.2 Døme på spel i byplanlegging.....	28
4.3.3 Kritikk av «alvorlege spel».....	28
5. Forskingsdesign og metode	30
5.1 Forskingsføremål.....	30
5.2 Forskingsdesign.....	31
5.2.1 Case-studie.....	31
5.2.2 Kvalitative metodar og intensivt forskingsdesign.....	32
5.2.3 Utval.....	33
5.3.1 Brettspel-metoden.....	37
5.3.2 Intervju.....	41
5.4 «Forskar i felt».....	42
5.5 Sekundærdata.....	43
5.6 Prosessering og presentasjon av data.....	43
5.7 Utdringar i felt.....	44
5.8 Metodekvalitet.....	46
5.8.1 Ethiske omsyn.....	48
6. Deltaking i planleggingsprosessar i Bergen	49
6.1.1 Tilrettelegging frå offentlege myndigheiter.....	50

6.1.2 Kven deltek?	55
6.1.3 Barrierer for å delta	57
6.1.4 Opplevinga av deltaking.....	60
6.1.5 Oppsummering	63
6.2 <i>Spel som ein arena for medverking</i>	64
6.2.1 Lystbetont, lærerikt og startar diskusjonar	65
6.2.2 Kritiske røyster	67
6.2.3 Spel som ein kollaborativ strategi	69
6.2.4 Oppsummering	70
6.3 <i>Resultat av medverking</i>	71
7 Avslutning	75
7.1 <i>Konklusjonar</i>	75
7.2 <i>Vidare forskning</i>	78
7.3 <i>Vidare speling</i>	79
8. Bibliografi	80

Figur 1. Fransk studentplakat (Arnstein, 1969)	22
Figur 2. Plakat. Pernille Kleppan Mørch, Håvard Havro Bjørnstad	35
Figur 3. Informantoversikt	36
Figur 4. Brettspel. Håvard Havro Bjørnstad, Tarje I. Wanvik, Per Erik Larsen.....	38

1. Innleiing

By- og samfunnsplanlegging har sjeldan vore meir aktuelle tema i norske aviser enn dei er i dag. Planlegginga og utviklinga av Bergen ikkje er noko unntak. Bompengedebatt, satsing på kollektivtransport, el-sparkeykketilrettelegging eller bustadutvikling er alle er døme på dette. Engasjementet knytt til slike saker har endåtil nådd så langt at tidlegare byråd for byutvikling i Bergen, Anna-Elisa Tryti, har motteke truslar mot sin eigen person (Haga, 2019).

Fleire personar som til dagleg arbeider med byutvikling i Bergen kjem med utsegner som «det er umulig å drive med byutvikling og planlegging i Bergen», og dette har bakgrunn i nettopp slikt som Tryti har vorte utsett for. Ei tilsynelatande valdsam polarisering i debatten om byutvikling har gjort seg gjeldande dei siste åra, samstundes som at debatten også i seg sjølv har vorte meir synleg i det offentlege ordskiftet. Dette fenomenet er fylgjeleg ikkje noko som berre er tilfelle for debattar kring byplanlegging, men desse er likevel kanskje av dei mest tydelege døma.

På ein slik bakgrunn kan det vera interessant å sjå på korleis by- og samfunnsplanlegginga vert gjennomført i Bergen. Og sidan så mange vel å bidra høglytt i det offentlege ordskiftet om planlegginga, ynskjer eg i dette prosjektet å retta linsa mot korleis ein kan få stimulert til meir innbyggarmedverking når offentlege myndigheiter planlegg utviklinga av byen.

Medverking er eit uttalt mål og krav i offentlege planprosessar, og det er difor interessant å sjå på korleis desse faktisk vert fylgde opp. I undersøkinga av dette vil hovudfokuset mitt vidare vera retta mot korleis ein kan få ulike grupper sine stemmer opp, fram og inn i dagens planleggingsprosessar, og eg vil særleg sjå på dei gruppene som ikkje har stor påverknadskraft frå før. På denne måten kan ein få innsyn i kva grad ulike borgarar har makt til å faktisk farga resultatata av utviklingsprosjekt og kva som eventuelt trengst for å få slike interessentar med å ta avgjerder knytt til byutviklinga.

Spørsmål kring deltaking gjeld meir enn berre Bergen. I dei fleste demokrati har ein sett seg mål om å få fram meir innbyggarmedverknad i forming og utviklinga av utbygde strøk, og gjennom ei undersøking som denne kan ein få kasta ljøs over kva for interesser det vert tatt høgde for og kven som faktisk påverkar utviklinga av stadane.

På bakgrunn av dette vil det vera naturleg å undersøkje korleis ein kan få ein større del av befolkinga til å vera med og medverka i planleggingsprosessar. For å kunna svara på dette vil det vera føremålstenleg å sjå på korleis offentlege styresmakter legg til rette for medverking og kva som vert gjort for å auka den delen av befolkinga som deltek.

I plan- og bygningslova kapittel 5 paragraf 1 heiter det at «Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private» (Plan- og bygningsloven, 2008, §5-1) . Difor vil det vera interessant å sjå på i kva grad dette vert oppfylt utover minstekravet, som er høyringsrundar, offentlig ettersyn og klagerett, og i så fall korleis.

I fylgje forskaren Josh Lerner (2014) har ein sett at folk synest det er lite givande å delta på folkemøter og liknande tilskipingar: “[A]lle elsker demokrati – bortsett frå det meste av tida, då dei hatar det¹”. Vidare legg han fram at “eit rom fullt av lidenskapelege aktivistar kan verta transformert til eit rom med livlause andlet og tomme stolar i løpet av få timar”. Ut i frå ein slik ståstad har fleire og fleire tatt til orde for å gjera byutvikling og planleggingsprosessar meir lystbetonte, der forskarane Ampatzidou et al (2018) argumenterer for å nytta ‘alvorlege spel’ eller ‘spelifisering’ for å oppnå dette.

For å sjå på dette har eg valt å ta utgangspunkt i tre overordna teoretiske tilnærmingar og teori kring sosial ekskludering og “det subalterne” etter Antonio Gramsci og hans “Prison notebooks” (1971). Dei tre teoretiske tilnærmingane er knytte opp mot rettferd og retten til byen (Lefebvre, 1982), planleggingsteori – særskild opp mot Patsy Healey (1992, 2006) sine idear kring den kommunikative planlegginga og teori kring alvorlege spel og spelifisering.

Som ein god inngang til stoffet, vil eg i fyrste del av oppgåva skissera bakgrunnen for oppgåva, byplanlegginga i Bergen og tradisjonane for dette, før eg går inn på den aukande polariseringa av samfunnsdebatten i Noreg, og korleis mobilitet og tilgang til kollektivtransport er, og har vore, organisert i Bergen. Vidare, i andre del av oppgåva, vil eg kartleggja dei ulike teoretiske tilnærmingane eg har valt å dra nytte av, før eg i kapittel 5 vil greia ut om metodebruken min. Siste del av oppgåva presenterer funna eg har gjort i løpet av eit større feltarbeid sett i ljøs av dei ovannemnde teoriane.

¹ Mi omsetting

1.1 Spel i byplanlegging

Dei siste åra har ein klart å blåsa nytt liv i arbeidet med å få folk til å delta og aktivt medverka i byplanleggingsprosessar. I tillegg har det vore større interesse for det å nytta alternative måtar enn høyringsrundar og offentleg ettersyn, som er minstekravet i plan- og bygningslova, og nok eit folkemøte som arena for å få dette til. Fleire og fleire ser ut til å ta innover seg at det ikkje nødvendigvis er like enkelt for alle å delta på denne måten. I London har ein mellom anna nytta VR for å møta og forstå folka som vert påverka av eit nytt høghastigheitsbanenett under utbygging (Naylor, 2017), medan eit Finsk-norsk arkitektkontor i Jyväskylä, Finland har tatt i bruk ein form for brettspel for å gjennomføra ein moglegheitsstudie av eit torg i byen. I fylgje Ampatzidou et al (2018) er det fleire byar som har teke i bruk, eller som skal gjera det, spel som ein del av planleggingsprosessane, då spel vert sett på som ein arena der ein oppnår balanse mellom underhaldning og læring, og der læring har vorte assosiert med deltaking og samfunnsengasjement. Ampatzidou et al (2018) legg fram at slike metodar er nytta både i Wien, Genk og Groningen. Liknande prosjekt finst også i Noreg, mellom anna der Vestlandsforskning har deltatt i Hope-prosjektet saman med Umeå University, UniversitätsKlinikum Heidelberg, TEC og CIRED. Med andre ord finn ein prov på at fleire og fleire ser eit stort potensial i nye måtar å få folk til å delta på.

2. Tematikk og problemstilling

Dette masterprosjektet set søkeljoset på korleis offentleg planlegging vert gjennomført og i kva grad og korleis innbyggjarar deltek i utforminga av urban politikk. Av dette vert det føremålstenleg å sjå på kven som svarar på høyringar, som altså er minstekravet til medverking i planprosessar, og å analysere korleis og i kor stor grad det vert gjennomført forsøk på å gå utover dette minstekravet. Vidare freistar prosjektet å sjå på alternative måtar å gjennomføra medverking på for å nå ut til fleire grupper av befolkninga.

Dette skal ikkje vera eit forsøk på å finna den eine løysinga på korleis ein best kan gjera slikt inkluderingsarbeid på, både avdi det finst svært mange gode måtar å gjera dette på, og avdi byar er i stadig endring og tilbliving i utgangspunktet og ein treng dermed stadig å få utvikla planleggingsverktya sine.

Byplanlegging og andre endringsprosessar som går føre seg i byar, påverkar meir enn det materielle og synlege. Dette er nemleg også faktorar som kan endra sosioøkonomiske forhold i dei aktuelle områda der dei føregår.

Eit døme frå byutviklinga i Bergen kan vera utbygginga og utviklinga av bybanen. Denne er ved fyrste augekast eit transportpolitisk tiltak, men når ein ser litt nærare på saka vil ein sjå at denne handlar om mykje meir enn berre mobilitet. I dette prosjektet er det like mykje generell by- og sentrumsutvikling som noko anna. For eigedomsutviklarar har utbygginga òg nærast vore eit eldorado for bustad- og næringsutvikling, då umiddelbar nærleik til enkel framkomst i byen er eit must for både folk og næringsverksemd.

2.1 Problemstillingar og hypotese

I denne analysen vil det verta utforska korleis ein kan få med seg fleire til å medverka i planleggingsprosessar. Difor let hovudproblemstillinga som fylgjer:

Korleis kan ein få ein større del av befolkninga til å medverka i planleggingsprosessar?

For å kunna svara på dette vil det vera føremålstenleg å utforska korleis ulike planinitiativ vert gjennomført frå offentleg side, og kva som vert gjort utover minstekravet i plan- og byggingslova.. Dette gir ei underproblemstilling som denne:

Korleis legg kommunen til rette for medverking i byutvikling- og planlegging, og kva vert gjort for å få med ein breiare del av befolkninga i dette arbeidet?

Med bakgrunn i plan- og bygningslova kapittel 5, paragraf 1, kan det vera interessant å sjå på i kva grad tilrettelegginga for medverking går utover minstekravet (altså høyringsrundar og offentleg ettersyn) og i så fall korleis. For å forstå nærare korleis dette går føre seg kan problemstillinga også fylgjast opp med underproblemstillinga:

Korleis og i kva grad påverkar ei medverking, utover minstekravet, resultata av planlegginga?

Ettersom fleire og fleire tek til orde for å gjera byutvikling og planleggingsprosessar meir lystbetont, der Ampatzidou et al (2018) argumenterer for å nytta ‘alvorlege spel’ eller ‘spelifisering’ for å oppnå dette, har ein fylgjande hypotese vorte formulert:

«[F]or å få med ein større del av befolkninga må medverkinga vera lystbetont».

Av denne hypotesen har ideen om å utvikla eit brettspel for medverknad i bergengsplanlegginga sprunge ut. Denne ideen har resultert i at den aktuelle oppgåva òg vert ei undersøking knytt til om brettspel kan fungera som ein arena for medverking, og om spel også kan engasjere nye, og fleire innbyggjarar til å delta i planutforminga.

3. Bakgrunn

Dette kapittelet består av tre delar, der den fyrste delen går inn på korleis planlegginga i Bergen går føre seg og korleis ein har nytta medverking i dette. Her vil eg også syna kva for rykte dette har i byen så vel som nasjonalt. Del to av kapittelet vil handla om mobilitetsavviklinga i byen, særskild kring buss og bybane, før eg avslutningsvis vil visa til den aukande motstanden og polariseringa av debattar i Noreg.

3.1 Byplanlegging i Bergen

Bergen kommune har store ambisjonar for korleis byen skal utviklast, og i kommuneplanen sin samfunnsdel (2015) legg kommunen til grunn at ein ventar stor folkevekst, noko som saman med aukande klima- og miljøutfordringar, krev handling innan alle kommunale sektorar. I denne plandelen vert det lagt opp til at Bergen må utvikla ein meir kompakt og velfungerande by, der ein i stort omfang må utvida bysentrum. Vidare er det presisert at alle byrådsavdelingar har teke del i arbeidet med denne planen, og det var lagt opp til ei brei medverking frå andre offentlege organ, interesseorganisasjonar, politiske parti, næringsliv, nabokommunar og privatpersonar i ein høyringsfase som gjekk over to månader. Det førre byrådet har med denne planen sett fylgjande visjon for Bergen: «I fremtiden er Bergen en aktiv og attraktiv by». (Bergen kommune, 2015).

Vidare i planen har kommunen lagt til grunn at Bergen skal vera ein «engasjert by» og at bergensarar er kjende for å ha sterke meiningar om det meste som handlar om bylivet. Anna-Elisa Tryti har sidan bygd ytterlegare opp under dette, der ho i ymse innlegg ho har halde kring byutvikling dei siste åra har kome med påstanden om at Bergen har 300000 planleggarar (Tryti, 2019). Kommunen vil at byen skal halda fram å vera prega av dette og at ein såleis må leggja til rette for at folk i alle aldrar og med ulike bakgrunnar aktivt skal kunna gi uttrykk for meiningane sine. For å få dette til må ein ta i bruk ulike media, og det skal inviterast til opne, offentlege prosessar. Det er også tatt omsyn til at ikkje alle finn det like naturleg å delta i offentlege diskusjonar og debattar ved å programfesta at ein skal nytta kunst og kultur i formidlinga og kommunikasjonen av slike saker for å auka deltakinga (Bergen kommune, 2015).

3.1.1 Byplanleggingstradisjonar i Bergen?

«Du har en planavdeling i Bergen kommune med et årlig budsjett på fem millioner kroner. De ligger, spør du meg, med brukket rygg, etter innføring av New Public Management-modellen. (...) De har kunn kapasitet til å håndtere private planforslag, ikke gjennomføre egne.»

Lars Clementsen Pedersen i MAD Arkitekter til Arkitektnytt (Godø, 2016)

«Det er lenge siden Bergen har hatt en byplantradisjon. Lenge har det vært de aktive aktørers arena. Skal du få til god byutvikling, så må ting skje i tide. Byplanen må være der før aktørene, utbyggerne. Hvis ikke planen er der når markedet eksploderer så er det for seint».

Nils Johan Mannsåker til Arkitektnytt (Godø, 2016).

Byplanlegginga i Bergen har fått mykje kritikk opp gjennom åra, der utsegnene ovanfor berre er to av fleire som nærast hånar byplanlegginga det offentlege står for i Bergen. Dette er noko Roald (2016) ikkje kjenner seg att i, då han hevdar at kommunen no har etablert ein heilt ny byplantradisjon i samsvar med det mykje omtalte kompaktby-konseptet. Bergen kommune laga i 2016 for fyrste gong sidan parlamentarismen vart innført i kommunen, altså for fyrste gong sidan 1996, ein kommuneplan med ein eigen samfunnsdel til kommuneplanen (Byrådet i Bergen 2015). Roald (2016) hevdar vidare at den nye strategien til Bergen kommune med fortettingsområde langs kollektivkorridorar var mykje av grunnen til at Bergen kommune mottok Statens miljøpris i 2013. I 2019 vart Bergen i tillegg kåra til Noregs mest attraktive by, der juryen la vekt på at Bergen har tort å ta modige og nytenkjande grep for å styra utviklinga på ein berekraftig måte (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2019).

Denne utviklinga har erstatta ein lang tids pågåande trend der ein har sett ei lang rekke halvhjarta forsøk på å styre byutviklinga, der ein har enda med å gi dispensasjon både til det eine og det andre (Roald, 2016). I godt og vel tretti år har dei fleste planinitiativa vore gjorde anten av private, eller gjennom samarbeid mellom offentlege og private, såkalla entrepenørskapstrategiar. I mai 2019 vart det oppretta ei ny form for slikt samarbeid, der Byrådsavdeling for byutvikling inviterte til ein såkalla ByLab. Dette skal vera ein nøytral arena for dialog, samarbeid og samskaping knytt til byutviklinga i Bergen. På ByLab-møta, som ein òg har i Oslo, er det hovudsakleg utbygarar, kommunalt tilsette og ein og annan representant frå forskning, og somme gonger media, som har vore inviterte (Kleivan, 2019; Kringstad, 2019)

3.1.2 Medverking i planprosessar

Eit grep å auka medverkinga i planarbeidet har vore å ta i bruk såkalla «barnetråkk²» (som eg kjem tilbake til) i somme bydelar, og ulike former for utstillingar i andre område. Like fullt kjem den mest nytta forma for medverking i avgjerdsprosessane i form av høyringsrundar og eit og anna folkemøte (Falleth & Hanssen, 2009).

I tillegg til kommunen sitt mål om meir aktiv deltaking i byplanlegginga har Kommunal og moderniseringsdepartementet laga ein rettleiar for medverking. I denne rettleiaren vert det lagt fram at medverking vanlegvis? ikkje går føre seg i særleg større grad enn det lova set opp som minstekrav. Av hundre tilfeldig utvalde reguleringsplanar i Oslo, Bergen og Trondheim var det berre fem av desse som hadde gjennomført medverking utover dette minimumet (Sanner, 2014). Den same rettleiaren forklarar òg at deltakarar i medverkingsprosessar ofte føler at dei vert tekne med i ein for sein fase og at det ikkje vert gitt tilbakemelding om kva som skjer vidare og korleis eventuelle innspel vert tatte omsyn til.

Regjeringa hevdar at ein aukar kvaliteten i plan- og avgjerdsgrunnlaget når ein får tilført lokalkunnskap og såleis får avdekka behov ein ikkje får gjennom statistikk og utgreiingar. At samfunnet stadig får eit meir synleg mangfald påverkar også forventinga til ei slik deltaking. Medverking vil kunne føra til meir engasjement i tilknytning til planlegginga og større eigarskap til eige nærområde, noko som igjen vil bidra til å skapa aksept for planane. Såleis vil ein ofte kunna få fortgang i planprosessen (Sanner, 2014). Til sist vert det også lagt vekt på at medverkingsprosessar bidreg til auka demokratikompetanse og annan nyttig lærdom. I Bergen kommune sitt tilfelle har medverkinga i det store og heile vore i oppstartsfasen av planarbeidet, då i form av informasjonsmøte, og til dels i høyringsrundar der ein kunne sjå kring 800 høyringssvar på arealplanen som nyleg vart vedtatt.

3.2 Polarisering av Noreg?

Når ein tenker på polarisering av samfunn går tankane gjerne fort mot USA, eller til Frankrike med «dei gule vestane» og «Rassemblement national» med Marine Le Pen i spissen. Likevel ser ein at problemstillingar knytt til dette stadig vert meir aktuelle også i Noreg. Befolkninga er ikkje

² Barnetråkk er ein metode utvikla i samarbeid mellom Design og arkitektur Norge, kommunal- og moderniseringsdepartementet og Universitetet i Bergen. Den går ut på at born og unge markerer i kart område dei likar, område dei ikkje likar og område dei har forslag til forbetringar. 178 kommunar har i dag gjort nytte av barnetråkk-metodikken.

nødvendigvis meir delte i politiske meiningar enn tidlegare, men i fylgje Knudsen (2018) ved Norsk Medborgerpanel (UiB) har ein sett at fleire norske veljarar no mislikar andre parti enn sitt eige.

I tillegg har frontane i den siste tida vorte hardare, som i til dømes bompeng-saka, der ordskiftet til dels har gått over til truslar og det er gjennomført ei lang rekke demonstrasjonar både for og mot bompengar i Bergen. «Nok er Nok»-klistremerket har vorte eit vanleg syn i bybiletet, og såkalla ‘køyr sakte-aksjonar’ går føre seg etter forholda hyppig. På eit folkemøte om bompengar vart spørsmålsrunden kuppet av sinte tilrop og frustrasjon snarare enn faktiske spørsmål. I april, under ‘opninga’ av nye bomstasjonar, kunne ein lese i Bergens Tidende at tre av desse vart ramponert (Aursland & Lunde, 2019).

Argumenta til bompengemotstandarane har gjerne vore at bompengar er ei skattlegging som rammar dei svakaste i samfunnet og privat næringsliv. Det vert også argumentert for at bompengane, som i utgangspunktet skal nyttast for å betala samferdselsprosjekt, ikkje går tilbake til bilistane. Trym Aafløy (leiar av Folkeaksjonen nei til mer bompenger Bergen) hevdar mellom anna at bybanen berre vert nytta av «ungdommar», medan Tor A. Woldseth, FRP sin listetopp, påstår at pengane som vert kravd inn går til kunst på haldeplassar snarare enn utbygging av kollektivtransport, sykkel og gangveggar (Opheim, 2018). FNB, det nye nærast protestpartiet, har i skrivande stund over 20% oppslutning i Bergen, og ligg an til å enda opp blant dei tre-fire største partia i fleire av dei store norske byane etter kommunevalet i 2019. Samstundes dukkar det òg opp nye meiningsmotstandarar til FNB, og desse argumenterer mellom anna med at bybanen er for alle (Aksjonsgruppen Bergens mødre, 2019) og kan slå i bordet med at bybanen hadde ei 18% auke i antal påstigingar i 2018 (Skyss, 2019).

I fylgje Zynk kommunikasjon, på oppdrag for KS (2017), står samfunnet også overfor ein markant vekst i polarisering og elitemotstand dei neste fire åra, samstundes som at forventingane til at ‘folk flest skal inkluderast’ når avgjerder skal takast vil auka i moglegvis i takt med eit press etter å få bindande folkeavstemmingar. Gjer ein i tillegg eit enkelt google-søk på demokrati, er ein av toppforslaga til google ‘demokratiet er truet’ eller ‘demokrati under press’. Dette resulterer i nær 30000 artiklar frå norske aviser i nyhendesøk-funksjonen til google.

Fokuset, som i alle fall media har på at Noreg står overfor ei aukande polarisering har ført til at «Morgenbladet», «NRK», «Dagens Næringsliv» og «Fagbladet» kopierte «Die Zeit» sitt prosjekt

«My country talks» og døypte si utgåve for «Hele Norge Snakker». Dette har vore eit prosjekt med mål om å formilda og kasta ljøs over dei tidvis så hatske kommentarfelta. Utgangspunktet var å svara på sju korte spørsmål før ein vart satt saman med ein meiningsmotstandar for å diskutera dei ulike temaa som vart tatte opp i forkant. I fylgje Slettholm (2019) såg ein i desse møta ein mykje rolegare og meir gjennomtenkt debatt, der folk faktisk tok seg tid til å lytta og å prøva å forstå, framføre å kasta ut det eine ukvemsordet etter det andre. Det vart ikkje lagt til grunn at ulike meiningar og haldningar til ting i seg sjølv er eit problem, men snarare at dette er sunt. Snarare meinte ein at problemet oppstår når presentasjonen av ulike syn forkastar andre sine syn og nyttar 'ufine' argument og kommentarar for å gjere dette. Det var altså eit forsøk på å menneskeleggjera og ta tilbake diskusjonen som noko bra, i staden for slik det gjerne har vore i sosiale media og kommentarfelt der det tidvis går relativt stygt for seg. Ein har også sett at i mange slike digitale diskusjonsforum kan det oppstå såkalla 'ekkokammer' der det berre er underbygging av dei same meiningar som går føre seg, og der andre meiningar ikkje får eller torer sleppa til (Campante & Hojman, 2013). Dette vert ofte sett på som ein viktig faktor for å 'konformera' gitte ideologiar. Det å møta folk med motstridande meiningar vil ofte kunna bidra til å styrka eventuelle framtidige resultat av eit tiltak, samstundes som det vil bidra til å kaste ljøs over kva som faktisk er problemstillinga ein står overfor.

3.3 Mobilitet og tilgang til kollektivtransport

I fylgje artikkel 13 av menneskerettserklæringa har ein tre ulike rettar til mobilitet, der den tredje av desse er «retten til fridom til å flytte på seg innan grensene til kvart eit land» (Sheller, 2008). Av dette kan ein lesa at alle skal ha høve til å reisa frå utkanten av ein by til sentrum, eller frå by til by, stad til stad. Altså skal ein ha høve til å røra seg fritt innom byen, sjølv om ein ikkje eig ein bil, eller har råd til å ta drosje overalt.

I fylgje Steigerwald (2008) er det illusjonen om å ha makt og å kunne kontrollere tid og rom som har fått folk til å nytta personbilen opp gjennom åra. Dette vert på si side nærast ein konkurrent til å oppretthalda livet på jorda, då motorisert mobilitet er ein av dei absolutt største syndarane når det kjem til klimagassutslepp (Steigerwald, 2008). Rørsle med motoriserte framkomstmiddel, om det så måtte vera folk eller produkt, har auka med over hundre gonger dei siste hundre åra – til tross for at befolkinga ikkje har auka meir enn fire gonger.

I tillegg til dette hevdar Gössling (2016) at dei fleste transportsystema i verda er lite økonomisk effektive. Dei tar ikkje inn over seg eksternalitetar knytt til motorisert framkome, slik som til dømes miljøeffektar, helse og sosiale kostnader. Ein har òg over lengre tid sett at inntektene ein får frå bruk av privatbil, har gått nærast direkte tilbake til dei same bilistane snarare enn å koma til nytte for brukarane av kollektivtransport, sykkel og gange. Akkurat dette har dei seinaste åra endra seg delvis i Bergen, slik argumenta til mellom anna Woldseth og Aafløy vitnar om (jamfør kapittel 3.2).

Med bybaneutbygginga i Bergen har det vore ei storstilt omstilling, både i prioriteringa knytt til pengebruk, men òg i korleis rutetilbodet har vorte lagt opp. Bybanen er tenkt å vera ein av hovudfartsårene inn- og ut av byen, og ein har sett ei markant auke år til år i tal påstigingar på denne, med 18% auke frå 2017 til 2018 (Skyss, 2019). Til tross for fokuset på ei auke i kollektivreiser har ein likevel ikkje fått meir enn ei total auke på 4,8% i tal reiser. Ein del av grunnen til dette kan vera at ein samstundes har fått ei auke av folk som ikkje reiser i byen i det heile og at somme område faktisk har fått dårlegare rutetilbod som fylgje av bybanen. Døme på dette kan vera oppover i Solheimslie, der ein, før bybanen, hadde to ulike ruter for å dekkja behovet, medan det i dag berre er ei.

Ein har òg sett at det er kring mobilitetsspørsmål det vert høgast temperatur i ordskiftet i Bergen, noko trusselbrev til Anna Elisa Tryti syner prov til (Haga, 2019). Tar ein òg eit kjapt gjennomsyn mellom kommentarfelta i diverse BT-artiklar kring dette temaet ser ein påstandar som «bompengemotstandarar er gretne eldre menn» frå den eine sida og «de som er for bompengar er nokre overlegne sentrumstullingar».

4. Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet vil eg presentera dei ulike teoriane og forståingane av samfunnet og av byplanlegging. Etersom hovudproblemstillinga mi siktar mot å finna ut korleis ein kan få til meir deltaking i byplanlegginga, og korleis denne kan femna om fleire befolkningsgrupper, er det naudsynt å både finna ut kven som ikkje allereie deltek og å sjå på teoriar kring planlegging. I tillegg har eg valt å nyttegjera meg av sosiologen Henri Lefebvre (1967) sin teori kring «retten til byen», då dette kan tenkast å vera målet for ei faktisk deltakande planlegging. For å diskutera og forklara kven det er som er ekskludert frå å delta i planleggingsprosessar, kan teori kring det såkalla 'subalterne' vera nyttig (Gramsci, 1971). Dette vil kunna bidra til å forstå kven det er som ikkje deltek i byplanlegginga og kvifor desse ikkje deltek. Dersom ein får ei meir utbreidd semje kring byutviklingstiltak, sosiale så vel som klimamessige, kan resultata visa seg å verta meir effektive og rettferdige.

Vidare vil eg ta for meg det mangefasetterte omgrepet rettferd i samspel med Lefebvre (1967, 1968, 1982) og geografen David Harvey sine teoriar kring «retten til byen». I og med at «retten til byen» handlar om at alle skal ha rett til å både forma, nyttegjera seg av, og ta del i goder og byrder byane gir oss, glir idéen om dei såkalla 'subalterne klassar' og sosial ekskludering mot kvarandre. For å i det heile kunna snakka om denne «retten til byen» treng ein òg ei forståing av kva rettferd er, og korleis dette konseptet vert oppfatta på ulike måtar. Difor har eg valt å greia ut om ulike teoriar kring dette i samspel med underkapitlet om «retten til byen».

Etter dette vil eg gå nærare inn på teoriar kring planlegging for å syna korleis dette tradisjonelt har gått føre seg. Utover i kapitlet vil eg syna korleis dette har ført til at mange i dag ser til Patsy Healey (1992, 2006) og hennar kommunikative eller kollaborative planlegging når ein skal gjera avgjerder knytt til byutviklingstiltak. Til slutt i kapitlet vil eg ta føre meg spelifisering og alvorlege spel, korleis dette har vorte nytta i planleggingsprosessar og korleis det kan tenkast å verta nytta i framtida. Dette vil eg gjera fordi det kan tenkast å vera eit døme på ein arena der nye delar av samfunnet finn det både givande og føremålstenleg å vera med i utforminga av bypolitiske avgjerder.

4.1 Sosial ekskludering og det ‘subalterne’

I dette kapitlet tek eg føre meg sosial ekskludering, og eg vil freista å synleggjera korleis dette kan passa saman med Gramsci (1971) sin teori kring omgrepet ‘subaltern’. Dette kan tenkast å vera til hjelp med å kasta ljøs over kven som ikkje deltek i utviklinga av deira eige lokalområde, noko som igjen kan føra til at ein kan leggja betre til rette for at desse meir aktivt bidreg i planlegginga av byen. Desse gruppene er ofte dei som kjenner best på kroppen både fylgjene av klimaendringar og av forsøka på mitigering og klimatilpassing som vert gjennomførte (forskarane Bulkeley, Edwards, & Fuller, 2013). Av dette kan ein tenkja at også desse er viktige å få med på lasset for å klara å få til ei faktisk omstilling av samfunnet, der ein driv mindre rovdrift på verda sine ressursar.

Sosial ekskludering handlar om at nokre grupper manglar tilgang til ulike rettar, moglegheiter eller ressursar i samfunnet. Dette har ofte vore sett ut i frå om ein er fattig eller rik, men det kan likefullt vera andre faktorar som spelar inn, slik som utdanningsnivå, institusjonell praksis og personlege haldningar som kan avgrensa moglegheitene for somme grupper. I fylgje urbanistane Turok, Kearns og Goodlad (1999) ser ein gjerne på arbeidsløyse, låg inntekt, dårleg helse, dårleg bustad eller kriminalitetsrate når ein skal sjå på sosial ekskludering. Dette handlar ikkje berre om menneske, men og om stad – til dømes dersom ein bur i eit område der det er, relativt sett, stor fattigdom, har ein gjerne færre og dårlegare tenestetilbod i nærområdet (Turok, Kearns, & Goodlad, 1999).

I fylgje samfunnsviterane Aasland og Fløtten (2001) har omgrepet sosial ekskludering vorte kritisert ettersom det er vanskeleg å definera og enkelt å tilpassa, og at det vert brukt for å skildra så mykje ulikt. Likevel hevdar dei at det er nettopp dette som er styrken, då ein kan sjå på nøyaktig kva ein vert ekskludert frå, i staden for å berre sjå på ein faktor, til dømes fattigdom, som kanskje har vore den vanlegaste måten å definera omgrepet på.

Ser ein på sosial ekskludering i lys av Antonio Gramsci (1971) sitt omgrep kring det ‘subalterne’, får ein at grupper som er sosialt ekskluderte gjerne òg vert subalterne. Gramsci (1971) definerte det subalterne til å vera personar eller grupper med «låg rang» som er under hegemonisk dominans av ein styrande elite som på si side nektar dei subalterne retten til å delta i utviklinga av lokal historie og kultur. I «notatbok 25» (1971) identifiserer Gramsci fleire subalterne sosiale grupper, nemleg; slavar, bønder, religiøse grupper, kvinner og proletariatet (Green, 2002).

Ein kan med andre ord sjå på det subalterne som alle som ikkje har høve til å aktivt ta del i utforminga av byen eller staden der dei held til. Vidare legg Gramsci (1971) fram at dei «subalterne klassane» ikkje er sameinte, og at deira historie fylgjeleg er laga av historia til dei dominerande elitane. Forskaren Gayatri Spivak (1988) legg vidare fram at dei subalterne ikkje berre vert dominerte og undertrykte, men at dei også er så marginaliserte at dei manglar høve til politisk organisering og representasjon. Dersom dei oppnår dette, vil dei ikkje lenger vera subalterne. Dette vert grunngitt ved at dei såkalla 'subalterne klassar' er skrivne ut, reint strukturelt, av narrativa til dei dominerande klassane (Spivak, 1988).

Ved å ta innover seg og inkludera 'subalterniteten' vil ein kunna få innsyn i kvifor stoda er akkurat slik den er i eit område, og ein vil kunna få alternative sanningar. Gjennom ein arena der 'subalterne' kan snakka, kan ein potensielt få ein sosial agens som endrar vilkåra og kan operera innan avgrensingane som er gitt av samfunnet (Laoire, 2014).

Spivak (1988) meiner at ein 'ikkje-subaltern' sitt forsøk på å «redda» dei subalterne er dømt til å feile, då dette berre vil oppretthalda det skeive maktforholdet mellom hegemoniet og dei subalterne. Av dette får ein viktigheita av å ikkje snakka for, men snarare med, desse gruppene og såleis kanskje på denne måten å kunna læra frå deira synspunkt. For Gramsci (1971) derimot kan det tenkast at målet var at dei 'subalterne klassar' vert aktive, får fram si røyst og oppnår politisk medvit og organisering.

Det å kalla grupper ekskluderte eller subalterne er ikkje heilt uproblematisk. I dag ser ein til dømes ei vedvarande frykt for å verta oppfatta som politisk ukorrekt og stigmatiserande, og å ta dette omgrepet i bruk om definerte grupper kan verta oppfatta som generaliserande. Likevel vel eg å nytta desse omgrepa ettersom det kan tenkast å synleggjera kven den stille majoritetet/minoriteten er, noko som vidare kan kasta ljøs over om dei som kallar seg sjølv ekskluderte faktisk er det.

4.2 Rettferd og retten til byen

I dette kapitlet vil eg ta føre meg retten til byen og ulike formar for rettferd. Eg vil fyrst gå inn på kva som er meint med dette omgrepet, for så å gå nærare inn på ulike typar og forståingar av rettferd. Dette vil kunna syna korleis desse omgrepa og teoriane heng saman.

4.2.1 Retten til byen

Retten til byen som omgrep vart fyrst tatt i bruk av Henri Lefebvre i artikkelen «La droit à la ville» («Retten til byen») frå 1967, før han vidareutvikla omgrepet i boka med same namn året etter. Retten inneber at alle som bur i byen, uavhengig av rettsleg status, skal få ein rettviss og likeverdig rett til byen, der ein òg skal ha lik tilgang til å delta i forminga av den urbane politikken og verta inkluderte i avgjerder som formar det urbane rommet (Lefebvre, 1982). Ein skal også ha rett til å endra seg sjølv, for ved å endra byen endrar ein òg seg sjølv og vice versa (Harvey, 2003).

Omgrepet går altså ut på mykje meir enn berre tilgang på offentlege goder og ressursar, då det tar inn ei større likestilling i tilgangen på bustad, utdanning, offentleg rom, transport, arbeid og, ikkje minst, demokratiske prosessar. Denne retten er altså ikkje berre tilgangen til det som allereie eksisterer, men også til å forma byen etter sitt eige ynskje (Harvey, 2003). For Lefebvre (1982) er det viktig å understreka at retten til byen ikkje berre er ein juridisk rett, men ein større moralsk rett som har rot i rettferd, etikk og ‘det gode’. Dette treng altså ikkje vera eit lovfesta krav, då det snarare samlar fleire rettar i eitt. Både retten til offentleg rom, retten til informasjon og openheit i styring, retten til tilgang til sentrum og tenester går inn i den større komplekse totalen som Lefebvre (1967b) kalla ‘retten til byen’. Alle desse einskilde rettane er faktorar i denne totaliten som Lefebvre tar til ordet for, og det handlar like mykje om det kollektive som om det einskilde individet (Marcuse, 2009).

Moderne byar, urbanisme og kapitalisme har alltid vore sterkt koplade saman. For at ein by skal oppstå må det finnast fleire individ i relativ nærleik til kvarandre, noko som så og seia alltid skapar overskot, om det er i form av kapital eller produksjon. Heilt sidan starten av urbaniseringa har denne geografisk eller sosiale konsentrasjonen av overskot vore grunnlaget for byane (Harvey, 2012; Lefebvre, 1967; Lefebvre, Kofman, & Lebas, 1996). Harvey (2003) meiner at denne prosessen har skapt eit system med fordelar og ulemper som har ført til ei skeiv maktfordeling med eit forholdsvis tydeleg hierarki som reduserer evna eller moglegheiten folk

har til å nytta seg av sin rett til byen. Vidare hevdar Harvey (2003) at i staden for å nytta dette overskotet til å sikra retten til byen for alle, har elitar heller sikra sin eigen posisjon og nærast skapt eit monopol når det kjem til planlegging og forming av urbant rom.

Lefebvre kallar retten til byen for både eit rop og ein etterspurnad etter noko 'meir', noko juristen og byplanleggaren Peter Marcuse (2009) omformulerer til å vera eit presserande behov frå dei som er fråtekne lovleg rett. I tillegg meiner han at det er eit ynskje for framtida frå dei som ikkje er nøgde med tilhøva kring seg, og at dette er avgrensande for deira eige potensial.

Etterspurnaden kjem frå dei som manglar grunnleggande 'ting', medan ropet er frå dei som berre delvis er integrerte i systemet, som får delar av dei materielle godene, men som samstundes manglar moglegheit til å yta det fulle potensialet sitt når det kjem til å forma rommet (både fysisk og sosialt) kring seg. Altså er etterspurnaden frå dei ekskluderte – eller subalterne –, medan ropet er frå dei framandgjorde som har ein ynskje om ein sterkare rett til det som ligg utanfor det materielle som trengst for å leva eit tilfredsstillande liv.

4.2.2 Retttferd

Å trakta etter retttferd er umiddelbart eit attråverdige mål, men kva er eigentleg retttferd, og kvifor er det relevant for planlegging? Dette er eit spørsmål som har oppteke tenkarar i mange hundreår. Ein kan snakka om juridisk retttferd, som kan definerast som individuell og materiell retttferd, i tillegg til rasjonell retttferd, prosedural retttferd, distributiv retttferd, sosial retttferd, og ei lang rekke andre former for retttferd (Marcuse, 2012). Eg vil her fyrst gå kort inn på kvifor retttferd ofte vert sett på som eit mål i seg sjølv for planlegging før eg vidare i kapitlet vil gå nærare inn på eit par av dei ulike formene for retttferd.

Marcuse (2012) hevdar at det finst mange gode grunnar til å vera opptatt av retttferd når ein planlegg, mellom anna at planlegging som handling frå styresmaktene nødvendigvis ramar distribusjonen av varer, tenester og moglegheitene til folk og grupper. I ei slik omfordeling er retttferd eit naudsynt kriterie. I tillegg handlar planlegging ofte om distribusjon av rom, og dermed også fordelinga av kostnader og goder knytt til dette. Her er også retttferd er eit naudsynt kriterie. Vidare kan ein sjå at historia fortel oss at planlegging handlar om retttferd, ettersom planlegging på mange måtar har handla om ein ekspansjon av den rettvise distribusjonen av goder knytt til det bygde landskapet (Marcuse, 2012; Nylund, 2014).

I fylgje filosofen John Rawls (1999) er samfunnet eit system bygd på samarbeid for å auka fordelane til individ. Av dette får ein at det er handlar om både konflikthar mellom ulike individ sine interesser, samstundes som ein også har ei felles interesse. For at noko skal vera rettferdig må ein altså definere ein passande distribusjon av både gode og vonde knytt til sosialt samarbeid. Rawls (1999) legg vidare fram at det er naudsynt, sjølv om det er vanskeleg, å skilja mellom dei genuine rettferdsprinsippa folk har, og eins egne egoistiske meiningar. For Rawls (1999) vert altså rettferd når ein når ei slags likevekt mellom det egoistiske og det genuine. Det er ikkje slik at alt treng å vera likt fordelt, då det viktige er kor vidt denne ulikskapen er til størst mogleg fordel for dei svakaste stilte i samfunnet. Likevel er det nokre rettar som er universelle, slik som retten til liv, fridom til medvit og religion og generell fridom som skal sikra at ingen minoritetar vert undertrykte av ein majoritet. For å ha rettferd må altså alle ha like høve til å gjera det som maksimerer fordelane til dei svakaste i samfunnet. Det viktigaste prinsippet er altså at alle skal vera likt knytte til elementære fridomar og rettar, inkludert politisk fridom, og at ingenting kan vera viktigare enn dette.

For nobelprisvinnaren Amartya Sen (2009) stemmer ikkje nødvendigvis Rawls sin teori om rettferd, då han ikkje tar omsyn til kva folk faktisk er i stand til å gjera og vera. For Sen (2009) er fridom òg ein nøkkel til ideen om rettferd, men fridom i form av at ein har evner og funksjonalitetar som gjer at ein kan leva ulike typar liv, altså fridom til å velja kva liv ein lever. Filosofen Martha Nussbaum (2003) går lengre enn Sen og set opp ei liste med sentrale menneskelege evner som må vera innfridde for å ha ei form for sosial rettferd. Med denne oppgåva som kontekst vil evnene leik og å ha kontroll over sitt eige miljø vera dei mest relevante. Leik, i denne samanhengen, handlar om det å vera i stand til å le, leika og nyta rekreasjonelle aktivitetar. Med å ha kontroll over sitt eige miljø er det meint å vera i stand til å delta effektivt i politiske val som handlar nokon sitt eige liv. Ein skal vera i stand til å halda eigedom og ha eigedomsrett på same måte som andre. Det inneber også å ha retten til å søka arbeid på same grunnlag som andre, ha fridom frå grunnlause søk og overvaking, og sist men ikkje minst inneber det eit forsvar av yringsfridomen (Nussbaum, 2003).

4.2.3 Distributiv rettferd og prosedural rettferd

Distributiv rettferd femner kor vidt ei allokering er rettvist gitt eventuelle utfall av eit tiltak eller ein planleggingsprosess. Det dreier seg altså om kva dei involverte partane oppfattar som rettvist, noko som fylgjeleg er avhengig av fleire faktorar. Kva som vert oppfatta som rettvist kan mellom

anna stamma frå kvar ein tar utgangspunkt. Dersom ein tar utgangspunkt i ein takne om likskap, vil ei lik deling av utfall verta oppfatta som rettvis, medan om utgangspunktet er kva ein 'treng', vil ikkje dette nødvendigvis vera rettvis då somme kanskje har eit større eller mindre behov for akkurat det og det. I tillegg er det slik at dersom nokre allereie har høve, eller mykje av noko, vil heller ikkje ei slik lik deling nødvendigvis stå fram som rettvis (statsviterane Törnblom & Vermunt, 2007). Dette kan sjåast i samband med Nussbaum (2003) si tilnærming til konseptet med evner. Ein er fyrst og fremst nøydd til å sikra at dei det gjeld evner å utnytta det ein freistar å distribuera, før ein i det heile distribuerer retten til dette.

Det å dela noko likt er sjølv sagt det enklaste å gjennomføra, sjølv om det nokre gonger ikkje er instinktivt deleleg på talet på mottakarar. Å dela etter 'trong' vil vera ei vanskelegare oppgåve, då ein fyrst er nøydd til å finna ut kva mottakarane eller interessentane faktisk treng før ein kan gjennomføra allokeringa av det det måtte vera. Likevel hevdar Törnblom og Vermunt (2007) at det ein treng ofte syner seg å vera ein-dimensjonalt framføre ein kombinasjon av fleire ulike 'trongar', og at ein dermed kan sjå forholdsvis enkelt kven som treng meir eller mindre enn andre.

Den kanskje vanskelegaste måten å fordela gode og byrder på er ut i frå det engelske omgrepet 'equity' (som det ikkje finst noko reell omsetting for til norsk), altså å dela på ein open, real og rettvis måte. Her må ein ta omsyn til input (bidrag, status og alder), samstundes som ein samanliknar eigne input og andre sine (Törnblom & Vermunt, 2007a).

Prosedural rettferd, som er eit viktig moment ved den kommunikative planlegginga, har kortare fartstid enn omgrepet med distributiv rettferd. John Rawls (1999) var blant dei fyrste til å ta i bruk dette synet på rettferd i 1971, der han knytte saman prosedyrar med korleis utfallet vert. Å ta del i prosessen, og å ha ei stemme når ei avgjerd skal verta gjort, fører ofte til at utfallet vert sett på som meir rettvis så lenge deltakarane føler at myndigheitene eller avgjerdstakarane lyttar og tar omsyn til det som vert sagt (Törnblom & Vermunt, 2007a).

For planleggarane Emami et al. (2015) er det fem sentrale prinsipp som er viktige for å nærma seg prosedural rettferd. Desse går på at det ikkje er ingen er partiske i prosessen, at ein skal ha tilgang til informasjon, ein inkluderande og legitim representasjon, aktiv deltaking og ein må finna løysingar på konfliktar på. Å vera heilt fri for partiskheit er fylgjeleg ei umogleg oppgåve, men ein kan minimere dette ved at ein har konsistens i prosessen, saman med korrekt informasjon

og at prosessen også er lett å gjennomføra (Emami et al., 2015). Med bakgrunn i dette, korleis kan ein slik prøve å ta høgd for ein meir rettvis måte å inkludera “alle” i planleggingsprosessane?

4.3 Planlegging og planleggingsteori

Eg vil her i grove trekk leggja fram i korleis teori og forståing av samfunnsplanlegging har utvikla seg sidan pionerane Ebenezer Howard, Daniel Burnham med fleire formulerte sine ideal kring planlegging, før eg går nærare inn på praksisane i byplanlegging etter andre verdskrigen. Dette vil syna korleis den «objektive» tilnærminga til rom har vorte utfordra av ei meir relasjonell tilnærming når det kjem til teoriar kring planlegging. Dette fører meg vidare til den såkalla kommunikative planlegginga og andre «former» for deltakande planleggingspraksisar. Dette vil danna eit utgangspunkt for å analysera og drøfta den «bergenske planleggingspraksisen» vidare.

Ein ser gjerne at ein innan planprosessar støyter på utfordringar ved at ein både skal få gjennomført tiltak og vera rasjonelle, samstundes som ein har krav om deltaking og demokrati. Dette gjer at ein ofte strevar mot eit slags kompromiss mellom desse krava. Døme på slike utfordringar kan vera å finna ein balanse mellom dei representativt folkevalde sine avgjerder og direkte deltaking i befolkninga. Gjennom historia har ein sett at det gjerne er nettopp dette planleggingsteoretikarar freistar å finne løysingar på.

Dei seinare åra har byutviklinga gjerne funne stad innanfor rammene for målet om ein berekraftig by, som Brundtlandkommisjonen (VMU, 1987) nærast definerte til at ein skal ta like stort omsyn til sosiale utfordringar, økonomisk utvikling og miljøaspekt. Dette vil til dømes kunna vera at ein skal redusera bidraget til klimaendring, og å samstundes tilpassa byane til uunngåelege klimaendringar – noko ein kan gjera ved å til dømes grensa av energiforbruket eller gjennom å redusere ureining. Samstundes må ein også syta for eit trygt og sunt miljø for innbyggjarane – med særleg merksemd retta mot dei mest sårbare gruppene av samfunnet (forskaren Næss, 2017. s. 147).

4.3.1 Utviklinga av planlegging

Den tradisjonelle saga om oppstoda og utviklinga til den moderne planlegginga går ut på at denne oppsto mot slutten av 1800-talet og byrjinga av 1900-talet, med pionerar som Ebenezer Howard (The Garden City), Daniel Burnham (City Beautiful) og rørslene dei var ein del av – til tross for at ingen av desse kalla seg sjølve for planleggarar. Vidare vart planlegginga institusjonalisert og

profesjonalisert i mellomkrigstida, der det samstundes vart laga regionale og nasjonale planar – som til dømes femårsplanane i Sovjetunionen. Etterkrigstida var prega av standardisering, kriser og diversifisering av planlegging, før ein dei siste 40 åra har omdefinert planlegging opp mot privat sektor, der planleggaren gjerne fungerer som ein slags strateg og mellommann i samarbeid mellom offentlegheita og private aktørar (Fainstein & DeFilippis, 2016)

4.3.2 Kva er planlegging?

Det fins mange og delvis motstridande tolkingar av kva planlegging er og kva det inneber i praksis. Samfunnsvitaren Friedman (1987) definerer henne mellom anna som lenkja mellom kunnskap og handling, noko som gjer at for å kunna forstå korleis planlegginga vert praktisert, må ein også sjå på korleis ein har produsert den grunnleggjande kunnskapen før avgjerdene vert tekne. Eit sentralt spørsmål vert då korleis ein kan forbetra avgjerdsgrunnlaget for å få eit vellukka resultat.

For forskaren Nigel Taylor (1998) er planlegging snarare ei sosial handling for å forma det fysiske rommet. Dette arbeidet vert gjort på bakgrunn av moralske, estetiske og politiske verdiar. Han meiner at ettersom byar er skapt og forma av menneske kan ein alltid endra og gjera byane betre. Likevel understrekar Taylor (1998) at det er, og burde vera, ulike typar teoriar om planlegging, ettersom dei vil svara på ulike typar spørsmål. Ettersom planlegging er ein praktisk disiplin er det ein del planleggarar som ikkje tar omsyn til teori. Dette er likevel ikkje eigentleg eit argument mot teori, snarare eit argument mot irrelevant teori. Ein kan difor forkasta førestillinga om at ein kan sjå vekk frå teori når ein praktiserer planlegging. Snarare vert det med eit slikt utgangspunkt endå viktigare å utvikla «god praktisk teori» til å opplysa og informera planlegginga (Taylor, 1998). Økonomen og geografen Fainstein & DeFilippis (2016) underbygger dette ved å leggja fram at dei fleste planleggarar ser vekk frå dette, og tenker heller negativt om planleggingsteorien dei lærde som studentar. Problemet med dette, for Fainstein & DeFilippis (2016), er at teori eksisterer for å informera og utbetra praksis.

Ein har, som nemnd innleiingsvis, dei siste omlag 60 åra sett ulike fasar innan byplanlegging og teorien kring denne. Etter andre verdskrigen var planlegginga prega av at ho var sett på som ein kunst, der ein tok omsyn til den fysiske utforminga av rom. Planlegginga vart fylgjeleg dominert av tekniske utøvarar som arkitektar og sivilingeniørar, der det nærast var opplese og vedtatt at det fysiske og estetiske var målet til planlegginga. Taylor (1998, s. 6) understrekar dette ved å

parafrasera Lewis Keeble (1952): «Byplanlegging vart sett på som noko som var utanfor både politikk, økonomi og sosiale kår, sjølv om det i stor grad *kunne* hjelpe for å nå måla til desse andre formene for planlegging»³. Denne forma for byplanlegging utover 50- og 60-talet møtte stor motstand, mellom anna i aktivisten og journalisten Jane Jacobs si bok «The Life and Death of Great American Cities» (1961), der ho tar til orde for ei meir organisk tilnærming til byen, der lokalsamfunn og nabolag måtte få meir å seia. Jane Jacobs hevda at planleggarar hadde ein tendens til å pressa på samfunnet idear og utopiar, framføre å faktisk forstå dei komplekse prosessane ein by reelt sett består av. Dette førte sjølvstendig ikkje til gode byrom for menneske (Jacobs, 1961)

Med bakgrunn i denne kritikken kom det til ei ny forståing for korleis planlegging burde gå føre seg, der ein forstod byar og regionar som komplekse system. Denne forståinga innebar også ei omformulering av kva planlegging er – nemleg systemkontroll. For å i det heile kunna utøva ein slags intelligent kontroll over eit system treng ein ei ibuande forståing av det ein freistar å kontrollera, slik at byplanlegging vert ei form for systemanalyse- og kontroll. Dette førte med seg ein optimisme om at dersom ein gjekk vitenskapleg til verks, gjerne i form av ei kvantitativ tilnærming, ville ein kunna gjera utviklinga optimal og maksimera velferden til mennesket (Taylor, 1998). Ein støyter også her på problem, til dømes i form av at det som ikkje kan kvantifiserast vert sett bort frå og marginalisert.

4.2.3 Rettfærd i planlegging

Mot slutten av 60-talet vart motstanden mot ulike planleggingstiltak sterkare, og det vart klart for fleire og fleire at det representative demokratiet ikkje alltid var kjenslevart nok overfor meiningane og ynskja til folk. Med bakgrunn i dette oppsto ideen om at folk meir aktivt skulle delta i planlegginga. Ein sette i gang med folkemøte og oppretta nabolagsgrupper som skulle nå ut til dei gruppene i samfunnet som ofte ikkje vart aktivt involverte. Likevel heldt ein i det store og heile fram med å tenka at det var dei lokale styresmaktene, med «profesjonelle» planleggarar, som skulle sitja med ansvaret, og dermed makta, til å kunna utvikla og ta avgjerder. Ein hadde ei form for konsultasjon snarare enn faktisk deltaking når ein skulle fatta avgjerder.

I 1969 publiserte tenkjaren Sherry Arnstein den etterkvart så kjende artikkelen «A Ladder of Citizen Participation», der ho freista å kasta ljøs over kven som faktisk hadde makt når avgjerder

³ Mi omsetting

vart tatte. Her forenkla ho biletet ved å setta opp ein stige for å illustrera korleis, og i kva grad, «vanlege borgarar» er involverte i avgjerder. På denne stigen er det er to trinn med «ikkje-deltaking» som eigentleg er ei form for å læra opp deltakarane og dermed eit forsøk på oppretthalda makthavarane sitt hegemoni. Dei tre neste trinna på stigen kallar ho tokenisme, der innbyggjarar får lytta og kan ha ei stemme, men likevel manglar makta til å sikra at deira synspunkt vert tatte omsyn til. I desse formene for «deltaking» er det ingen forsikring om å kunna endra status quo.

Dei øvste trinna innehelg derimot ulike former for innbyggjarmakt, der ein har reell innverknad på kva og korleis avgjerder vert tatte. Med bakgrunn i dette, endra fokuset i planlegginga seg frå «ovanfrå og ned», gjerne med bakgrunn i statistikk, til å verta meir prosessorienterte. Arnstein (1969) legg fram at ein har sett døme på dei nedste trinna i stigen, men sjeldan eller aldri særleg meir enn dette, då ein stort sett ikkje har hatt ei omfordeling av makt. Dette vert illustrert med ein plakat frå 68-opprøret som seier «eg deltek, du deltek, han deltek, me deltek, de deltek, dei tener»⁴.



Figur 1. Fransk studentplakat (Arnstein, 1969)

Utover 80 og 90-talet kom det til fleire teoriar kring deltaking i planlegginga, der kanskje Patsy Healey og den kommunikative planlegginga har fått størst gjennomslagskraft. Den «deltakande planlegginga» vil eg gå nærare inn på i kapittelet under.

⁴ Mi omsetting

4.2.4 Medverking i planlegging

Prinsippet om medverking i planlegging har i mange land vorte nedfelt i form at formelle deltakingsrettar, også i Noreg. Ettersom samfunnet vert stadig meir komplekst har dette vorte gjort for å sikra demokratisk legitimitet. Definisjonen på demokratisk legitimitet kan vera «tillit innbyggerane har til dei styrande politikara og som gjer at avgjerder vert sette på som rettkomne av befolkinga⁵» (forskarane Falleth & Hansen, 2017, s. 187). Her til lands er det lokaldemokratiet, i form av kommunane, som i all hovudsak har ansvaret for kommuneplanlegging, områderegulering og detaljregulering.

Den viktigaste og vanlegaste måten for medverking er gjennom indirekte deltaking, der innbyggerane vel representantar til folkevalde forsamlingar. Ein har i tillegg høve til å komma kravet om medverking i møte gjennom at innbyggerane deltek direkte i plan- eller avgjerdsprosessar. Omgrepet medverking har også fått plass i Plan- og bygningslova (2008), der dei har definert det som at enkeltpersonar og grupper vert gitt anledning til å delta aktivt i planprosessen, noko som inneber at ein deltar utover stemmegiving i det representative demokratiet. Døme på slik direkte deltaking kan vera gjennom høyringar, folkemøte og diverse levande laboratorium (Falleth & Hansen, 2017).

I fylgje Falleth og Hansen (2017) kan ein dela inn argumenta for kvifor ein skal ha medverking i to grupper: argument knytt til demokrati og argument knytt til effektivitet. Demokratiargumenta bygger på tanken om at alle menneske er likeverdige og har ein rett til å verta høyrde. Av dette får ein at medverking er viktig for å sikra at folkesetnaden tar del i planutforming og at alle interesser vert høyrde. Forskaren Tore Sager (1991) tar også til orde for at medverking kan styrka samfunnsengasjementet, bidra til sosial læring og politiske ferdigheiter.

Ser ein på medverking i ljøs av effektivitet, kan ein sjå at medverking frå lokalsamfunnet kan bidra til å redusera konflikt og dermed gjera planprosessen lettare og raskare, samstundes som ein kan sikra eit betre kunnskapsgrunnlag gjennom å ha opnare prosessar slik Healey (1992) foreslår.

Til tross for at argumenta for medverking stort sett vert akseptert, ser ein at det også kan skapa spenningar knytt til det representative demokratiet. Dei folkevalde har i prinsippet endeleg

⁵ Omsett frå bokmål

myndigheit til å fatta vedtak, men med direkte deltaking kan dei verta bundne opp til å ta avgjerder på eit anna grunnlag enn det dei vart valde for å fremja (Falleth & Hansen, 2017).

4.2.5 Kollaborativ planlegging

Den kollaborative planlegginga Patsy Healey står i spissen for, bygger på filosofen Jürgen Habermas (Habermas, referert i Healey, 2006) sine idear om kommunikativ rasjonalitet. For å forstå det moderne samfunnet er ein nøydd til å skifta fokus frå dei einskilde sine argument til å forma argument basert på fleire individ i samspel med kvarandre (Habermas, referert i Healey, 2006). Kommunikative prosessar som bygger på desse tankane har nokre grunnleggande krav for at det skal vera mogleg, som Healey (2006) tar utgangspunkt i.

For å leva saman, men ulikt, på same tid og stad, treng ein å finna semje om korleis ein kan adressera dei kollektive ottene våre (Healey, 2006). Ved å skapa ei forståing gjennom samhandling, i staden for å setta kunnskap opp mot logiske prinsipp og vitskap, vil ein kunna få ei kollektiv forståing som vil vera meir «riktig» og rettvis enn forståing bygd på einskildindivid, logikk og vitskap (Healey, 2006). Vidare har ein at planlegging skal vera interaktiv og fortolkande, med omsyn til både formelle analysar og design, samstundes som ein tar med diskusjon kring moralske dilemma og estetiske opplevingar i prosessen. Det vert likevel tatt omsyn til at ei fullstendig felles forståing ikkje er mogleg, ettersom det dreier seg om pre-eksisterande, overlappande samfunn, som gjerne har ulike kunnskap og verdiar. Ein burde altså freista å finna eit slags kompromiss mellom dei ulike forståingane (Healey, 2006).

I tillegg vert det lagt stor vekt på sosial læring, noko ein gjer gjennom kollaborasjon med meiningsmotstandarar. Felles sosial læring er grunnleggande for å kunna endra maktstrukturar, der ein lærer å respektera ulike former for argument og å inkludera alle typar resonnement i dei kollaborative prosessane. Det vert også lagt vekt på at semje kring problem, politiske strategiar og løysingar ikkje kan verta avdekka av dialog aleine, men at denne snarare aktivt må skapast av interessentar på tvers av sosiale relasjonar. Av dette får ein vidare at ein må leggja stor vekt på konteksten der dialogen finn stad, ettersom ein slik arena eller eit slikt forum kan verka både ekskluderande og inkluderande. Ein slik transformasjonsprosess er ein kamparena, der dei med makt etter forholda enkelt kan kontrollere tilgang, rutinar og form – som igjen vil visa seg i resultatet (Healey, 2006, s. 265).

I ettertid av formaliseringa av den kommunikative planleggingsteorien, har ein fått ei rekkje motargument mot akkurat denne. Mellom anna hevdar geografane Huxley & Yiftachel (2000) at ein med den kommunikative innfallsvinkelen nærast ser vekk frå materielle og politiske prosessar som allereie formar byane. I tillegg spelar maktforhold inn på kva ei slik tilnærming vil gi av resultat, der Fainstein (2000) hevdar at «ord si makt kjem ann på makta til den som ytrar⁶». Kritikken her bunnar gjerne ut i dei grunnleggande krava som er lista opp over.

For å koma denne kritikken i møte har Amdam i fylgje samfunnsforskarane Amdam og Veggeland (2011) freista å kombinera prinsipp frå strategisk planlegging med mobiliseringsstrategiar og kommunikative prinsipp, der det mest sentrale er å ha ein «strategi for mobilisering til deltaking og stor medverking i problemidentifisering og -løysing og ein strategi for organisering og gjennomføring av planlegginga som fremjar deltaking, medverking og kollaborasjon» (Amdam & Veggeland, 2011).

Ofte vil ein kommunikativ prosess vera tidkrevjande og deltakarane vil gjerne kunna verta desillusjonerte og leie, då ingenting verkar å skje. Og når planleggarane ikkje skal leggja føringar for kva som skal skje kan ein risikera at forslaga som kjem frå prosessane ikkje er gjennomførbare eller at det tar for lang tid å i det heile koma med forslag. Vidare hevdar Fainstein (2000) at når fokuset ligg på prosess framføre utfall, og mekling framføre maktskilnadar, kan ein mista dei kritiske analysane av planleggingsprosessar. Ein står òg i fare for at når ein komodifiserer skilnader, slik kommunikativ planlegging verkar å gjera, kan skilnad verta erstatta med homogenitet (geografane Drangslund & Haarstad, 2009).

4.3 «Spelifisering» av planlegging

Samfunnsengasjement- og deltaking kan gjerne definerast som summen av politiske og sosiale praksisar, der individ er involverte og kan influera offentlege saker, utover dei private miljøa deira (Ampatzidou et al., 2018). Dette har, som vist over, vore ein sentral del av den urbane planlegginga dei seinare åra, og ein nyttar gjerne ulike metodar for å oppnå dette utover stemmegiving og folkemøter – til dømes prosjektet med «barnetråkk⁷» i Loddefjord eller diverse «levande laboratorie», som «bygdelabben» på Voss eller «BYLAB» i Bergen (Målsnes, 2018).

⁶ Mi omsetting

⁷ Jamfør definisjon i kapittel 3.1.2.

Med bakgrunn i dette har fleire tatt til orde for at det å involvera seg må vera lystbetont, og ikkje nok eit keisamt folkemøte, slik Lerner (2014) som nemnt skriv at eit rom fullt av lidenskaplege aktivistar i løpet av få timar kan bli transformert til eit rom med livlause andlet og tomme stolar. Dette har gjort at fleire og fleire ser på spel og spelifisering som ein mogleg metode for å få borgarar til å delta og verta engasjerte i byutvikling og planlegging (Ampatzidou et al., 2018). Gjennom å nytta spel freistar ein gjerne å skapa ein arena der maktforhold vert mindre avgjerande, der ingen skal ha kontroll over tilgang og rutinar kring debatten, slik Healey (2006) strekar under viktigheita av.

Det kan tenkast at spel kan auka samfunnsengasjementet, og om ikkje løysa, så i allefall gå i møte med underliggande problem som sosiale konflikthar, maktkampar, avtalar bak lukka dører, overrepresentasjon av dei som alltid er med, mangel på ekspertise og motivasjon, høgt fråfall og, sist men ikkje minst, vanskane med å inkludera grupper som er sosioøkonomisk vanskelegstilte (Ampatzidou et al., 2018).

Bruken av spel i urban planlegging har vorte brukt i det små sidan 1960-talet med spelet «Metropolis» utvikla av Richard Duke, med stadig nye utgåver og spel utover 70- og 80-talet. Desse har hovudsakleg vore ulike simuleringsspel utvikla av matematikarar og ingeniørar, med bruk av geografisk informasjonssystem og liknande, der utfallet av dei ulike simuleringane har vore mogleg å kvantifisere (pioneren innan urbane spel, Feldt, 1995). Målet med desse var stort sett å komme over utfordringar knytt til bruk av land, transport eller forvaltning av naturressursar – ikkje nødvendigvis å involvera sivilsamfunnet. Den seinare tida har potensialet spel har når det kjem til læring, forhandling og samarbeid fått større merksemd blant planleggarar (Ampatzidou et al., 2018; Devisch et al., 2016; Gordon og Baldwin, 2014). Etter 2010 har det kome fleire spel som handlar om urban problematikk, og som samstundes bidreg til både digital og analog sosial kontakt mellom spelarane – slik som mellom anna «HOPE»-prosjektet ved Vestlandsforskning, Umeå University, UniversitätsKlinikum Heidelberg, TEC og CIRED (HOPE, 2016). Ampatzidou et al. (2018) legg fram at grunnen til at interessa har auka, stammar frå at spel har ein balanse mellom underhaldning og læring, der læring har vorte assosiert med deltaking og samfunnsengasjement.

4.3.1 Analoge versus digitale

Ein har sett både analoge og digitale løysingar når det kjem til bruk av spel i byplanlegging, der begge har fordelar og ulemper. Dei digitale løysingane har i stor grad nytta kart eller simuleringsspel der ein enkeltvis har testa ut diverse scenario eller plotta inn punkt i karta. I England har det òg vorte nytta VR for å setta seg inn i råka grupper sine opplevingar av eventuelle nye anlegg eller infrastruktur (Naylor, 2017). Fordelen med dei digitale løysingane går gjerne på effektivitet. Spel der ein nyttar kart kan vera døme på det. Med denne typen spel får ein etter forholda enkelt kvantifiserbare resultat der ein ser kva flest folk vil ha eller ikkje ha på ein stad. Gjennom simuleringsspela freistar ein å laga realistiske scenario som ein får sjå om faktisk fungerer eller ikkje, og kva potensielle uforutsette resultat dette kan gi. Slike spel tar ikkje nødvendigvis omsyn til kva folka i området faktisk har lyst på eller bruk for, då ein berre testar ut kva fylgjer eit gitt tiltak fører med seg. Ei slik digital løysing får heller ikkje nødvendigvis til samhandling mellom deltakarane, ettersom ein ikkje treng å møtast fysisk. Ved diskusjonar i sosiale media og kommentarfelt har det, som nemnt, vore ein tendens til å anten verta særst ufint og lite gjennomtenkt, eller at det vert såkalla ‘ekkokammer’ der det berre er folk med same meiningar som ytrar seg (jf. kapittel 3.2). Eit tredje problem ein kan støyta på ved å nytta digitale løysingar er at ikkje alle har høve til å delta på denne måten. Det kan vera avdi den digital kompetansen ikkje strekk til, eller at ein ikkje har tilgang på datamaskin eller smarttelefon på grunn av økonomiske forhold. Forskarane Longley & Singleton (2009) føreslår ein samheng mellom det dei vel å kalla ‘digitalt uengasjert’ og manglande materielle moglegheiter. Samstundes veit ein også at nokre anten manglar motivasjon og/eller sjølvtilit til å delta på ein slik måte. Det er ofte slik at digitale ulikskapar er knytt opp til andre sosiale ulikskapar, slik som mellom anna samfunnsengasjement, politisk deltaking og utdanning (forskarane Bleumers et al., 2012).

Føremonene ved å nytta analoge løysingar vert på mange måtar det motsette av dei digitale. Gjennom å gjera tiltak analoge får ein fylgjeleg eit fysisk møte, der diskusjon og samhandling nærast vert tvunge fram, iallefall ein av delene om gongen. Ein får også sjå korleis dei involverte opptre overfor andre, slik ein har sett gjennom til dømes ‘Hele norge snakker’ (jf. kapittel 3.2), der argumentasjonen gjerne vert meir reflektert og ein har lettare for å lytta til meiningsmotstandarane sine. Det å spela brettspel er noko så og seia ein kvar kan få til, iallefall så lenge ein har eit felles språk i ei eller annan form. Ein minskar med andre ord faren for å ekskludera på bakgrunn av materiell og kunnskap, men ein kan likevel fylgjeleg støyta på problem knytt til motivasjon eller sjølvtilit på same måte som med digitale løysingar. Ein

potensiell terskel for å dra nytte av ein slik metode er at det er tidkrevjande, både å arrangera, men òg etterarbeidet – ettersom ein ikkje allereie har eit lagra, digitalt resultat.

4.3.2 Døme på spel i byplanlegging

Som nemnd tidlegare har interessa for å nytta spel i byplanleggingsprosessar auka, noko som har resultert i ei rekke forsøk med å nytte spel – dette til tross for at interessa kanskje er større enn gjennomføringsviljen (Ampatzidou et al., 2018). Rundt om i Europa har ein likefullt sett døme på både analoge og digitale spel. Mellom anna i Wien er det nytta både brettspel, rollespel og spel i gatene med ulike mål knytt til områdefornyng. I Groningen har dei gått for digitale spel der eit GIS-basert spel har vorte nytta for å finna kva tenestetilbod som trengst i ulike område av byen (Ampatzidou et al., 2018). Då det Finsk-bergenske arkitektkontoret Kaleidoscope skulle gjera ei moglegheitsstudie for eit torg i Jyväskylä, valde dei å utvikla eit brettspel der befolkninga fekk delta i å forma og testa ut ulike tiltak dei kunne tenka seg på dette torget, som til dømes å fjerne biltrafikken (feltsamtale, arkitekt, juni 2019).

4.3.3 Kritikk av «alvorlege spel»

Det finst fylgjeleg kritikk av denne måten å tenke på også. Ein av dei mest spreidde kritikane går på at spela presenterer er ei overforenkling av røynda, og at tema kan verta tatte opp på ein partisk måte der deltakarane vert farga av speldesignaren sitt ideologiske standpunkt. Ei utfordring vert i så måte å laga eit upartisk spel (Forskarane Sanford, Starr, Merkel, & Kurki, 2015). Ved at realiteten vert forenkla for mykje vil ein kunna få problem knytt til om innsikta frå spelet eigentleg går ann å overføre til den verkelege verda. Utfordringa knytt til overføringsverdi fører også med seg at ein må stola på at spelarane deltek på ein realistisk måte. Dette er ikkje alltid gitt, ettersom mange vel å spela spel som ein annan og at vala som vert tatt utelukkande er for eiga vinning og ikkje for å få resultat frå den samla spelninga. Eit tredje problem kan vera knytt til at tema som vert tatte opp i spela er utdaterte i det ein faktisk spelar spelet, noko som gjer at alvorlege spel må vera i konstant endring for å ikkje verke mot si hensikt.

Ein har ofte sett at bruken av spel tar utgangspunkt i at det er ein allereie eksisterande motivasjon for å vera med på spelet, og at ein fylgjeleg er avhengig av positive haldningar blant forfordelte grupper. Dette fører igjen med seg at eit forsøk på å bruka spel ikkje treng å nå måla om auka deltaking (Bleumers et al., 2012).

I fylgje Ampatzidou et al. (2018) har det òg vore ein tanke om at spel fungerer godt når ein skal snakka med ungar, tenåringar eller unge vaksne, men at vaksne og eldre vil sjå på dette som barnsleg og ikkje vera villige til å delta. Dette er truleg ei sanning med modifikasjonar, ettersom fleire og fleire vaksne har vakse opp med å spela ulike typar spel, både analoge og digitale, slik at ideen om å delta i spel knytt til reelle problemstillingar truleg vil vera mindre problematiske i dag enn for berre 10 år sidan.

5. Forskingsdesign og metode

I dette kapitlet vil eg fyrst gjera greie for føremålet med prosjektet, før eg vil gå nærare inn på forskingsdesignet. Etter dette vil eg skildr korleis informantar har vorte valde og korleis dei valde metodane har vorte utført i felt. Eg vil også syna kva for sekundærkjelder som har vorte nytta og på kva måte. Før eg tek for meg korleis analysen har gått føre seg, vil eg diskutera metoden for korleis brettspilet som har vorte nytta, har oppstått og blitt laga.

Vidare vil eg presentere korleis analysen av det samproduserte datamaterialet har gått føre seg. Mot slutten av kapitlet vil eg drøfta avgrensingar og utfordringar knytt til det gjennomførte forskingsprosjektet, samt relevante etiske omsyn med tanke på informantar sin anonymitet og konfidensialitet.

5.1 Forskingsføremål

Dette prosjektet ynskjer å retta linsa mot korleis ein kan få meir innbyggjar-medverking når offentlege myndigheiter planlegg utviklinga av byen. Etersom medverking er eit uttalt mål og krav i planprosessar, er det interessant å sjå på korleis dette faktisk vert fylgd opp. For å undersøkje dette er hovudfokuset retta mot korleis ein kan få ulike råka grupper sine stemmer opp, fram og inn i dagens planleggingsprosessar, då mest retta mot dei som ikkje allereie har særleg påverknadskraft. På denne måten kan ein få innsyn i kva grad borgarar har makt til faktisk å farga resultatane av dette, og kva som eventuelt trengst for å få slike interessantar med på å ta avgjerder knytt til byutvikling. Spørsmål kring deltaking gjeld meir enn berre Bergen – då ein i dei fleste demokrati har mål om meir medverknad på forming og utviklinga av byen, og ein får såleis kasta ljøs over kva for interesser som vert tatt høgde for og kven som faktisk påverkar utviklinga av stadane.

I utgangspunktet var oppgåva meint å omhandla mobilitet og ei mogleg forfordelende avvikling av ulike typar persontransport i byen, men etter nokre samtalar med vitskapleg tilsette, eit par informantar og diverse debattar i aviser, har fokuset gradvis vorte flytta mot medverknad i offentlig planlegging. Gjennom «Morgenbladet», NRK, Dagens Næringsliv og Fagbladet sitt prosjekt «Hele Norge Snakker», samstundes som det mykje omtala «bompenge-opprøret» har pågått, har trua på at dei aller fleste faktisk har meiningar og innspel å koma med vorte ytterlegare styrka.

For at ei slik medverking skal skje, må den einskilde sin økonomiske fridom vera truga som fylgje av planlegginga, eller at sjølve planleggingsprosessen er skøy, slik Lerner (2014) tar til orde for når han skildrar ‘nok’ eit folkemøte: «alle elsker demokrati – bortsett frå det meste av tida, då dei hatar det». Dette sitatet, saman med samtalar med vitskapleg tilsette og bingogåarar dannar bakgrunnen for at brettspølet som er nytta som ein av metodane, er vorte utvikla. Tanken er at dette, i alle fall for nokre personar, kan verte oppfatta som ein kjekkare måte å delta på, enn ‘nok eit folkemøte’.

5.2 Forskingsdesign

Eit forskingsdesign omhandlar, i ytste konsekvens, korleis forholdet mellom teori, metode og analyse er i eit forskingsprosjekt (Clifford, French, & Valentine, 2010). Dette vert igjen forma av mange ulike faktorar, der nokre er valde av forfattaren (metode eller teoretisk tilnærming), medan utanforståande faktorar, slik som tid eller budsjett, kan forma prosjektet på ein måte forfattaren i utgangspunktet ikkje går inn for. I all hovudsak har desse eksterne faktorane vore tid og pengar, men også det å vera avhengig av at det passar for fleire respondentar samstundes, har synt seg å vera ei avgrensing. Utover dette har prosjektet vorte forma av val gjort undervegs, noko eg vil gjera greie for vidare i kapitlet.

5.2.1 Case-studie

I dette prosjektet har ei case-studie-tilnærming vorte nytta for å undersøkje rolla til «folk flest» i planlegging og avgjerder kring utviklinga av Bergen. Case-studie er nytta då dette kjem som eit naturleg val når ein skal freista å forstå pågåande eller fenomen frå samtida, særskild når grensene mellom fenomen og kontekst ikkje er tydelege (Yin, 2018).

Til tross for at case-studiar er ein eigen overordna forskingsmetode, har mange sett på det som mindreverdige enn andre måtar å forske på. Kritikken har gjerne gått ut på at det ikkje er utført med tilstrekkeleg rigor, altså at ein ikkje har følgd systematiske prosedyrar, eller at tvetydige prov har påverka retninga av funn og konklusjonar.

Ein får også gjerne spørsmål om korleis ein har tenkt å generalisere på bakgrunn av eitt case, men her har ein svaret at det gjerne ikkje er poenget, men at ein snarare freistar å utvida, bygga opp under eller generalisera teoriar, snarare enn å gjennomføra ei statistisk generalisering (Yin, 2018).

Ettersom planleggingsprosesser skil seg frå kvarandre vil denne «generaliseringskritikken» vera gyldig, men dette er kun dersom ein ser på at det å kunna generalisera er målet med forskinga. I dette prosjektet er gjerne ikkje dette poenget, då ein heller kan få innsikt i kva grad medverking vert nytta i byplanlegginga og på kva måte – og eventuelt rom for forbetringar. Den samproduserte dataen i denne forskinga vil hovudsakleg gjelde for Bergen (utan at eg utelukkar at noko går an å overføra til andre case), og kan gje kunnskap kring teori utan at ein kan samanlikna direkte med andre case. Ved å nytte case-studie kan ein med andre ord finna forklaringar som kan hjelpa til med å finna kvifor eller korleis ting vert gjort, snarare enn å generalisera.

Case-studiet som ligg til grunnlag for denne forskinga byrja i oktober 2018 og varte ut juni 2019. I denne perioden gjennomførte eg fire brettspelrundar, som på mange måtar kan minn om fokusgrupper, med påfølgjande korte oppfølgingsintervju med sju av deltakarane, seks djuparegåande intervju og ei rekke uformelle feltsamtalar – i og med at eg har opphalde meg i Bergen gjennom store delar av prosessen. Ved å ha uformelle samtalar med personar som står utanfor sjølve avhandlinga, har forståinga av dei ulike tema også auka.

Når det kjem til avgrensing av caset, så har dette vorte sett til planleggingsprosesser i Bergen. Dette både ettersom det truleg ville teke mykje meir tid dersom ein skulle sett på kringliggjande kommunar, men òg med tanke på at eg allereie hadde ei viss grad av bakgrunnskunnskap og ikkje minst tilgang til stadar der ein kan møte nettopp dei gruppene som kanskje er vanskelege å nå når ein opererer med høyringsrundar eller folkemøte.

5.2.2 Kvalitative metodar og intensivt forskingsdesign

I dette prosjektet er det kvalitative metodar som har vorte nytta, ettersom dette er egna til å finna kva- og korleis ting skjer. Dette gjer at ein kan sjå djupare på fenomenen ein ser på. Det er altså ikkje utbreinga av det aktuelle temaet ein freistar å kasta ljós over, men snarare karakteristika og relasjonar til det ein observerer. Ut i frå fenomenet valt å studere vert det naturleg å arbeida innanfor eit såkalla intensivt forskingsdesign, då ein har hovudfokus på å skildra eitt eller eit lite antal case (Clifford et al., 2010). I eit slikt type prosjekt har ein gjerne større verdsetting av dei ulike laga som skil observasjonar frå ein underliggende realitet, noko som igjen fører til at ein gjerne ligg nærare ei form for realistisk metodologi, snarare enn positivistisk metodologi (Clifford et al., 2010).

Innanfor ei kvalitativ tilnærming er det mindre viktig kven informantane er, men snarare kva for posisjonar og karakteristikkar dei representerer. I og med at fokuset i denne forskinga har vore kring medverking i planleggingsprosessane knytt til Bergen, då særskild opp mot dei som ikkje allereie har særleg påverknad når det kjem til stykke, har dette med posisjonar og karakteristika vore særskild sentralt. Det er gjerne dette som til ei viss grad kan gjere at dette kan overførast til andre geografiske lokalitetar eller case. Når eg har freista å kasta ljøs over korleis ein kan få nettopp slike grupper til å delta meir når det kjem til byutvikling, kan ein sjå kva moglegheiter dette potensielt kan gje, gitt omlag like samfunnsforhold.

Medan data har vorte (sam)produsert har dette stadig vore under kategorisering og systematisering, noko som har gjeve djupare forståing for kva desse eigentleg har dreia seg om. Merkelappar som til dømes «tid», «effektivitet» og «kapital» har vorte nytta til å kategorisera materialet.

5.2.3 Utval

Dette prosjektet har omhandla korleis ein kan mobilisera dei som gjerne ikkje deltek i særleg grad når det gjeld på avgjerder kring byutvikling, og kva for fylgjer dette kan gje. Utvalet av informantar har difor kome forholdsvis naturleg, ut i frå målet med prosjektet, og kva som då er relevant for å svara på dette. Det har med andre ord vore naudsynt å identifisera grupper som ikkje nødvendigvis deltek i særleg grad i dagens planleggingsprosessar. Dette arbeidet er ikkje i seg sjølv det enklaste, men gjennom å oppsøkje miljø der visse karakteristikkar som vert forbundne med sosialt ekskluderte, viste det seg fort at dei fleste vala traff godt – då dei aller fleste svarte nei på om dei hadde delteke i planleggingsprosessar før.

I utgangspunktet var tanken bak prosjektet at det skulle omhandla mobilitet og ‘vanlege’ folk sin praksis når det kom til val av framkomstmiddel, kva fylgjer dette får for ruteplanlegging av kollektivtransport og i kva grad personen i gata kunne påverka dette. Det gjorde fylgjeleg at det opprinnelege fokuset vart lagd til kringliggjande område til sentrum av Bergen, gjerne område som er nære nok til at sykkel og gange er moglege alternativ. Dei «rike» bydelane valde eg forholdsvis fort vekk, ettersom dei fleste i desse områda med relativt lettheit kan velja ut i frå kva som er lettvinnt, snarare enn det som er tilgjengeleg eller mogleg reint økonomisk.

Etter å ha gjennomført ei rekkje uformelle samtalar i og kring miljø knytt opp til ein bingohall som eg har hatt deltidsstilling på, vart fokuset, som nemnt, flytta over til medverking meir generelt – då dei fleste eg prata med der, følte dei ikkje hadde moglegheit til å påverka korleis kollektivtilbodet, bompengespørsmålet og byen meir generelt utvikla seg.

Dette har ført til at eg har gjennomført ein brettspelrunde med påfølgjande oppfølgingsintervju i dette miljøet, då denne gruppa åpenbart, i fylgje seg sjølve i alle fall, kunne tilfredsstilla ynskje om å ha med personar som ikkje allereie deltek i særleg grad i utforminga av bypolitikken i Bergen. Dette sende meg vidare til å finne andre stadar der dette kunne vera tilfellet, noko som hadde vore ei sær s mykje vanskelegare oppgåve i ein by eller eit område der eg ikkje allereie hadde førehandskunnskap om møteplassar eller tiltak for nettopp slike grupper. Valet fall så vidare på fyrstegenerasjonsinnvandrarar ved ein vidaregåande skule i Bergen, med særskild fokus på integrering – der eg tilfeldigvis kjende ein lærar. På denne skulen møtte eg fem 18 og 19-åringar som hadde budd i Noreg i forholdsvis kort tid, høvesvis 1-3 år.

Den tredje runden med spel vart gjennomført i samspel med «Robin Hood-Huset⁸» i Bergen, der dei fire aktive deltakarane kom frå ulike delar av byen, og var i alderen 30-85 år. Samstundes som det her var fire som aktivt deltok, kom det stadig innspel frå folk som gjekk forbi eller var skodelystne.

Den siste spelrunden freista eg å gjere saman med ei form for ungdomshus i Loddefjord, men akkurat denne dagen dukka det kun opp to personar. Likefullt kom desse med synspunkta sine på dei ulike problemstillingane spelet la opp til, men i dette tilfellet vart eg som forskar tvungen til å delta for å i det heile gjera spelsituasjonen mogleg. Det vart også gjort eit forsøk på ein slik runde på Nygård skole, men det synt seg fort at språket vart eit for stort hinder å koma over til at dette let seg gjere. Ved å gjennomføra spelsesjonar på så vidt forskjellige stadar kan det sjå ut som om utvalet mitt fortel om ein større trend, der vanlege karakteristikkar på sosialt ekskluderte grupper ser ut til å stemm overeins med det å ikkje delta i planleggingsprosessar. Dette er ikkje for å seia at utvalet er representativt, men det kan likevel peika på ein trend.

I forkant av spelsesjonane nytta eg òg ein plakat for å lettare informere og rekruttere deltakarar til desse.

⁸ Robin Hood-huset er ein rusfri og livssynsnøytral møtestad for økonomisk vanskelegstilte og nettverksøkjande (<http://www.robinhoodhuset.no/om-oss/>)



Figur 2. Plakat. Pernille Kleppan Mørch, Håvard Havro Bjørnstad

I tillegg til dette har eg gjennomført seks intervju, med representantar frå Skyss, Bergen kommune, ein representant frå FNB og ein representant frå ei lokal velforening. Feltsamtalane har hovudsakleg vore på diverse kollektivtransportmiddel og i og kring det tidlegare nemnde bingomiljøet.

Det er ikkje slik at samtlege av dei eg har snakka med i arbeidet med dette prosjektet eksplisitt vil verta nemnde, men dei har like fullt vore med på å skapa forståing for korleis folk oppfattar medverkinga i byplanlegginga, og korleis ein eventuelt kan få til ei breiare deltaking i nettopp dette.

Informantoversikt

Informant	Skildring	Form
A1	Bingogåar, innvandrarbakgrunn	Brettspel, oppfølgingsintervju og feltsamtale
A2	Bingogåar, innvandrarbakgrunn	Brettspel og feltsamtalar
A3	Bingogåar, innvandrarbakgrunn	Brettspel og feltsamtalar
B1	Skuleungdom, innvandrarbakgrunn	Brettspel og oppfølgingsintervju
B2	Skuleungdom, innvandrarbakgrunn	Brettspel og oppfølgingsintervju
B3	Skuleungdom, innvandrarbakgrunn	Brettspel
B4	Skuleungdom, innvandrarbakgrunn	Brettspel
B5	Skuleungdom, innvandrarbakgrunn	Brettspel
C1	Robin Hood-huset	Brettspel og oppfølgingsintervju
C2	Robin Hood-huset	Brettspel
C3	Robin Hood-huset	Brettspel
C4	Robin Hood-huset	Brettspel
D1	Ungdomshus i Loddefjord, brukar	Brettspel
D2	Ungdomshus i Loddefjord, tilsett	Brettspel
Bergen Kommune 1	Syssel- og mobilitetskontoret	Intervju
Bergen Kommune 2	Områdesatsing	Intervju
Bergen Kommune 3	Plan- og bygningsetaten	Intervju
Skyss	Ruteplanleggar i Skyss	Intervju
FNB	Representant for FNB	Intervju
E1	Velforeningsleiar	Intervju og feltsamtale

Figur 3. Informantoversikt

5.3 Data(sam)produksjon

I utgangspunktet var dette prosjektet, som nemnt, tenkt å omhandla mobilitet, moglegheit for påverknad på planlegginga av transportavviklinga og å finna ut korleis eit skifte frå privatbilisme til meir kollektive løysingar for transport kunne førekoma.

I samtale med rettleiarar og ein annan vitskapleg tilsett om korleis eg kunne mobilisera folka rundt bingomiljøet der eg har hatt ei deltidsstilling, vart ideen om å laga eit brettspel fødd. Dette på grunn av at eg har trudd (og framleis vil våge å påstå), at for at folk som ikkje allereie deltar i særleg grad skal delta i utforminga av byplanlegging, må det å delta på ein eller annan måte vera lystbetont – eller at det føreligg planar som går direkte utover eins eigen privatøkonomi. I så måte tenkte me at personar som allereie spelar synest sannsynlegvis at det er skøy, så kvifor ikkje gjera delar av byplanlegginga på denne måten?

Etter at ideen kom til, har eg funne prov på at dette er freista gjort andre stadar òg, men oftast som digitale verkty – som i seg sjølv kan verka ekskluderande for nokre.

I tillegg til denne brettspelmetoden har eg også nytta intervju med offentleg tilsette, ein representant frå FNB og ein frå ei lokal velforening.

I etterkant av brettspelrundane vart det og gjennomført oppfølgingsintervju med somme deltakarar. Eg vil her fyrst greie ut om korleis brettspelet har vorte utvikla og korleis det fungerer, før eg vidare skal syna korleis intervjuar har vorte gjort.


5.3.1 Brettspel-metoden

Etter ideen om brettspel kom til, sette eg i gang med å finna ut korleis, og i kva grad dette allereie vert nytta, med tanke på byplanlegging og deltaking. Det viste seg at det å nytta spel kring dette emnet, har tradisjonar tilbake til 60-talet, sjølv om utbreiinga og mangfaldet var litt avgrensa. Der somme nyttar digitale spel, andre nyttar rollespel, medan brettspel verka å ha eit mindre omfang – sjølv om det også førekjem. Dei digitale spela handla ikkje nødvendigvis om å auka samfunnsengasjementet eller å få med folk, men snarare om å sjå, omlag reelt, kva fylgjer ulike tiltak førte til.

Dei seinare åra, som fylgje av auka digitalisering av samfunnet generelt, har også dei digitale løysingane i større grad vore mynta på dette. Rollespelvariantane på si side var meir mynta på dette med deltaking og samfunnsengasjement, noko også brettspela har freista å få til (Ampatzidou et al., 2018).

Grunnen til at eg har nytta eit analogt spel, spring ut både av at terskelen for å delta vert lågare i form av kompetanse og materiell, og at det tvingar fram samhandling med andre deltakarar. Dersom eg hadde hatt kompetanse, tid og kapital, ville eg i tillegg ha laga ei digital løysing. Dette både for å sjå skilnadane mellom materialet eg hadde fått ut av det, og for å famna endå breiare i kven som kunne ha delteke. Studien min er kanskje ikkje eit stor, men det kan i det minste ta eit lite steg i retning av å potensielt inkludera fleire til å nytta sin “rett til byen”.

For å utvikla brettspolet var den fyrste tanken at det måtte vera berbart og lett å ta med og setja opp. Ettersom det også var viktig at det skulle vera enkelt for nye deltakarar å forstå og ta del i spelet, fann eg det føremålstenleg å nytta grunnprinsippa frå Monopol, då dette er lettfatteleg og forholdsvis intuitivt. Det at ‘pengar’ er involvert, var meint å gjera hendingane i spelet lettare å overføra til den verkelege verda. Målet i spelet vert då, som i Monopol, å ikkje gå tom for pengar.



Figur 4. Brettspel. Håvard Havro Bjørnstad, Tarje I. Wanvik, Per Erik Larsen

Saman med postdoktor-tilsette Tarje Wanvik, ved UiB utvikla me spelet vidare ved å ta opp diverse problemstillingar knytt til avviklinga av mobilitet og klimaomstillingsspørsmål og valde å plassera nokre av desse på brettet. Hendingane som ein landar på ville òg påverke samtlege spelarar, slik at dersom ein spelar til dømes landa på «bybanen feires» ville alle deltakarane få gratis kollektiv transport ein runde. Det at dei ulike problemstillingane råkar alle, tvingar nærast fram ein samtale eller diskusjon rundt korleis ein skal stille seg til det aktuelle problemet.

På spørsmål- og prosentteikna skulle ein anten ta stilling til, eller redusera utsleppa sine. Desse ulike spørsmåla og utsleppsreducerande tiltaka vart laga som fylgje av samtalar med folk i ulike samanhengar, alt frå bingogårarar til vitskapleg tilsette, der eg òg oppmoda desse til å koma med forslag til problemstillingar spelet kunne ta opp. Nokre av spørsmåla og problemstillingane som vart teke opp i spelet, kom som fylgje av slike forslag.

Etter å ha kome fram til ei tentativ utgåve av spelet, testa eg det fyrst ut saman med rettleiar, der det kom fram at nokre problemstillingar ikkje var relevante eller mogleg å ta stilling til – slik at desse vart kutta og nye vart lagt til. Deretter testa eg spelet ut med medstudentar, då det fort synte seg at det vart ganske keisamt dersom alle var einige (noko me i all hovudsak var). Dette førte til at to av oss gjekk inn i andre rollar for å sjå korleis diskusjonen ville gå på denne måten, noko som førte til høglydt diskusjon og tidvis høg temperatur. Også i denne runden kom det fram ting som fungerte godt, og kva som ikkje fungerte like godt. Ved å gjennomføre desse prototypetestane fekk eg både styrka innhaldet i spelet og sett at det kunne vera ein lystbetont måte å delta og å lære på.

Brettspelsesjonane har på sett og vis fungert som fokusgrupper. Det har vore ein måte å bringa fleire deltakarar saman for å diskutera tema som er av interesse for deltakarane, men introdusert av meg som moderator på same måte som med vanlege fokusgrupper. I fylgje Longhurst (2010) består fokusgrupper typisk av 6-12 personar og varer ein time eller to. Eg har funne det føremålstenleg å ha færre i gruppene for å betra dynamikken i spelet, då stort fleire enn fem spelarar om gongen fort hadde gjort det mykje meir tidkrevjande og rotete. Ved å nytte denne forma for fokusgruppe har det vorte tydelegare for meg kva som faktisk betyr noko for informantane, og kva dei ikkje er like interessert i å snakka om. Ein styrke med dette som innfallsvinkel er mellom anna at ein kan få eit skifte i maktbalansen, frå forskar til deltakarane. Det har og potensiale til å gje større openheit knytt til kunnskapsproduksjonen (DeLyser, 2010). I

tillegg til dette får ein fram innanfor kva tema og underspørsmål det er semje , kva ein er usamde om. Ein får også sjå forhandling mellom informantane og ulike typar kritikk, både mot meg som forskar og mot med-informantar. Longhurst (2010) legg òg fram at det ofte er ei føremon å ha ei relativt homogen gruppe deltakarar slik at det kjennest meir komfortabelt å snakka fritt kring tema som vert teke opp. Dette er noko eg har tatt omsyn til ved at deltakarane har vore knytt til same skule, fritidssyssele eller miljø. Likevel har ein at, sjølv om situasjonen verkar å vera meir naturleg, kan ein ikkje vite kor vidt dei same argumenta og meiningane ville vorte ytra i den verkelege verda, ettersom det i utgangspunktet er ein konstruert situasjon.

Dei fire brettspelsesjonane vart gjennomførte på fire ulike stadar; ein på eit møterom på ein lokal vidaregåande skule, ein i kaféen til stiftelsen Robin Hood-huset, ein heime hjå ein informant og den siste på eit ungdomshus i Loddefjord. Det at stadane var velkjende for informantane gjorde truleg at diskusjonane flaut betre, og ein kan ha følt det meir reelt enn viss det hadde gått føre seg på til dømes universitetet.

Ettersom det å gjennomføra fokusgruppe på denne måten var nytt for meg, kan mangelen min på erfaring og sjølvtru vore ei kjelde til problem – men ettersom spelet styrte dialogen meir enn meg sjølv, der eg berre tidvis trong å bryta inn med omgrepsforklaring og saksopplysingar, har dette vore mindre problematisk.

Problem som kan oppstå på bakgrunn av dette kan vera at deltakarane kan verta påverka av det dei tenkjer at eg som forskar vil at dei skal seia og meina. Dette kan sjølvstundt vera eit problem knytt til brettspellet i seg sjølv òg. For å omgå problemet, har problemstillingane som vert tekne opp, blitt belyst frå fleire sider, eller vore opne for fleire tolkingar.

I ei av fokusgruppene vart det fort tydeleg at den sosiale dynamikken informantane i mellom var tydeleg styrt av den eine, der han stod fram som ein slags leiar og dei andre lytta tydeleg til han og unngjekk moglegvis å koma med innsigelsane.

Likevel, ved å gjennomføra meir uformelle samtalar, både i forkant og ettertid, og eit oppfølgingsintervju med ein av dei andre, verkar det faktisk å ha vore semje rundt mange av dei ulike problemstillingane.

Målet med spelet har vore både å finna eit verkty som kunne gjera det interessant for fleire å delta i planleggingsprosessar, samstundes som ein kunne oppnå ei form for læring, slik Healey (1992) tek til orde for i hennar idear kring kommunikatív planlegging med sosial læring (jf. 4.2.5). Eit delmål var altså at deltakarane enklare kunne setja seg inn i ulike tematikkar knytt til byutvikling og klimaspørsmål.

5.3.2 Intervju

For å få innblikk i korleis det offentlege, fylkeskommunen og kommunen, ser på dette med medverking, har semistrukturerte intervju vorte nytta. Med det offentlege har eg gjennomført fire intervju som alle har vart kring ein time. Som nemnd tidlegare, og skildra i informantoversikta, skil eg mellom feltsamtalar og intervju, der intervju har vore førebudde samtalar med avtalt «møtetid», medan feltsamtalane har vore meir tilfeldige møte, som til dømes på BYLAB og på bussen, der me har prata fritt kring temaet prosjektet handlar om. Eg har også gjennomført intervju med to personar som ikkje representerer offentlege styresmakter, henholdsvis ein representant frå FNB og ein representant frå ei lokal velforening.

Gjennom å nytta intervju som metode støyter ein fylgjeleg på somme utfordringar, som til dømes tid og stad for intervju. Der eg har gjennomført intervju på kontoret til ein informant vert det gjerne i byrjinga litt stivare og ein mindre flytande samtale – noko som stort sett har gått seg til utover i samtalane. I denne situasjonen har tid gjerne vore den største utfordringa, då informanten gjerne har ein full timeplan, utover den timen som er sett av til intervjusituasjonen. To av intervju har gått føre seg på ein kafé, der støynivå har vore ei vel så stor utfordring som det å halde tida.

Eg har også skilt mellom intervju og oppfølgingsintervju, der intervju har vore djuparegåande samtalar om kva og korleis planlegginga har gått føre seg, medan oppfølgingsintervju har gått føre seg over kortare tid og med bakgrunn i det som kom fram i brettspel-sesjonen.

I dei lengre intervju har eg teke i bruk bandopptakar, både for å kunna gjengje mest mogleg riktig det som er blitt sagt – men gjerne vel så mykje for å få samtalen til å flyta betre, der ein då kan lytta meir til det som vert sagt, og på denne måten koma med fleire oppfølgingsspørsmål.

Ved dei kortare oppfølgingsintervjua har eg likevel valt å skriva ned undervegs, ettersom dette var forholdsvis korte samtalar der eg, i samråd med informantane, vart einige om at lydopptak kanskje ikkje var naudsynt.

Nokre av gongene vart det slik ettersom dei føretrekte å ikkje verte «festa til band». Dette kan fylgjeleg skapa feilkjelder i form av feilsiteringar og/eller at heilheita kring uttalelsen forsvinn og det kan oppstå misforståingar.

Ved feltsamtalane har eg notert i ettertid av samtalen for å halda denne meir naturleg og deltakande for begge sider. I slike uformelle feltsamtalar kan ein få feilkjelder ved at forskar sitt syn eller haldningar kan farga over på informantane.

I forkant av intervjua opererte eg med ein intervjuguide der tema var sett opp på førehand. Eg starta med ein mal, men denne har vorte tilpassa både etter kvart som fokuset har endra seg, og ut i frå kven eg skulle snakka med. Likevel gjev den opprinnelege malen eit oversyn over hovuddramma for spørsmåla. Eg freista også å gjera eit godt forarbeid ut i frå kven eg skulle intervju, slik at me opererte med i allefall omlag same referanseramme. For å omgå problem knytt til at informantane kan føla seg pressa til å svara i den eine eller andre retninga, freista eg å stilla opne spørsmål som la opp til utgreiing. Det vart og stilt kontrollspørsmål i form av ei alternativ formulering på om lag same spørsmål.

5.4 «Forskar i felt»

Ettersom brorparten av intervjua har vore med offentleg tilsette, som gjerne hadde ei mastergrad eller to, har eg ikkje støytt på særlege problem knytt til posisjonen min som «forskar», men i intervjuet med FNB-representanten fekk eg i forkant av intervjuet spørsmålet: «Har du ikke bias da? Du som bor i sentrum og som åpenbart ikke trenger å bekymre deg så veldig for økonomi?» Med bakgrunn i dette spørsmålet fekk eg eit innblikk i korleis eg vert sett på av informantar, og korleis dette potensielt kan forma samtalen vår. Dette spørsmålet kan òg ha vorte stilt på bakgrunn av korleis representantar frå «FNB» tidvis har vorte møtt av både politikarar og akademikarar i offentleg ordskifte, mellom anna i den fyrste partileiardebatten for valkampen 2019.

5.5 Sekundærdata

Sekundærdata består av informasjon som allereie er samla eller produsert med ei anna hensikt, men som er tilgjengeleg for andre å nytta seg av. Dette er nærast ei naudsynt kjelde då ein ofte har avgrensingar knytt til tilgjengelege ressursar (White, 2010). Denne typen datamateriale kan hovudsakleg nyttast til tre ting, nemleg å kontekstualisera, for å samanlikna, eller som hovudmateriale for analysen. I prosjektet mitt er dette hovudsakleg nytta for konteksten si skuld, men vert og ein essensiell del av analysen.

Det å gjere nytte av sekundærdata krev at ein tenkjer over kor vidt datamaterialet er relevant, og kvaliteten på det. Ein må altså vurdera om kjelda er relevant, autentisk og truverdig.

Eg har i dette prosjektet gjort nytte av kommunale, fylkeskommunale og statlege dokument for å sjå korleis dette med medverking vert skildra i desse.

Eg har også nytta statistikk som er utarbeidd av Statistisk sentralbyrå. I tillegg til slike dokument har eg gjort nytte av både avisartiklar og ytringar, også ytringar i diverse sosiale medie. Dette skapar fylgjeleg ikkje eit heilheitleg bilete av korleis stoda er, men det er likefullt interessant å sjå korleis både offentleg ordsifte og offentlege myndigheiter sine dokument framstiller byplanlegginga.

Å visa til statistikk kan på denne måten mellom anna vera nyttig for å syna korleis det aktuelle temaet har blitt kvantifisert i tidlegare forskning eller liknande.

5.6 Prosessering og presentasjon av data

Eit overordna mål ved å gjera feltarbeid kan gjerne vera å få tilgang til handlingar og utsegn som er bakanforliggende, dei tinga ein får tilgang til når ein har oppnådd ein form for tillit hjå informantane. Ein har likevel at for at desse observasjonane eller utsegna ein får skal kunne karakteriserast som data er ein nøydd til å transformera det til å bli data. I fylgje Aase & Fossåskåret (2014) kan data bli sett på som observasjonar som vert konseptualiserte, noko som vert gjort ved å kategorisera observasjonar, som igjen er basert på forskaren sitt skjønn. Av dette kan ein seia at forskaren er sterkt involvert, og at ein dermed ikkje gjer ei datainnsamling, men snarare ein produksjon av data.

Kategoriar, forklarar Aase & Fossåskåret (2014), er mentale båsar som ein plasserer observasjonar og utsegn i – men det er viktig å understreke at det ikkje fins nokon universell kode for dette, då slike kategoriar kan variera stort frå person til person. Dette kan koma av at kategoriar avheng av både det observerte objektet, sanseapparatet til observatøren, dei mentale ferdigheitene til observatøren og kultur. Det observerte i seg sjølv passar med andre ord ikkje naturleg inn i ein gitt kategori. Den viktigaste grunnen til at ein observasjon kan verte plassert innan ulike kategoriar er likevel at folk kjem frå, eller er del av, ulike kulturar (Aase & Fossåskåret, 2014).

Basert på dette kan ein fort tenkja seg at det å gjera feltarbeid i eigen kultur vil vera ein fordel, men dei same kategoriane kan også vera ulike innan same kultur, då både mentale og fysiske attributtar, kjønn, alder og religion kan forma kategoriseringa (Aase & Fossåskåret, 2014).

Det å plassere observasjonar i kategoriar er noko mennesket gjer konstant, då ein uten å gjere dette ikkje ville hatt moglegheit til å tilfredsstille naudsynte behov, og verda ville truleg verte oppfatta som eit samansurium og kaos. Dette syner at eg som forskar kan operera med andre kategoriar enn informantane, noko som gjer det naudsynt å freista å forstå deira kategorisering, og freista å nytta desse kategoriane når ein arbeider med og analyserer datamaterialet (Aase & Fossåskåret, 2014).

Aase & Fossåskåret (2014) meiner at ein må ta omsyn til fire ting når ein skal tolka datamaterialet; ein bør ta høgde for kva kategoriar informantane nyttar, noko som kan vera andre enn eins eigne; ein bør ta omsyn til omfanget til desse kategoriane, då ulike folk legg forskjellige ting i ein kategori – til dømes rasisme, der nokre vil se på streng innvandringspolitikk som rasisme, medan andre nyttar omgrepet om diskriminering basert på rase; ein bør også ta høgde for korleis informantane sorterar kategoriane; det fjerde omsynet ein bør ta går på at ein sorterar observasjonar i ulike kategoriar, der den same observasjonen vert plassert i to ulike kategoriar av forskaren og informanten.

5.7 Utfordringar i felt

Hovudutfordringa knytt til feltarbeidet mitt har vore å finna relevante, og nok informantar. Dei offentleg tilsette som har vore med i form av intervju, var ikkje problematisk, men det å finne, og få med personar som ikkje deltek i særleg grad i dagens planlegging, har vore vanskelegare.

Ettersom prosjektet på sett og vis sprang ut i frå ein lokal bingo hall, der eg etter å ha prata laust med folk, fann ut av personar det kunne vera føremålstenleg å produsera data med, var dette ein naturleg stad å starta. Det synt seg likevel at det kunne verta vanskeleg å få til ein spelsesjon her, då det var naudsynt at tidspunkt og stad passa for fleire. Vegen her i frå var vanskelegare å staka ut, då det er mykje lettare å vita kven som deltek, enn kven som ikkje deltek i planutforming. Då valet fall på Robin Hood-huset var dei tilsette der sær positive til prosjektet, medan litt oppvarming kring temaet var naudsynt for å rekruttere informantar her. Her kan det likefullt ha vore tilfellet at nokre av informantane i utgangspunktet deltok i medverking i planarbeid, eller freista å gjera det. Ved ungdomshuset i Loddefjord var meininga at fire-fem personar skulle spela, men den aktuelle dagen å gjere det på, 18. mai, dukka berre ein tilsett, og ein brukar opp. Rett nok var det nokre andre som var til stades, men den eine av desse vart sjuk, noko som førte til at hans kompisar valde å fylgja han heim.

Likevel valde eg å gjennomføra ein runde her, då det til tross for få deltakarar kunne gje verdifull innsikt kring temaet. I akkurat dette tilfellet såg eg meg nøydd til å delta på lik linje som informantane i spelet, ettersom det truleg ikkje hadde vore korkje kjekt for informantane, eller mogleg å gjennomføra utan. I dei andre sesjonane måtte eg tidvis klargjera omgrep, noko som òg kan ha påverka dataproduksjonen på ein ukjend måte.

Ei anna utfordring handla om rolleblanding med tanke på bingo hallen. Ettersom eg i utgangspunktet har hatt deltidsjobb der, kjende informantane meg som bingoverter og ikkje som student eller forskar. Dette kan ha farga korleis data som vart produsert her, utan at eg kan vera sikker på korleis, eller i kva grad. Så vidt eg er i stand til å forstå, snakka likevel informantane oppriktig kring temaet, sjølv om den eine av dei hadde ein tydeleg slags leiarposisjon overfor dei andre. Ein styrke ved akkurat dette var truleg at informantane såg på meg som ein slags likemann. Det at denne gruppa kjende meg på førehand kan òg ha bidratt til at dei lettare turde å seia kva dei meiner, og ved at dei ofte spelar i utgangspunktet vart heller ikkje spelsituasjonen så uvanleg. Ved å ha gjennomført spel med fleire ulike grupper, kan også problema som kan oppstå gjennom førehandsbekjentskap verta luka ut.

5.8 Metodekvalitet

Val av metode vil alltid ha innverknad på kvaliteten av studiet. Dette gjer at for å sikra god forskning er det nokre ting som må takast omsyn til. Den vanlegaste måten å sjå om det er god forskning er gjennom å sjå på reliabiliteten og validiteten av studiet. Reliabilitet, eller kor vidt data er pålitelege, handlar gjerne om kvaliteten på data, medan validitet går på om det er mogleg å trekkja gyldige slutningar utifrå datamaterialet.

Reliabilitet dreier seg altså om kor vidt ein kan stola på data som er blitt produsert (Busch, 2013), noko som i kvalitativ forskning hovudsakleg handlar om korleis data er koda. For at kodinga skal vera påliteleg burde altså dataa gje same koding kvar gong. Reliabilitet handlar dermed òg om kor vidt forskinga er mogleg å gjenta, og om ein i så tilfelle ville fått omlag same resultat under andre høve, som til dømes ein annan forskar, ei anna tid eller andre metodar.

I fylgje Golafshani (2003) kan ein reliabiliteten ved å gjere ein test-retest på to ulike tider, og dersom ein har eit stabilt mål skal resultatene vera forholdsvis like. Dersom det er stabilt vil ein ha høg reliabilitet og at forskinga er mogleg å gjenta. Likevel vil ein slik metode gjerne påverka informantene, ettersom den fyrste gjennomføringa kan påverka svarene den andre gongen. Ein annan måte ein kan freista å sikra reliabilitet er å gå inn på temaet på fleire måtar, slik at ein sikrar at spørsmåla og problemstillingane ein løfter er i samsvar med det informantene forstår det som. Ved å stille fleire spørsmål om det same kan ein freista å sikra at det ein ser på, er det same som informantene forstår at dei svarar på.

Særskilt i brettspelsesjonane vart dette gjort, då det var fleire spørsmål som omhandlar mykje det same, og dei same tema vart så gjentatt i både oppfølgingsintervjua og einskildintervjua. Det vart også gjort i intervjua, ved å stilla same spørsmål med ei ny formulering. Gjennom at spørsmåla stort sett var formulert relativt opne og la opp til utgreiing, kan òg reliabiliteten ha vorte ytterligare styrka, særskilt i dei tilfella der ulike informantar uttalte omlag dei same tinga. Dette kan ein sjå på som å sikra intern samanheng, og på denne måten også reliabiliteten.

Sjølv om ein kan syna at det er mogleg å gjenta forskinga, og ein har ein intern samanheng, ergo reliabilitet, treng ikkje verktøyet som vart nytta vere valid (Golafshani, 2003).

Validitet, eller gyldigheit på si side, omhandlar i kva grad og kor vidt det ein legg fram nærmar seg sanninga (Golafshani, 2003). Ein kan her skilje mellom konstruktvaliditet og konklusjonsvaliditet, og intern og ekstern validitet.

Konstruktvaliditet omhandlar korleis forskinga faktisk fangar innhaldet til konsepta som er målt gjennom kodinga som er nytta i operasjonaliseringa av dette (Golafshani, 2003). I og med at det å delta i byplanlegging og transport- eller mobilitetsløysingar er forholdsvis lettfattelege konsept, vil spørsmåla som er stilte produsera data kring dette.

Konklusjonsvaliditet omhandlar kor vidt data gjev moglegheit til å konkludera og argumentera med bakgrunn i dette. Dersom eg påstår at det er høg grad av medverking i byplanlegginga i Bergen, må datamaterialet underbyggja dette. Konklusjonsvaliditet seier noko om kor vidt dette er tilfellet (Golafshani, 2003). Der informantane sine meiningar overlappar, kan ein og seia at validiteten vert styrka, noko som har vore tilfelle i både intervjusamanhang og med brettspellet.

Intern validitet går på kor vidt ein kan sjå at eit utfall har ei særskild årsakssamanheng, altså i kva grad datamaterialet faktisk støttar ei slik hevd om årsakssamanheng (Golafshani, 2003). Ekstern validitet igjen, handlar om kor vidt funna i eit studie ville halda mål under andre tilhøve. Av dette har ein at dersom ein har låg grad av ekstern validitet, ville ein i mindre grad kunna generalisera frå forskinga (Golafshani, 2003).

I fylgje Busch (2013) handlar dette om kor vidt data som er produsert i dette studiet ville vore mogleg å applisera i andre situasjonar. Dette gjev at i case som liknar på caset i Bergen, kunne dette studiet vore verdifullt, men ein vil ikkje kunne seia i kva grad og kva funn. Ved at dette prosjektet kan sjåast på som eit bidrag til vidare bruk av spel kan ein likevel seie at det er eksternt valid. Dette gjennom å syne at brettspel kan nyttast til å opna for diskusjonar, og få folk til å koma med sine synspunkt knytt til byutviklingsproblematikk.

For å sikra mot min eventuelle 'bias', vart samtlege premissar i brettspellet lagt opp til å bli diskutert, noko dei i stor grad vart.

5.8.1 Etske omsyn

Når ein utfører forskning, er det viktig å ta omsyn til etikk. Ein er altså nøydd til å oppføre seg på ein etisk god måte når ein utfører forskning, for å ivareta rettane til individ, samfunn og miljø som deltek eller vert påverka av forskinga. Det å oppføra seg etisk vil og hjelpa til med å skapa ein god arena for å gjennomføra forskinga (Hay, 2010).

For å sikra ei etisk gjennomføring understrekar Hay (2010) tre faktorar, nemleg rettferd, respekt og godtgjering. Ein må altså spørja seg sjølv om prosjektet er rettferdig, om det vert gjort på ein respektfull måte og om det gjer noko godt. Sjølv om intensjonane til eit forskingsprosjekt er gode, treng dei likevel ikkje bidra til noko godt, då informantar kan verta redde for fylgjene av det eller liknande.

Akkurat dette studiet har gjerne ikkje potensiale for å tilføra særlege negative konsekvensar for informantane, i allefall ikkje for eksterne faktorar. Ein kan likevel tenkja seg at dei kan ha følt seg utanfor eller nedstemt - anten for å ikkje delta, køyra bil eller å ikkje tilretteleggja tilstrekkeleg for medverking i planlegginga. Dette vart teke omsyn til i forkant, og det vart i samtalar med både medstudentar og vitskapleg tilsette funne at spørsmåla og problemstillingane eg tok opp ikkje trakka på særleg mange tær.

I tillegg til dette har eg freista å halde identiteten til informantane så anonym som mogleg, der informantane har fått kodar slik at dei ikkje kan knyttast til dei ulike meiningsyttringane eg legg fram. Dei har også vorte informerte om at dei, når som helst, kan trekke seg frå studiet utan å legge noko til grunn for dette. Å totalt utelukke til dømes partitilhørigheita til FNB, eller kva type arbeid dei offentleg tilsette har, ville likevel gjort studiet til lite valid, så desse har blitt informert om dette, utan at namn vert nemnd.

Alle lydopptak i tilknytning til dette prosjektet har vorte oppbevart trygt, utan at andre har kunna fått tilgang til det.

6. Deltaking i planleggingsprosessar i Bergen

Etter å ha greidd ut om teoriane og metodane eg har teke i bruk når eg har gjort dette forskingsprosjektet, vil eg i dei fylgjande tre underkapitla presentera funna eg har gjort for å kasta ljøs over forskingsspørsmåla. Desse vil eg diskutera i samanheng med relevant teori og bakgrunnsstoff som eg har presentert tidlegare. Dette kapitlet vil omhandla korleis, og i kva grad deltaking eller medverking i planlegginga vert gjennomført i dag, dette med bakgrunn i offentlege dokument, og basert på korleis både dei offentleg tilsette ser på dette, og korleis innbyggerane kring i Bergen oppfattar at planlegginga føregår.

For å gå nærare inn på korleis kommunen legg til rette for medverking i byutvikling- og planleggingsprosessar vil eg i dette kapitlet presentere korleis det offentlege vel å presentere dette, både gjennom skriftlege dokument, og legge fram kva haldningar og meiningar offentleg tilsette har kring dette temaet. Eg vil også syne kor vidt dei andre informantane opplever at dei har moglegheit til å ta del i- og påverke planleggingsprosessar, og om dei i så tilfelle opplever at dei vert lytta til.

Bergen kommune har, som nemnd, målfesta at det skal vera ei auke i den aktive medverkinga knytt til planlegging av byen (jf. kapittel 3.1). For å få til dette, vert det lagt fram at ein skal nytta fleire verktøy enn høyringsrundar og klagerett, som er minstekravet i plan- og bygningslova. Det vert lagt opp til folkemøte og kunstutstillingar for å auke engasjementet. I fylgje Falleth & Hanssen (2017) førekjem likevel ikkje mykje medverking utover slike høyringsrundar, og der det har gått føre seg, har det stort sett vore gjennom folkemøte.

Dei siste åra har kommunen likevel freista å gå utover dette, og har gjennomført utstillingar og laga filmar knytt til områdesatsingane kring Damsgårdssundet og i Ytre Arna. Det har og vorte gjennomført såkalla «barnetråkk» i fleire bydelar, der born merkar på kart til dømes kvar dei likar å vera, kvar dei ikkje likar å opphalda seg, og kvifor. Det vert også lagt til grunn at borna skal koma med forslag til forbetringar av stadane dei ikkje er så nøgde med. Gjennom feltarbeidet mitt viste det seg at då deltaking i planlegginga vart tatt opp med informantane, anten det var på skulen eller på bingoen, stemde dei alle i at dette hadde dei eigentleg aldri gjort, eller vore med på.

Fleire av dei offentleg tilsette uttrykte sterke ynskje om ei breiare og meir omfattande medverking, men det var ofte gjennom dei ovanfornemnde folkemøta det vert gjort i dag.

I dei fylgjande underkapitla vil eg fyrst gå inn på korleis offentlege styresmakter tilrettelegg for medverking i planleggingsprosessane, før eg vidare vil presentere synet til kven det er som aktivt deltek. Vidare vil eg syne nokre potensielle barrierer som kan hindra folk i å delta, før eg til slutt skal gå inn på korleis folk opplever deltakinga, både i form av korleis det vert opplevd å delta og eventuelt ikkje delta.

6.1.1 Tilrettelegging frå offentlige myndigheiter

For å få ei forståing av korleis medverking i planleggingsprosessar vert handtert av offentlege myndigheiter, har eg valt å sjå på dette i ljøs av korleis dette vert presentert i offentlege skriv og uttalelsar, men òg med bakgrunn i intervjuar eg har gjennomført med diverse offentleg tilsette. Dei vanlegaste måtane offentlege myndigheiter i Bergen legg til rette for at folk skal medverka er gjerne gjennom *høyringsrundar*, *folkemøte* og *kontordagar*. Det er i tillegg til dette tatt i bruk *innbyggjarundersøkingar*, *barnetråkk* og nokre *utstillingar* knytt til prosjekt som er under planlegging. Det føreligg og planar om ta i bruk nye og ‘innovative’ digitale løysingar for å få meir medverking i planlegginga. I dette delkapitlet vil eg ta for meg desse verkemidla og diskutera dei opp mot teorien som er forklart i kapittel 4.

I fylgje både kommuneplanens samfunnsdel og arealdel har ei brei medverking funne stad (Bergen kommune, 2015; 2019). I samfunnsdelen heiter det «Den brede medvirkningen fra andre offentlige organer, interesseorganisasjoner, politiske partier, næringsliv, nabokommuner og privatpersoner har foregått i høringsfasen (..)» (Byrådet i Bergen, 2015).

Det vert også i den ferske arealplanen synt korleis medverkinga har gått føre seg ved: «Rullering av kommuneplanen er organisert gjennom en bred prosess med prinsipielle tema i bystyret, tematiske møter med ulike interessegrupper, bydelsvise folkemøter og informasjon på egne nettsider (..)» (Bystyret i Bergen, 2019).

Det vert vidare understreka viktigheita og verdien av planprosessen og engasjementet som ein verdi i seg sjølv. I samband med dette viser dei til at det vart motteke over 800 uttalelsar og merknadar i høyringsrunden kring utarbeidinga av planforslaget.

Når det kjem til det å gå utover minstekravet, altså høyring og klagerett, viser både plan- og bygningsetaten, koordinator for områdeløft og sykkel- og mobilitetskontoret fort til opne *informasjonsmøte og folkemøte* som vert gjennomførte, gjerne i samband med oppstarten av planleggingsprosessar. Det vert i tillegg til dette framheva korleis dei nyttar kontordagar som ein alternativ arena til å få informasjon og der innbyggjarane kan koma med innspel, ettersom ikkje alle er like komfortable med å ta ordet i større forsamlingar.

BK3: I forbindelse med oppstart så inviterer ein til informasjonsmøte. Det er ganske vanleg i dei store områdeplanane. I tillegg har me det me kallar for kontordagar. For eksempel når ein har vegplanar eller sykkelplanar som går over lange strekk, så stiller to stykk frå vegkontoret, ein frå oss, på ein angitt stad på ei angitt tid. Eit stort informasjonsmøte eller folkemøte blir prega av dei som snakkar høgast, og dei som synest det er greit å snakka i plenum, medan dei som lurar på: "Kva med denne utebua mi, og kva skjer her?" Små detaljar, eller at dei eigentleg synest det er fint, men dei har ikkje heilt tort å spørja om dei konkrete konsekvensane på sin eigendom.

BK1: Me er ikkje alltid så systematiske, men slik at ein del av dei tinga me har gjort, slik som på Møhlenpris, der er det jo blitt nabovarsla til alle. Det har blitt halde opne informasjonsmøte. For bilfri bydel-prosjektet no, så har me hatt, eller både når me etablerte mobilpunkta har me hatt dialog med velforening, burettslaga, brukt sosiale medie, samarbeida med bebuarane om "parking day" under mobilitetsveka gjennom fleire år.

Med desse utsegna ser ein at det fyrste og kanskje viktigaste verkemidlet som vert nytta, knytt til medverking i planlegginga, er informasjonsmøte eller folkemøte. Det vert likefullt presentert andre, alternative metodar som går utover minstekrava i plan- og bygningslova. Gjennom verktøy som kontordagar, vert terskelen litt lågare for å koma med innspel og søkja informasjon. Ved å få meir informasjon, har kommunen stor tru på at dette i seg sjølv vil auke engasjementet knytt til planleggingsarbeidet. Ein del av tiltaka sykkel- og mobilitetskontoret føretek seg, vert ikkje omfatta av slik lovgivnad, og ein ser då heller ikkje involvering av bebuarar kring dette.

BK1: Når det gjeld omgjerjing av, til dømes bustadsoneparkering til reservert bildeling, eller handikapp eller andre sårne type ting, så har me eigentleg ingen krav til å involvere befolkninga.

Ser ein desse metodane i ljøs av Arnstein (1969) og hennar «deltakingsstige», som kommune-Noreg òg nyttar ein av-art av, får ein gjerne at både informasjons/folkemøte og kontordagar held

seg på dei tre nedste trinna, der det er ei viss grad av dialog og diskusjon (jf. 4.2.3). Likevel, det at dette vert gjort i byrjinga av ein prosess tilfredsstillar ynskje til Healey (1992, 2006) om at det allereie i oppstartsfasen vert samhandla om planlegginga (jf. 4.2.5). I og med at dette hovudsakleg er ein arena for å vidareformidla informasjon, får ein likevel ikkje den same opne diskusjonen som vert føreslått med den kommunikative planleggingsteorien. Med tanke på omsyn til rettferd, og retten til byen, vil dette heller ikkje tilfredsstillar ynskje om ei aktiv forming av rommet ein finn seg i, og ein vil såleis heller ikkje ha moglegheit til å leva i byen på den måten ein sjølv måtte ynskje. I tillegg til at dette gjerne ikkje er ein fullgod metode for å få aktiv medverking, ser ein ofte at denne medverkinga stoppar opp etter ei tid, og ikkje vert teke opp att før høyringsrundane slik informanten frå plan- og bygningsetaten fortel, som svar på spørsmål om når i prosessen folk vert involvert.

BK3: Ikkje så mykje i slutten kanskje, men i alle fall i starten, og når det kjem eit planforslag så har ein kanskje nye rundar i nokre tilfelle.

Det at medverkinga verkar å gå føre seg i oppstartfasen og når det kjem på høyring, kan føre til at dei som faktisk stiller opp på folkemøte eller kontordag mistar interessa for det som skjer, og opplever at det ikkje skjedde noko meir med dette, slik Fainstein (2000) har kritisert den kommunikative planlegginga for å føre til (jf. 4.2.5). Dette vert på sett og vis i motsetning til hennar kritikk, ettersom det ikkje er medverkinga i planlegginga som fører til trøtte, men snarare mangel på det – slik som òg kom fram i ein feltsamtale med eit medlem av ei velforening på Danmarks plass, der det blei ytra ein slags frustrasjon over at ingenting skjedde i etterkant av konsultasjonen. Her høyrer det med til historia at når noko skjedde, var resultatet meir eller mindre det velforeninga og andre bebuarar hadde teke til orde for.

Utover folkemøte og kontordagar opererer kommunen også med *innbyggjarundersøkingar*, som igjen vert i nedre sjikt når det kjem til grad av deltaking. Dette er enkelt og greit eit spørjeskjema som vert sendt i posten til ei rekkje bebuarar i eit område. Ei slik undersøking har fylgjeleg førehandsdefinerte problemstillingar og innbyggjarane har lite moglegheit til å påverke særleg utover resultatata av ei slik undersøking. Denne er meint for å få eit bilete av korleis stoda er i dag, snarare enn å leggja opp til at lokalbefolkninga har ein aktiv rolle i planarbeidet.

Ein tredje metode som vert nytta, har vore i samband med områdesatsingane Bergen kommune for tida gjer på Laksevåg, i Olsvik, Loddefjord og Ytre-Arna, er bruken av såkalla 'barnetråkk'.

Dette er ein metode der born i mindre grupper samarbeider om å merka av område dei likar/ikkje likar, eller område der dei har forslag til forbetring.

BK2: Barnetråkk det er jo den metoden som Bergen kommune har valt å bruka, når det gjeld medverking frå born og unge. Der er det spesifisert at det er 6. trinn og 9. trinn som skal delta. Og det er jo ein veldig god moglegheit for barn og unge til å både kunne kartleggja korleis dei nyttar nærmiljøet sitt, men og korleis dei oppfattar det. Føler dei seg trygge, er det høg grad av trivsel, er det mange favorittplassar, bruker dei mykje tid i nærområdet sitt. I tillegg så kan jo dei komma med innspel til forbetringar. Me gjennomførte jo barnetråkk på Vadmyra, Sandgotna, på Olsvik Skole og på Loddefjord skole i fjor. Då gjekk me inn i klassar, elevane var delt inn på førehand, litt sånn geografisk etter kor dei budde. 5-6 elevar på kvar gruppe, og så jobba dei i store kart som me hadde med, og teikna inn skulevegen sin, teikna inn område der dei likte å opphalda seg, område der dei kanskje ikkje følte seg trygge. Det kunne jo vera alt frå trafikkisikring, til at det var mørkt, dårleg belyst, glatt, eller at det kanskje er opphoping av folk som pleier å stå der å drikka. Det kan vera kva som helst.

I tidlegare tider har det gjerne vore vaksne som har vorte direkte involvert, men ein ser altså her at fokuset har vorte endra til å få med born og unge. Dette har truleg med å gjere at kommunen har eit sterkt ynskje om å ha barnefamiliar i heile byen, då det er tenkt at desse blir verande i området over lengre tid enn både studentar og pensjonistar.

Det kan og tenkjast at det kan vera med å styrka stadsidentiteten, som igjen vil kunne bidra til at folk blir verande på staden i større grad. Når det gjeld ideen om retten til byen (Lefebvre, 1982), vil ein her kunne seia at det er ei gruppe som tidlegare ikkje hadde moglegheit til å forma byen, som på denne måten får det.

I tillegg til at dette har fungert direkte i planlegginga, vil det også kunne bidra til å styrka engasjementet kring byutvikling i framtida, då dette kan vera ei form for sosial læring og opplæring i det å ta del i utforming av planar. Ein vil og kunna hevda at dette er ein planleggingsarena som nærast vert styrt av folket, då ein byrjar med eit «tomt» kart og kan merka av akkurat det ein vil, på bakgrunn av det ein vil. På denne måten kan ein seia at dette er ei form for kommunikativ eller kollaborativ planlegging (Healey, 1992, 2006). Ein vil likevel kunna hevda at det er problem knytt til korleis ein får med borna i prosessen, då det i grunnen ikkje er på frivillig basis. Likevel har ein at dette kan bli sett på som ein viktig del av utdanninga til born

og unge i dag, både i form av at ein vil potensielt få sterkare medvit kring planleggingsprosessar, og det vil kunna vera ein viktig del av demokratiopplæringa.

I intervjuet med ruteplanleggaren frå Skyss kom det fram at denne «etaten» har få, om nokon, krav til å involvera folk i avgjerdene kring ruteendringar. Likevel har det også her vorte nytta noko som kan minne om innbyggjarundersøkingar, i form av at dei har nytta ombordundersøking på Askøybåten. Her har det i tillegg til denne ombordundersøkinga blitt ringt til eit utval folk på Askøy for å finna ut kor Askøybåten burde leggja til kai i Bergen.

Skyss: For nokre år sidan ynskte me å gjere ei endring på passasjerbåtforbindelsen mellom Kleppestø og Bergen sentrum. Eitt av fleire spørsmål i den samanhengen var at me ynskte å endra kai plass i Bergen, frå Nøstet til Strandkai terminalen. Då gjorde me ei ombordundersøking på båten, blant dei passasjerane som var der, og spurte kva de ynskte. Då var det ganske mange av dei passasjerane som brukte båten, som ville at båten skulle køyre til og frå Nøstet. Parallelt med dette, så har me eit sånn markedsinfosystem, der me har et utval som blir oppringde og spurt om kollektivtrafikken og forskjellige spørsmål. Då spurte me eit utval av dei som budde på Askøy - dei fekk akkurat same spørsmål.

Ut i frå dette sitatet kan ein sjå at også Skyss tek i bruk medverkningsverktøy i nokon grad. Begge desse verktøya som er teke i bruk her er forholdsvis enkle grep, som er gjort for å kvalitetssikra ei eventuell endring i ruta. Det er rett nok på eit førehandsdefinert grunnlag, altså «vil du ha båten dit eller dit?», men det kan likefullt vera med på å styrka tilbodet og gjera byen meir tilgjengeleg for fleire. Det er på sett og vis òg ein måte å oppsøkje innbyggjarar på, då det er forholdsvis smertefritt å svara på eit kort spørsmål over telefon.

I tillegg til dei ovannemnde metodane for medverking, føreligg det òg planar om å ta i bruk nokre digitale løysingar. Ein tilsett ved Byarkitekten i Bergen heldt innlegg på «Bylab om boligpolitikk» om at det skal gjennomførast ein såkalla «hackathon», som er ein form for design-sprint der ein freistar å koma opp med nye teknologiske løysingar på diverse problemstillingar. (Larsen, 2019). Det er her planar om å lage appar og liknande knytt til utviklinga av fortettingsområdet i Møllendal. Informanten i plan- og bygningsetaten la og fram at dei hadde ein slags draum om å få eit betre digitalt verktøy, slik at folk kunne finna informasjon lettare.

BK3: *Me har jo ein draum om at me skal få eit betre sånt digitalt verktøy at de kan finna ting. Så kan me få ein bymodell som og er eit fint kommunikasjonsverktøy. At ein skal kunna snakka om ting, og ein ser ting i 3D. Men så er det jo ein diskusjon, skal den vera fysisk eller skal den vera digital?*

For digital 3D har jo sin avgrensing. Du kan zooma inn og ut, men ved ein fysisk modell kan du røre deg rundt. Og det å forstå digital 3D er det jo veldig mange som..

Ein kan sjå her at digital ekskludering er ei problemstilling som, om ikkje det vert teke høgde for det, så er det i alle fall i tankane til kommunen (Bleumers et al., 2012). Det framstår som ei erkjenning av at digitale løysingar ikkje alltid er vegen å gå. Ein kan dermed sjå det i samband med prinsipp om rettferd, då det reint proseduralt ikkje vil vera rettvist når ikkje alle har moglegheit til å nyttiggjera seg av ein slik digital 3D-modell. Ved byarkitekten var dette ei problemstilling som ikkje var tenkt gjennom enno, men det skal seiast at dette prosjektet førebels er i startgropa.

6.1.2 Kven deltek?

Når det kjem til kven som deltek i planprosessane har det vist seg at det har vore hovudsakleg småbarnsforeldre og høgt utdanna. Til dømes i samband med kommuneplanen sin arealdel vart det understreka at den breie medverkinga vart sett stor pris på, og at det var eit tydeleg engasjement i befolkninga kring denne. Det vart framheva at det var kome særskilde høyringssvar, 830 i talet (Bystyret i Bergen, 2019). Likevel, når ein ser gjennom desse, så er brorparten av desse kome frå utbyggjarar, konsulentar, arkitektkontor og advokatfirma. Dei fleste av dei resterande, kan sjåast i samband med eigen eigedom, slik og Harvey (2003) legg fram at fleire vil gjera. Det er nettopp dette dei ulike koordinatorane skal freista å få gjort noko med. I til dømes Loddefjord, der valdeltakinga er blant dei lågaste i Bergen, har det vore ei stor utfordring knytt til å få med unge vaksne til å koma med innspel. Dette er i fylgje levekårsundersøkinga frå 2011 gjerne individ som har droppa ut frå skulen og i dag mottek ei eller anna form for sosial stønad. Å få med både desse og andre som bur i kommunale bustadar er ei av dei vanskelegaste oppgåvene i fylgje informanten frå områdesatsingane.

BK2: *Det veit me jo er ei utfordring. Me har hatt ein del kvalitative intervju som ein del av forprosjektet til områdesatsinga. Mange av dei med folk som jobbar i ulike kommunale tenester. Og det er jo vanskeleg å få tak i akkurat dei som nyttar dette. Men det er jo noko som me jobbar*

med å prøve å få til. Og det er jo nokre plassar me veit at dei går, og så må ein liksom sjå korleis ein skal legge det opp då.

Ein kan sjå i sitatet ovanfor at det er ei tydeleg gruppe i samfunnet som skil seg ut med tanke på det å delta i planleggingsprosessar. Denne gruppa manglar i så måte moglegheiten til å forma byen i sitt bilete og dermed nå sitt fulle potensial (jf. kapittel 4.2.1) (Lefebvre, 1982). Av dette kan ein lese at i alle fall desse gruppene manglar den såkalla 'retten til byen'.

Det vil og vera manglar med tanke på det Nussbaum (2003) lista opp som ein grunnleggande rett og evne, nemleg det å ha kontroll over sitt eige miljø. Det plan- og bygningsetaten gjer for å imøtegå denne problematikken, er å ha møte med etatane som forvaltar desse bustadane, i staden for å oppsøkja dei som faktisk nytta dette tilbodet. Både informanten frå plan- og bygningsetaten, og sykkel- og mobilitetskontoret, la fram at for fleire av desse bebuarane var det å aktivt medverka i planlegginga, var som å gå inn i ei framand verd.

Det å få med fleire av desse innbyggerane, er i fylgje plan- og bygningsetaten ein av dei viktigaste oppgåvene knytt til områdesatsingane, noko som vart understreka ettertrykkeleg av koordinatoren for områdesatsing på spørsmål om dette. *«Det er absolutt eitt av mine hovudmål» (BK2, intervju).*

Det kom i tillegg fram at i somme bydelar var det mykje meir høyringssvar enn i andre, noko som illustrerer det eg fann, ved å sjå gjennom høyringsforslaga. Der det bur folk med høg utdanning og godt betalte jobbar, var og tettheita av svar mykje større. For å få svar i andre bydelar, viste mellom anna plan- og bygningsetaten til at nokon nærast var nøydd til å gå framfor og engasjera dei andre, og at det på denne måten var delvis hensiktsmessig å ha opne informasjonsmøte. Ved at ein eller to vert engasjert i planprosessen, har dei med andre ord stor tru på at dette i tillegg kunne motivera andre til å verta engasjert.

Det same gjeld delvis i mindre områdereguleringar kring skular og skuleveg, der både skulane sjølv og FAU tidvis mobiliserer stort for å få folk til å koma med innspel. Problemet her har vore at innspela gjerne har kome for seint, slik som med trafikksikringsplanen i Olsvik.

6.1.3 Barrierer for å delta

Ein ser gjerne at det er fleire barrierer som på sett og vis står i vegen for at folk aktivt skal delta i planleggingsprosessar. Dette kan vera gjennom at det er *dårleg informasjon* om at no går det ann å kome med innspel, det kan *opplevast som fånytt* – altså at ein opplever at ingenting skjer, og dermed og at det *er for tidkrevjande*. I tillegg til dette, kan det og vera at folk føler at dei *ikkje har noko å seia* eller eventuelt ikkje veit til kven ein skal koma med innspela til, og det kan gå på *manglande tilbakemelding*.

På spørsmål om kvifor det er slik at det hovudsakleg er høgt utdanna som kjem med høyrings svar, vert både litt svak informering og vanskar med å forstå korleis og kvifor ein skal delta på denne måten, noko av forklaringa på det. Representanten frå områdesatsinga grunngjer det med alle desse faktorane, medan informanten frå plan- og bygningsetaten legg vekt på den litt haltande informering.

BK2: Høyringsrundar, noko står annonsert i avisa, men du må på ein måte skjønne eller kjenne litt korleis kommunen jobbar med planar. Det er ikkje gitt at folk er så bevisst på korleis det går føre seg, og korleis ein kan påverka, ikkje sant. Det er jo og ein terskel der. Og kva skal ein eigentleg meina noko om, er jo og ein terskel.

BK3: Me skulle kanskje hatt ein ordentleg mediestrategi innanfor kva plantype det er, men med kommuneplanen er det jo såpass stort at det involverer heile byen. Der reiste me rundt i kvar enkelt bydel og heldt informasjonsmøte der me presenterte det som gjaldt den bydelen. Me hadde også stands som stod i alle bydelssentra.

Ein ser altså at det som vert understreka av offentleg tilsette, går gjerne på manglande informasjon, både om når ein kan medverka, men òg om korleis. Ser ein dette i ljøs av den kommunikative planleggingsideen til Healey (1992, 2006) kan ein også her sjå at det er ein mangel på vedvarande dialog. Dersom dialogen hadde vore tilstades, ville det vore enklare for folk å koma med innspel og vite når det faktisk var tid for dette. Ein kan også sjå at det gjerne er mangel på ein mobiliseringsstrategi, slik Amdam og Veggeland (2011) tek til orde for at det må vera. Eit godt døme på både manglande informasjon og vedvarande dialog vart trekt fram av representanten frå områdesatsinga i Loddefjord og Olsvik.

BK2: I for eksempel arbeidet med trafikksikringsplanen som er eit høgaktuelt tema i Olsvik har eg fått enormt med innspel. Tenk om alle dei som har kome og fortalt meg, sendt e-post, markert og laga kart, hadde kome med dei i sjølve planrulleringa. I staden kom det veldig få, noko som gjer det vanskelegare å få gjennomført tiltak, i allefall før neste runde.

Dette kan vera nok eit døme på at informasjonen om planrulleringa er for dårleg, eller at innbyggjarane ikkje vert tekne med i prosessen tidsnok – slik at dei på denne måten rett og slett ikkje har fått med seg kva som skjer. Hadde prosessen vore opnare frå starten av, kunne ein potensielt ha fått innspela som er komne i ettertid, før planen vart vedteken. Dette kan igjen koplast opp mot ideane kring kollaborativ planlegging etter Healey (2006) og Amdam & Veggeland (2011), der resultata av denne planen moglegvis hadde vorte styrka av ei involvering frå byrjinga. Det at det er kome innspel, har likevel ikkje vore fånytted, ettersom kommunen har desse områdeløfta, med tilhøyrande koordinatorar. På denne måten får gjerne folk moglegheit til å bidra, og dermed også lysta til å bidra. Koordinatorane tek innspela vidare innan kommunen, og til statens vegvesen, slik at nokre av innspela kan føre til at tiltak vert gjennomførte før neste runde, som er i 2023.

I den grad innbyggjarinitiativ førekjem, har det vist seg at det er ulik praksis på kor vidt dette vert oppfatta og/eller teke med i betraktninga. Eitt eksempel på dette har vore ein underskriftskampanje på, og kring Danmarks plass, om å få bussen tilbake frå Solheimslie til Danmarks plass. Dette var ein underskriftskampanje som Solheimsgaten velforening tok initiativ til, då det i fylgje denne, var fleire eldre som ikkje lenger kom seg til butikken og liknande. Denne påstanden kan ein sjå vert underbygd av at det er auke av personar som ikkje rører seg i det heile, innad i byen. I Skyss var det ingen som visste om at denne undersøkinga i det heile eksisterte. Dette er eit interessant moment ettersom både plan- og bygningsetaten, sykkel- og mobilitetskontoret og koordinatoren for områdesatsinga ytra at dei var nærast avhengig av at innbyggjarar sjølve tok initiativ til ulike tiltak. Informanten frå Skyss la til at det ikkje var umogleg at kundesenteret hadde fått med seg dette, men det var i så fall ikkje vidareformidla til planleggjarane av rutetilbodet. Ein kan altså sjå at sjølv om kommunen understrekar viktigeita av innbyggjarinitiativ er det ikkje alltid offentlege myndigheiter plukkar opp at dette skjer.

Det er òg interessant å sjå korleis informanten i plan- og bygningsetaten understrekar at informasjons- og folkemøte ikkje nødvendigvis er den beste måten å involvera bebuarar i område

på, ved å uttrykkja at desse vert «prega av dei som snakkar høgast og dei som synest det er greitt å snakka i plenum» (BK3).

Dette kan ein sjå i samband med «retten til byen» (Lefebvre, 1982) på fleire måtar. Eit moment ved dette kan vera at gjennom at ikkje alle torer å delta på slike folkemøte, vert dei, utan at det er meininga, frårøva moglegheiten til å aktivt forma rommet rundt seg. Det kan og tenkjast at somme av dei som deltek på slike folkemøte, og grip ordet, freistar å oppnå moglegheiten til akkurat dette. Samstundes har ein òg at fleire av desse deltek på vegne av andre, og dermed grip ordet for det kollektive godet, medan andre freistar å verna om seg og sitt (jf. 4.2.1) (Harvey, 2003; Lefebvre, 1982). På mange måtar heng retten til byen saman med Nussbaum (2003) sitt poeng om at ein av dei grunnleggande evnene for å oppnå ei form for sosial rettferd, er nettopp å kunna delta effektivt i val som omhandlar eins eige liv (jf. 4.2.3).

Det same kan seiast om gateforumet på Møhlenpris, som skal vera ei form for medverkingsorganisasjon kring utviklinga i området. Dette er ein organisasjon som er oppretta i samarbeid mellom bebuarar i området og sykkel- og mobilitetskontoret, for å få med fleire i medverkinga. Her er det i og for seg truleg ikkje slik at det er kommunen som aktivt jobbar med å tilretteleggja for medverkinga, men heller bebuarar som freistar å jobba for det kollektive sin moglegheit til å forma rommet kring seg.

BK1: Dei har i alle fall sjansen til å bli med, og dei jobbar med å prøva å få dei med, av og til så – nei er ikkje folk så interessert i å meine så mykje. Men det er i allefall viktig at dei får ei tydeleg moglegheit då. Så prøver jo me å ha alle desse tinga i tankane. Her er me opptekne av at det ikkje berre er dei som sit i styre i idrettslag, velforening og aksjonsgruppa som vert høyrte, men òg eldre som bur der, innvandrarakar og så vidare.

Det at folk ikkje er interessert i å meine noko, slik informanten her legg fram, verkar ikkje å stemme overeins med røynda, då folk stort sett har meiningar om det aller meste. Det står i tillegg, i motsetning til det mellom anna Tryti (2019) hevdar når det vert lagt fram at «det er rundt 300000 planleggere i Bergen». Dersom ein møter ei haldning eller ein fordom om at ein ikkje er så gira på å meina noko, kan dette fort verta ei barriere for å 'gidda' å bry seg. Informanten i dømet ovanfor gjer ein stor jobb med oppsøkjande arbeid i det aktuelle området, men ein har likefullt sett at det er somme grupper som ikkje deltek i særleg grad.

Ved å støyta på desse barrierera får ein at retten til å delta vert innskrenka i form av at nokre i samfunnet ikkje deltek, medan andre, som har større interesse for eit tiltak, eller større tiltru til egne evner, kan få gjennomslag for sine ynskje som òg kan gå på kostnad av andre samfunnslag. Dette kjem då i strid med både retten til byen og andre rettferdsprinsipp (Harvey, 2003; Nussbaum, 2003; Rawls, 1999; Sen, 2009).

6.1.4 Opplevinga av deltaking

Når det kjem til korleis folk opplever medverking i planleggingsprosessar kan ein sjå at dette er ei lett blanding, i forhold til kvar i byen ein bur, og kva for arbeid eller utdanning ein har. Ein kan til dømes sjå at i Loddefjord var opplevinga av dette, i all hovudsak, at ein ikkje fekk påverka kommunen sine planar for Loddefjord i særleg grad (Respons Analyse 2018). Rett nok var det kun 800 respondentar i denne undersøkinga, men det kan like fullt gje eit inntrykk av korleis stoda er. I den same undersøkinga svarte kring 50% at dei var forholdsvis engasjerte knytt til utviklinga av Loddefjord. Dette er ein tendens som ser ut til å gå igjen andre stadar, der fleire av deltakarane i brettspelsesjonane uttrykte mykje det same som kom fram i innbyggjarundersøkinga i Loddefjord. Eit eksempel på dette var frå ein av deltakarane frå bingomiljøet som uttrykte seg slik:

A1: Eg føler jo ikkje at eg har noe å sei. Eller, har jo noe å sei, men veit ikkje kor eller til kven eg skal sei det.

Denne utsegna støtta dei andre i denne sesjonen opp, ved å tilføra at dei ikkje var blitt spurt om kva dei meinte om tinga som skjer, og har skjedd, i bydelen sin. Ein kan sjå dette i samanheng med dei grunnleggande rettane Nussbaum (2003) har teke til orde for, altså «leik» og «å ha kontroll over eins eige miljø».

Det same kome fram i møtet med skuleungdomane, der dei òg opplevde at dei hadde lite, eller ingen påverknad på kva som skjedde når det kom til planlegginga av bydelane dei budde i. Desse var fylgjeleg opptekne av sosiale møtestadar utan fast opplegg. På Robin Hood-huset var stoda ei litt anna, der folk hadde freista å på eigenhand ta kontakt og koma med innspel til både Skyss og kommunen om tilbodet av ulike ting i deira nærrområde.

C1: *Eg har sendt både mail og messenger til Skyss fleire gonger, både for ruta til bussen, og korleis sjåførane køyrer. Får til svar at dei skal ta det vidare, og så høyrer eg ingenting.*

C2: *Det same gjeld når eg kontaktar kommunen, «skal ta det vidare» og så høyrer eg ingenting i ettertid.*

På spørsmål om dei trudde det var skjedd noko med bakgrunn i innspela deira, og om det var teke vidare, berre utan å gje tilbakemelding til forslagsstillar, kom det kontante «nei» frå samtlege. Av personane eg har snakka med, var det berre ei som følte at det til ei viss grad nytta, men ho trudde at det var med bakgrunn i hennar posisjon i ei lokal velforening. I tillegg kom det også frå henne ein del frustrasjon knytt til tidsbruk i prosessen.

E1: *Det tar så lang tid, eg gir snart opp. Ingenting virker å skje - før plutselig Citybox får lov til å bygge. Men han var vel i byrådet før så..*

I dette utsegnet er det fleire interessante moment. Ein kan sjå på dette med tidsbruken i samband med kritikken av den kommunikative planlegginga etter Healey (1992, 2006), altså at det kan vera sær s tidkrevjande og at dei som deltek dermed vert desillusjonerte og gir opp. Samstundes kan poenget om at tidlegare byrådsleiar i Bergen, Smith-Siversen (eigaren av Citybox), som fekk løyve til bygging av Citybox, kan verta sett på i tråd med teoriar kring rettferd og retten til byen. Då i form av at hans tidlegare posisjon kan ha gjeve han moglegheit til å utretta ting fortare, som fylgje av venskapsband og bekjentskap, noko den lokale velforeninga mangla. Dette gjev igjen utslag med tanke på at alle skal ha moglegheit til å forma byen, og dette kan sjåast på som avgrensande for personar som ikkje kan nyttiggjera seg av slike posisjonar i samfunnet. Dette poenget var tydeleg ein idé fleire hadde, der det mellom anna i etterkant av brettspelrunden på Robin Hood-huset kom ein kommentar om at *“nokre gonger skulle eg ynskja at eg hadde masse pengar, slik at noen hadde lytta til alle dei gode ideane mine”* (oppfølgingsintervju, C1). Det kan altså sjå ut som at folk trur ein må ha mykje pengar for å ha moglegheit til å påverke og forme byen.

Ser ein på dette i ljøs av prosedural rettferd, kan ein og sjå at det gjerne er ein ‘bias’ i prosessen som har ført til at akkurat Smith-Siversen har fått gjennomslag for sine planar. Det som i utgangspunktet var ein inkluderande prosess med fleire deltakarar, fekk eit resultat på bakgrunn av ein utbyggjar sitt ynskje om hotellverksemd i dette området.

I ettertid av prosessen knytt til denne opprustinga av området på og kring Danmarks plass, har personen i velforeninga uttrykt seg i positive ordlag kring utviklinga, ved å uttrykkja noko sånn som «*Det er så gøy at noko skjer her, med liv i gata og uterestaurant*» (E1). Det at det har skjedd noko, har med andre ord vore viktigare enn prosessen som har ført til det, og den prosedurale rettferda er i så måte underordna den distributive (Rawls, 1999; Törnblom & Vermunt, 2007).

Informanten frå FNB uttrykte seg med sterkare ordlag på spørsmål om folk vert lytta til og tatt med i planleggingsprosessar.

FNB: Nei, overhovudet ikkje. Der er kommunen forferdeleg elendig, både når det gjeld å ta med folk på råd, men og når det gjeld å fortelja kva dei gjer, og kvifor. Dei snakkar heile tida om at folk skal delta, men alle avgjerdene vert tekne i eit lite forum og så blir det breia ut. Så gjer dei slik som sju personar har bestemt, og det har berre eit veldig veldig tynt ferniss av demokrati over seg.

Denne informanten karakteriserer seg sjølv og andre som ekskludert frå avgjerder kring bypolitiske spørsmål, og trekkjer fram bybanen som eit godt døme på dette. Det vert hevda at dersom politikarane hadde spurt befolkninga før bybanen vart vedteken, hadde det aldri skjedd.

Likevel, når ein ser på spørsmål om folk sine haldningar til bybanen, har ein at kring 70% av befolkninga er positive til denne (Miljøløftet, 2019). Samstundes har bybanen òg sett ei stadig auke i passasjertalet frå år til år. Ein kan med andre ord sjå at det verkar å vera oppslutning i befolkninga til at bybanen skal vidareførast og at representanten frå FNB ikkje nødvendigvis har rett i akkurat denne påstanden.

Det er like fullt interessant at han hevdar at folk generelt ikkje vert tekne med, eller lytta til i byplanlegginga, ettersom dette er noko dei andre informantane mine òg var einig i. Det er også interessant å sjå at det til stadigheit, både i samtalen vår, og i full offentlighet, vert trekt fram prinsipp knytt til rettferd og demokrati. I tillegg vert opprettinga av bydelsstyre omtalt som noko negativt i form av at det vert lagt fram som «supperåd» utan noko reell makt til å gjennomføra tiltak. Dette er forslag som er kome for å styrka lokaldemokratiet og lokal identitet, samstundes som det skal vera eit forsøk på å få politikk nærare folket. I fyrste omgang skal representantane

her bli valt på bakgrunn av valresultatet i kommunen, men det føreligg planar om å innføra direkteval til desse styra.

Ein kan problematisera FNB si rolle i det heile også i henhold til Gramsci (1971) og Spivak (1988), om at ein i alle fall ikkje kan kalla dei for subalterne - ettersom det her har oppstått ei politisk organisering av bompengemotstandarar. Det at dei organiserer seg for å få gjennomslag, eller i alle fall gehør for sitt syn, gjer at dei ikkje lenger vil vera ekskludert frå avgjerdstaking, og i så måte på sett og vis har oppnådd det Gramsci (1971) tok til orde for. Ser ein i tillegg mot slutten av utsegnet, «så gjer dei slik som sju personar har bestemt», kan ein sjå med bakgrunn i utsegnet til informanten frå plan- og bygningsetaten knytt til avgjerdstaking at dette ikkje stemmer overeins med røynda.

BK3: Kven er det me skal medverke med, kva offentlige etatar har interesser i dette området som er kjent, og kven bør ha interesse i dette arbeidet? Og då er det jo altså offentlege etatar på både kommune, fylke og statlig nivå me involverer. Og så er det då store grunneigarar her som me burde invitera spesielt. Er det organisasjonar som kanskje driv aktivitet som blir direkte berørt eller som kanskje sit med lokalkunnskap som er nyttig. Det kan jo vera andre foreiningar av ymse slag og velforeiningar.

Dette utsegnet viser at medverking for kommunen ikkje utelukkande handlar om å få med innbyggjarane i planlegginga, men òg korleis det vert medverka med både offentlege etatar og private. Det vert nok ein gong understreka viktigheita av lokale organisasjonar. Vidare kan ein også sjå at det er sær mange involverte knytt til avgjerdstakinga, både offentlege etatar, grunneigarar og lokale foreiningar, i motsetning til utsegnet frå FNB-representanten.

6.1.5 Oppsummering

Dersom ein ikkje er organisert på nokon måte, ser det ut til å vera vanskelegare å bidra. I mange av dei ulike planane har det like fullt blitt freista å ta høgde for den distributive rettferda, mens den prosedurale kanskje ikkje vert oppnådd i like stor grad ettersom det er ei forholdsvis stor gruppe som ikkje deltek i særleg grad i planleggingsprosessane.

Dette vert også tydeleg med bakgrunn i korleis involveringa vert gjort – som då ofte er gjennom folkemøte og høyringsrundar. Gjennom høyringsrundar ser ein at det er berre ein viss del av

befolkninga som bidreg, gjerne høgt utdanna, medan informasjonsmøta ofte er meir informasjon, enn konsultasjon.

Gjennom dei såkalla kontordagane vert det freista å imøtegå problemet knytt til at folkemøte fungerer til ei viss grad for dei høglydte, og at ein desse dagane kan freista å få informasjon og koma med innspel til planane – sjølv om ein ikkje er heilt klar for å ta ordet i ei større forsamling.

Barnetråkk-metodikken gjer òg at fleire born og unge får sjansen til å aktivt forma rommet dei rører seg i, noko som samsvarar med ideen om «retten til byen» og det imøtegår kritikken knytt til rettferd, prosedural så vel som distributiv. Ein ser likevel at det er ein stor andel unge vaksne som ikkje vert nådd på denne måten, slik òg informanten frå områdesatsinga understreka.

Det vart på same tid løfta fram at dette var eit satsingsområde for i alle fall planlegginga kring desse områda. Dette kan fylgjeleg hengja saman med at det i desse områda er ein forholdsvis stor andel av befolkninga som fell inn under nettopp denne kategorien.

For å imøtegå dette problemet vert det førebels i hovudsak nytta kvalitative intervju og samtalar med tilsette i institusjonar som NAV og liknande, men det er samstundes eit medvit knytt til kor desse «unge vaksne» møttest og oppheldt seg, og at ein må freista å møta dei der dei er, og oppheld seg.

Ein kan også sjå at dei ulike opplevingane folk har hatt, og mangelen på det, i tillegg kan fungera som barriere i form av uthaling av prosessen, manglande deltakingsmoglegheiter og mangel på tilbakemelding. Når ein ikkje får tilbakemelding på det ein bidreg med, eller ser at det vert teke til etterretning, kjenner ein gjerne på ei slags maktesløyse, og at det ikkje er noko vits i å prøva ein gong.

6.2 Spel som ein arena for medverking

Etter å ha synt korleis deltakinga i planlegging verkar å vera, korleis offentleg tilsette og andre ynskjer at medverking i urban planlegging skal vera, vil det i dette kapitlet bli lagt fram korleis brettspilet har, og kan fungera med tanke på dette.

Fyrste delen av kapitlet vil omhandla positive tilbakemeldingar og kritikk av forma for potensiell deltaking. Det vil vidare visast diskusjonane kring mobilitets- og klimaspørsmål som kom fram frå spelsesjonane for å tydeleggjera korleis desse samtalanane gjekk føre seg. Dette vil kunne syna korleis brettspel og analoge uformelle møte kan bidra til at folk lyttar til kvarandre sine argument, i stadenfor tendensane ein ser knytt til den aukande polariseringa av samfunnet. I samanheng vil i så måte dette vera ein diskusjon om kor vidt spel kan fungera som ein dørøpnar for å auka engasjementet, og vera ein mogleg måte å få med fleire i planleggingsprosessane på.

I forkant av spelinga stilte eg korte spørsmål kring temaet planlegging og byutvikling, og om deltakarane hadde delteke i ein planleggingsprosess på nokon måte, korleis informantane hadde vore med å delta, og på kva grunnlag dei hadde, eller ikkje hadde gjort dette. På desse spørsmåla svarte nærast samtlege at det hadde dei ikkje. Eit par av deltakarane var og usikre på kva dette eigentleg innebar, då gjerne i form av: «meiner du om eg har vore på folkemøte?». Slike utsegn kan indikera både at det ikkje er klarheit i at det går ann å medverka, men det viser òg ei haldning om at folkemøte ikkje var noko særleg å gå på.

På oppfølgingsspørsmål om dei hadde vore i kontakt med kommunen med omsyn til utviklinga av nabolaget eller bydelen dei oppheld seg i, var svaret også i all hovudsak nei, med enkelte heiderlege unntak. Av dette får ein gjerne at korkje «retten til byen» (Lefebvre, 1982) eller evna Nussbaum (2003) tar til orde for knytt til å delta i politiske avgjerder, er innfridd.

6.2.1 Lystbetont, lærerikt og startar diskusjonar

Når det kjem til reaksjonar på spelet så var desse i alle hovudsak positive. Dei positive kommentarane gjekk gjerne på at det var *lytbetont*, at det gjer problematikken *lettare å forstå* og at det hjalp for å *starta diskusjonar*. Det kom likevel også eit par kritiske kommentarar, både knytt til spelet i seg sjølv i form av premissane som ligg til grunn, men òg til nytten dette kunne ha utover underhaldning. Dette kan ein sjå går igjen i tidlegare kritikk av bruken av spel i planleggingssamanhang (jf. kapittel 4.3.3)

Ein av dei fyrste kommentarane som kom knytt til sjølve spelinga, var på Robin Hood-huset. Direkte etter at spelet var avrunda uttrykte deltakarane seg med begeistring og la fram:

C1: *Me treng fleire 'samfunnsspel' for å få i gang diskusjonar. Det er jo ganske gøy!*

C2: *Ja, du burde begynne å selje det. Er det ikkje Cappelen som sel sånne ting?*

Personane som uttrykte dette var av ulik oppfatning kring diverse bypolitiske spørsmål. Likevel vart det å få i gang diskusjonen, utan at det var for alvorleg, trekt fram som positivt. Ved at spelet vart oppfatta som engasjerande og eit utgangspunkt for diskusjon kan det framstå som at det bidreg til å auka samfunnsengasjement slik Ampatzidou et al. (2018) tek til orde for at spel og spelifisering kan.

Med tanke på at desse to deltakarane i tillegg hadde motstridande meiningar kring ulike tema, kan ein og sjå dette i ljøs av Healey (1992, 2006) sitt forslag kring kommunikativ planlegging. Dette i form av at ingen av argumenta vart forkasta, og dei kom inn på underliggende haldningar kring ei rekkje spørsmål.

Ved at spelet vart sett på som *lystbetont* har utgangspunktet for å ta i bruk spel i urban planlegging blitt oppnådd, slik Ampatzidou et al (2018) tar til orde for. I spelrunden med skuleungdommane vart det og fremja at dette var lystbetont, og at ein heller ville delta på denne måten enn å gå på eit folkemøte. Dette vart fremma utan at folkemøte var nemnd tidlegare i diskusjonane.

B1: *Eg synest dette var mykje kjekkare enn å gå på sånne keisame møte.*

B2: *Ja, og så er det mykje lettare å forstå ting på denne måten.*

B4: *Det var kjekt, men litt keisamt å ryka ut så tidleg. Kanskje ein ikkje burde få lov å velje bil eller ikkje bil?*

I denne samtalen er det fleire ting av interesse. Det fyrste poenget med at det var kjekkare enn folkemøte, tilseier at i alle fall denne personen hadde høyrte om, eller vore med på, medverking i form av folkemøte, og ikkje funne dette vidare givande. Dette poenget støttar og opp under utsegnen til Lerner (2014) knytt til at demokrati er keisamt. I tillegg kan det fortelja at spel kan vera ein metode som gav meirsmak.

Det andre sitatet ovanfor fortel det same, men i tillegg at det var lærerikt der dei ulike argumenta for og i mot tiltak gav innsikt i 'det komplekse heile'. Ein får altså ein form for både læring og sosial læring der ein gjennom kollaborasjon med meiningsmotstandarar oppnår både ein innsikt i problematikken, men og at ein potensielt einast om felles mål. Dette kan i tillegg ha potensiale til å endra maktstrukturar i samfunnet slik Healey (2006) legg fram at kommunikativ planlegging har potensiale til. Gjennom at samtalanane flaut fritt utan nemneverdig innblanding, kan det òg tenkjast at maktforholdet mellom deltakarane vart, i alle fall delvis, ikkje gjeldande. Den eine deltakaren på Elvetun uttrykte mykje det same angående læring på spørsmål om korleis det hadde vore å delta i spelet:

D1: *Dette var jo ein mykje lettare måte for meg å bidra på! Skjønner jo ting.*

Ser ein desse tre poenga i samanheng kan det gje uttrykk for nettopp dei argumenta som vert nytta for å ta i bruk spel som eit medverkingsverktøy til planlegging. Nemleg at spel kan ha ein balanse mellom underhaldning og læring, der læring vert knytta opp til auka deltaking og samfunnsengasjement (Ampatzidou et al., 2018). Ved at spelet opna for å starta diskusjonar, kan ein i tillegg sjå at det kan fungera som ein inngangsport til dei ulike meiningane som eksisterer – samstundes som det å diskutera ofte vert knytta til både læring og underhaldning.

Ein kan òg sjå på spel som ein mobiliseringsstrategi slik Amdam & Veggeland (2011) legg fram at ein treng. Dette i form av at ein mobiliserer både meiningar og folk ved å gjera det lystbetont. Gjennom at det i tillegg var tilskodarar i den eine spelrunden, får ein òg at det mobiliserer utover sjølve deltakarane.

6.2.2 Kritiske røyster

I tillegg til dei mange positive kommentarane kom det også eit par kritiske kommentarar, både knytt til spelet i seg sjølv i form av *premissane* som ligg til grunn, men òg til *nyttan* dette kunne ha utover underhaldning. Dette er noko ein kan sjå går igjen i tidlegare kritikk av bruken av spel i planleggingssamanheng (jf. kapittel 4.3.3).

Når det kjem til premissane som vart lagt til grunn for spelet, kom det allereie før spelet starta ein kommentar på dette. Det var i form av at det var «*alt for bybanevenleg*». Gjennom at spelet har førehandsgjevne premissar, kan ein møte på eksempel som dette. At premissane som ligg til

grunn vert oppfatta som problematiske kan i seg sjølv vera eit problem dersom desse ikkje vert diskuterte. Dette kan knyttast direkte opp mot kritikken av spel, der Sanford et al (2015) legg fram at ein kan få ei partisk gjennomføring, der det som kjem fram er farga av speldesignaren sin ideologi. Likevel såg ein i dette spelet at det var moglegheit til å diskutera nettopp premissane, slik at ein på denne måten omgår kritikken knytt til dette. At spelet i så måte er farga av speldesignaren sin ideologiske ståstad, kan slik sett ikkje vera eit særleg problem, ettersom denne vart teken opp og diskutert.

Det kom og ein kommentarar om det at ein kunne ryka ut tidleg om uflaksen råka, slik deltakar B4 la fram (jf. kapittel 6.2.1), så var det ikkje like kjekt. Det faktum at ein stort sett alltid kan vinna og tapa i spel, gjer at dette problemet vil vera ein moglegheit at kjem fram, men det er gjerne også ein del av det som gjer det lystbetont.

Vidare gjekk kritikken også på om dette eigentleg var realistisk. Altså: om det var realistisk at offentlege myndigheiter tok i bruk ein slik metodikk for å få innspel til planlegginga.

A2: Er det eigentleg realistisk at 'dei' (kommunen) gjer ting på denne måten?

Dette utsegnet kan illustrere fleire, ganske forskjellige ting. Ein kan sjå det i samanheng med at det er ei form for rådløyse, der ein ikkje ser at det ein meiner vert teke omsyn til uansett. Det kan og handla om at det vert sett på som urealistisk at offentlege styresmakter vel å arbeida på denne måten, både fordi det kan vera tidkrevjande – slik Fainstein (2000) kritiserer den kommunikative planlegginga for, men og ettersom ein ikkje ser poenget. Det med å ikkje sjå poenget kan for så vidt også gjelda for deltakaren.

Ein tredje faktor dette kan handla om er at det kan bli forstått som ei overforenkling av røynda. (Sanford et al., 2015) Her kan ein nemna at etter å ha deltatt i diskusjonane og lytta til ulike argument var ikkje dette lenger ei aktuell problemstilling for deltakaren. Dette med bakgrunn i at dei ulike problemstillingane vart belyst frå fleire sider.

Ein av dei andre deltakarane i denne runden understreka i oppfølgingsintervjuet at med ei slik tilnærming til planlegging hadde kanskje hans tankar også blitt lytta til. Han tok rett nok forbehold knytt til om det er mogleg å delta på denne måten.

A1: Hadde dette vore mogleg hadde kanskje mine tankar vorte høyrd

Dette siste sitatet syner at deltakaren her opplever at han ikkje har moglegheit til å nytta seg av sin «rett til byen». Det går her ikkje på tilgang til byen og tenester som vert tilbydd i byen, men det å forma omgivingane sine slik mellom anna Lefebvre (1967, 1982), Harvey (2003) og Nussbaum (2003) tek til orde for. Ein kan likevel sjå at dersom denne metodikken hadde blitt brukt, føler deltakaren at dette hadde vorte utbetra og at ein gjennom å kombinera evnene leik og deltaking i politiske avgjerder (Nussbaum, 2003), hadde fått moglegheit til å utøva «retten» sin.

Kritikken Bleumers et al. (2012) har retta mot spel, altså at ein går ut i frå at det er ein ibuande motivasjon for å delta i spel, har i dette tilfellet vist seg å ikkje vera eit problem her. Dette med bakgrunn i at det i utgangspunktet var knytt til bingomiljøet, der det beviseleg er ein motivasjon for å spela – men og i dei andre situasjonane. Dette kom tydelegast fram på Robin Hood-huset der somme takka nei til å delta, men likevel vart sitjande som tilskodarar og deltok i diskusjonane som oppstod.

6.2.3 Spel som ein kollaborativ strategi

Når det kjem til sjølve spelinga kan dette bli sett i ljøs av Healey (1992, 2006) sine idear om kommunikativ planlegging. Dette i form av at diskusjonane og samtalane var lyttande og ingen argument vart forkasta. Døme på dette var diskusjonen kring den ovanfor nemnde bybanen som kom fram i runden på Robin Hood-huset.

C2: Det er jo alt for bybanevenleg! Du må fjerne gratis bybane, for den er jo ikkje noko bra. Eg tenkjer også på desse bomstasjonane, det er jo synsforureining. Dei er så stygge! Det same med bybanen eigentleg. Det er jo ein jungel av desse mastene viss du står på Nesttun og ser nedover.

Hadde det vore mogleg å køyra til kollektivtransporten og parkera på ein bra måte, så hadde det jo vore bra. Men no som dei må køyra forbi bomstasjonar uansett, så er jo ikkje det noko vits. Og å betale masse pengar for å parkera, for så å ta bybanen eller bussen, er jo også lureri.

C1: Bybanen er jo bra syns eg! Den er effektiv og forutsigbar. Du veit kor du har den liksom. Dessuten så syns eg den er finare enn bussar.

C3: Ja, og den går fortare enn folk skal ha det til. Og ofte er det betre plass på banen. Men den går jo ikkje dit eg skal så..

C2: Det er eigentleg ikkje så farlig for meg med den bybanen. Men er jo i mot desse bompengane, og då føler eg at eg må vera mot bybanen og.

Ein kan sjå ut i frå det øvste sitatet, at personen i utgangspunktet ikkje er sær negativ til bybanen, men har lete seg irritera som fylgje av dei monetære kostnadane av den. Etter berre fire korte motargument viste det seg at det ikkje var bybanen som var problemet, og det vart dermed semje kring problematikken.

På denne måten har ein altså at argumenta til dei ulike deltakarane ikkje vart forkasta slik Healey (2006) tek til orde for. I tillegg til dette er også ei form for konflikt løyst, gjennom eit trass alt så enkelt grep som diskusjon og å ha rom for å lytta.

Det vil ikkje sei at alle konfliktar kan verta løyste på denne måten, men dei litt mindre er mogleg å gjere noko med berre ved å lytta til kvarandre. Det kan rett nok tenkjast at det faktum at det på sett og vis var to mot ein i dette dømet, var det som overtalte, men det vart uansett ei konfliktfri løysing på spørsmålet.

6.2.4 Oppsummering

Ein kan sjå at i all hovudsak var folk positive når det kom til å nytta spel til å diskutera og forstå dei vanskelege problemstillingane knytt til byutvikling- og planlegging. Det fungerte godt som ein diskusjonsstartar og det vart opplevd som lystbetont. Særskild det med at dette vart oppfatta som lærerikt er eit viktig poeng, då det å forstå tematikken vil gjera terskelen for å bidra lågare, slik Healey (1992, 2006) foreslår.

At det vart oppfatta som meir lystbetont enn eit “keisamt møte” viser og korleis Lerner (2014) ser ut til å ha eit poeng kring det “keisame demokratiet”.

Like fullt oppstod det spørsmål kring realismen i det heile, er dette noko offentlege styresmakter kan nytte seg av? På trass av dette var også denne deltakaren positiv, i form av at på denne måten kunne kanskje hans stemme også verta høyrte.

Ein såg òg at mykje av kritikken mot spel og spelifisering i dette tilfellet ikkje var gyldig, då det allereie var ein motivasjon til å spela blant informantane, og dei som ikkje ville aktivt delta vart likevel deltakande tilskodarar. At spel ofte er ei overforenkling av røynda vart og tilbakevist i form av at dei ulike problemstillingane vart diskutert frå fleire innfallsvinklar og ein fekk fram mange ulike synspunkt på dei aktuelle tematikkane.

Når det kjem til kor vidt det kan fungera som ein kollaborativ arena for medverking såg det òg ut til å vera tilfellet, der meiningar vert tekne omsyn til, og ikkje forkasta (Healey, 1992, 2006). Der det oppsto ueinigheit mellom deltakarane, diskuterte dei seg og fram til moglege løysingar på problema. Likevel verka det som at spel i seg sjølv ikkje er ein fullgod mobiliseringsstrategi, då det å invitera ikkje var nok.

For å få med deltakarar var det vel så viktig å oppsøkja dei, slik ein kunne sjå på til dømes Robin Hood-huset, der ingen var særskild interesserte før dei såg at det gjekk ann å spela.

Alt i alt verkar det som om spel har potensiale for få innbyggjarar til å vilja medverka, men at det i seg sjølv ikkje er nok til å få nye grupper til å delta. For å få til dette er det oppsøkjande arbeidet vel så viktig.

Ein annan ting som kom fram var viktigheiten av å ta seg tid til å lytta og å gje tilbakemelding. Får ein tilbakemelding og folk opplever at dei vert lytta til, vert igjen tiltaka som vert gjennomført lettare å svelja.

6.3 Resultat av medverking

I dette kapitlet vil eg gå nærare inn på nokre tiltak som er gjennomførte på bakgrunn av ting som er kome fram av medverking i planlegginga. Det vil ofte vera vanskeleg å seia at noko faktisk er eit resultat av medverking i planleggingsprosessar, men i somme tilfelle har det, i alle fall i fylgje informantane mine, vore slik.

Når offentlege myndigheiter har nytta medverkingmetodar utover det lovfesta, har det som vist ovanfor, stort sett vore gjennom info/folkemøte. Der det er gått utover det, har det tidvis gjeve gode og interessante resultat. Eit godt døme på dette er når Skyss planlegg rutetilbodet. For dei, er ikkje det veldig ofte særleg kontakt med folk i byen, men på spørsmål om folk vart tekne med i

denne planlegginga trakk informanten fram ei omlegging av snøggbåten til Askøy som skjedde for nokre år tilbake. Fylgjene av undersøkingane dei gjorde (Jf. kapittel 6.1.2), var nettopp ei endring av landgang for Askøybåten.

Skyss: Det som var interessant var at når me spurte dei som bur på Askøy, pr. telefon om dei ville at båten skulle gå til Nøstet eller til Strandkaien, så var det store fleirtalet for Strandkaien fordi at det var midt i byen. Det er lettare å koma seg til andre bussar og så vidare. Mens fleirtalet av dei som brukte båten når den gjekk til Nøstet, dei ville at båten fortsatt skulle gå til Nøstet. Så det var interessant, akkurat det med å kartleggja marknaden for å finna ut akkurat kva som er dei riktige vegvala. For det er ikkje nødvendigvis berre å spørja dei ombord, som er det riktige. Det som skjedde når me endra på kaiplassen i Bergen, det var at antal reisande med båten gjekk veldig opp, fordi at mange synest det var mykje meir interessant å ta båten til Strandkaien, enn til Nøstet.

Skyss har, som nemnt i kapittel 6.1.2, få direkte krav til å nytta aktiv medverking i planlegginga si, men som ein kunne sjå i dette dømet, vart det ei meir effektiv løysing, med ei stor auke i antal båtpassasjerar i ettertid. Ein ville moglegvis sett det same dersom dette vart gjort med andre strekningar også, men noko som og vert understreka så har ikkje dei som ikkje nyttar kollektivsystemet i særleg grad noko direkte talerøyr inn i deira organisasjon. Det vert i tillegg lagt fram at ettersom Skyss er ein politisk styrt organisasjon er det problematisk at det ikkje fins noko godt talerøyr direkte til dei.

Skyss: Det er jo litt kritisk med tanke på at me er ein såpass politisk styrt organisasjon, fordi at politikarane er jo opptatt av folkemeininga, og når dei les i avisa om at no er det mange som er misnøgde, så kjem dei til oss å spør «kva er gale?». Då må me på ein måte ha gode svar med ein gong. Så det er ei utfordring å jobba med ruteendringar, å ivareta ein balanse mellom å ivareta dei som reiser med buss eller kollektivtrafikk, og dei som ofte er framtidige kollektivtrafikantar.

Ein ser altså at utan dette talerøyret, får dei som planlegg rutetilbodet stadige «problem» med fylkespolitikarar om det som er blitt endra. Hadde det vore ein tettare dialog mellom brukarar og planleggarane i dette tilfellet, hadde det kanskje vorte mindre negativ omtale i aviser og liknande, med bakgrunn i større forståing for dei ulike prioriteringane. Det kan og tenkjast at prioriteringane hadde vorte gjort på eit betre grunnlag enn i dag med meir involvering av lokalbefolkninga i dei ulike områda som skal dekkjast av eit kollektivtilbod. Dette vart òg uttalt

av den eine informanten ved Robin Hood-huset som la fram at dersom det hadde kome eit ordentleg svar på tilbakemeldingane og spørsmåla som vart stilt til Skyss, både på ‘messenger’, e-post og telefon, så hadde det vore lettare å godta.

Utifrå ‘Barnetråkket’ i Olsvik er det også kome eit reelt resultat med bakgrunn i medverkinga. På spørsmål om kva som skjer framover med områdesatsinga vart det opplyst om at ei rekkje mindre tiltak allereie var gjort.

BK2: I Olsvik-parken, der har dei fått ei kjempestor pumtrack-bane. Det er ein sånn sykkelbane, der ein kan ha løpehjul eller BMX. For det som kom veldig klart fram i barnetråkket der, det var at dei syns at den parken var veldig fin, men den var jo grusomt kjedelig. Så dei ville ha tilbod for forskjellige aktivitetar. Det har eg fått mange bilder på. Eg var der i går og såg, og det var masse masse folk. Til alle dagens tidspunkt heldt eg på å seia. Det kjem også trampoline der i løpet av sumaren. Det er jo ein måte for oss å imøtekoma det som dei etterspør, å gje dei det dei seier at det er behov for. Det er eit eksempel på tiltak som me jobbar med ut i frå barnetråkket.

I dette dømet er det på sett og vis born som har forma byen, rett nok i samband med barnetråkk og bymiljøetaten.

Ein kan setja dette i samanheng med at alle skal ha retten til å forma byen rundt seg slik Lefebvre (1967b, 1982) og Harvey (2003) har teke til orde for (Jf. kapittel 4.2.1). Det at dette i tillegg har synt seg som eit godt tiltak, viser både at det var noko som mangla i bydelen, og at det nyttar å ta i bruk medverkningsmetodar, både for bebuarar og for kommunen. Dette kan i tillegg sjåast på som ein form for kollaborativ planlegging, der ein har tatt i bruk ein mobiliseringsstrategi som for berre ti år sidan ikkje vart nytta i særleg grad. Ved å inkludera borna i planlegginga får ein gjerne også tiltak som vil bidra til å nå Bergen kommune sitt ynskje om å ha barnefamiliar spreidd rundt i alle bydelar, då ein kan sjå at det er ting borna kan finna på i fritida – utan at det er i form av organisert idrett eller kultur og liknande.

I og med at det er forholdsvis kort tid frå planleggingsprosess til tiltaket vert gjennomført, får ein heller ikkje at folk vert trøytt og oppgitte av prosessen. Ein kan også sjå at særst ofte vert born sine idear ikkje tatt omsyn til når byrommet skal endrast, medan det i dette dømet snarare er basert på nettopp dette. Det same kan i fylgje representanten frå plan- og bygningsetaten seiast

om både Fysak-huset på Melkeplassen og eit samlingspunkt på ein tidlegare leikeplass på Laksevåg.

BK3: Det å ha eit sånn samlingspunkt, berre sånn at der dei kan ha eigenaktivitetar, at det ikkje er idrettslag, men der dei berre kan gå, vart framheva som viktig. Så på Laksevåg, så laga me ein liten leikeplass som egentlig var for litt større barn. Og det skal det jo komma, veit ikkje om dei har bygd den, men det skal jo byggast sånn "fysak" på Laksevåg og..

Dette dømet, som det ovanfor, er òg kome ut i frå tilbakemeldingar dei har fått av born og unge, og der i allefall Fysak-huset tilsynelatande har vore ein kjempesuksess. Det føreligg vidare planar for å gjennomføra fleire av dei forslaga som er kome fram frå Barnetråkket. Dette var det mange av, slik at born og ungdom har, i alle fall i somme bydelar, fått moglegheit til å bidra med stort og smått i planleggingsprosessane knytt til sin bydel.

BK2: Og det har me jo sett, det er den rosafargen, at det er kome mange gode tiltak eller forslag til tiltak som me tar med oss vidare, og ynskjer å hjelpa dei i å realisera for eksempel.

Ut frå desse døma, som det finst fleire av, kan ein sjå at det kan utgjera ein forskjell å delta i planleggingsprosessar. Ved å opplysa meir utad at diverse tiltak er gjennomført på bakgrunn av at folk har medverka, ville ein truleg ha auka engasjementet til folk, ettersom ein då hadde sett at det faktisk nyttar. Det er slik som informanten i velforeninga sa: «Det er så gøy at det skjer noe!».

7 Avslutning

7.1 Konklusjonar

Denne oppgåva har freista å kasta ljós over korleis ein kan få ei breiare medverking i planleggingsprosessar knytt til byutvikling, der hovudfokuset har vore lagt mot grupper som ikkje allereie deltek i særleg grad. På bakgrunn av dette har oppgåva freista å avdekkja korleis offentlege styresmakter legg til rette for ei slik medverking for å finna eit eventuelt moglegheitsrom for alternative metodar enn det plan- og bygningslova paragraf 5 krev, altså høyring og offentlig ettersyn.

Ved å sjå på korleis dette tradisjonelt har vorte gjort har det vorte vist både korleis folk medverkar, kven som deltek og barrierer som kan verka avgrensande med tanke på dette. Det at Bergen kommune i all hovudsak har halde seg innanfor dette kravet har gjort det mogleg å klargjera andre metodar tydelegare.

På bakgrunn av analysen vil eg her freista å svara på problemstillingane som er løfta fram i oppgåva. For å gjera dette, vil eg byrja med underproblemstillingane, då dette i samanheng kan svara på hovudproblemstillinga.

Korleis legg offentlege myndigheiter til rette for medverking i byutvikling- og planlegging, og kva vert gjort for å få med ein breiare del av befolkninga i dette arbeidet?

Når det kjem til korleis offentlege myndigheiter legg til rette for medverking har eg vist at dette for det meste vert gjort i samsvar med minstekravet i plan- og bygningslova. Når ein har gått utover dette har ein oftast gjort det gjennom informasjonsmøte eller folkemøte, slik og Falleth & Hanssen (2009) kunne visa. Tal frå SSB (2019) syner i tillegg at dei aller fleste vedtekne planane i Bergen er gjorde på bakgrunn av private planforslag, men kommunen har like fullt eit særleg ansvar til å sikra at medverking vert gjennomført, dette også knytt til private planforslag.

I samband med informasjons- og folkemøta har det i tillegg vorte gjort forsøk med “kontordag”, altså eit tidsrom der planleggarane er tilgjengelege for samtalar på tomannshand. Dette vert gjort for å senka terskelen for å koma med spørsmål og kommentarar, då det er underforstått at ikkje alle er like glade i å heva røysta i eit større forum. Ein ser likevel at dette verktøyet ikkje gjer at det

er fleire grupper som deltek, men at ordninga snarare vert brukt av dei som går på folkemøta utan å ta ordet.

I tillegg til dette har kommunen også nytta såkalla “barnetråkk⁹” der dei på nytt tilfredsstillar eit krav i lovverket om å sikra ei aktiv medverking frå born og unge. Dette har ført med seg at ei ny gruppe har fått høve til å utøva sin “rett til byen”, og ordninga er på mange måtar ei form for kollaborativ planlegging.

Til tross for gode ynskje har ein likevel, i løpet av denne oppgåva, sett at nokre grupper ikkje vert sikra denne aktive medverkinga. Dette er gjerne unge vaksne som mottek ei eller anna form for stønad frå det offentlege – anten som kommunal bustad, og/eller andre økonomiske tilskot. Det same gjeld også minstepensjonistar som gjer nytte av Robin Hood-huset sitt tilbod, skuleungdom i andre bydelar enn dei som er under såkalla “områdesatsing” og personar med innvandrarbakgrunn i- og kring det omtalte bingomiljøet. Fleire av desse har uttalt at dei ikkje kjenner seg høyrte og at dersom dei hadde fått høvet til å koma med innspel, hadde dei gjerne gjort det.

Når det kjem til den andre underproblemstillinga; *i kva grad påverkar ei medverking, utover minstekravet, resultatene av planlegginga?*, så har dette i all hovudsak handla om gjennomførte tiltak som er gjorde på bakgrunn av diverse medverkningsmetodar. Dette er vorte vist i analysen for å syna at det hjelper å medverka.

I Bergen har ein sett i alle fall tre døme på at ei medverking fungerer. Omlegginga av Askøybåten sin kaiplass er eit resultat av dette, og det same kan seiast om både Fysak Melkeplassen og den nye “pump-track bana” i Olsvikparken. Fyrstnemnde er eit resultat av ei større undersøking Skyss valde å gjera då dei vurderte byte av kaiplass i Bergen sentrum, der dåtidas brukarar føretrekte at kaia vart verande der ho var, medan andre innbyggjarar på Askøy heller ville ha henne til Strandkaien. Resultatet av omlegginga har vore ei etter måten stor auke i tal på trafikantar.

Fysak Melkeplassen og den nye “pump-track bana” på si side er resultat av områdesatsingane Bergen kommune for tida gjennomfører, der “barnetråkk-metodikken” er nytta. Begge deler står fram som svært suksessfulle, og prosjekta er nærast laga til etter førespurnad frå born og unge i bydelen som trong noko å gjera i bydelane sine.

⁹ Sjå definisjon i kapittel 3.1.2, side 12

Av dette kan ein sjå at for kommunen så vel som for innbyggjarane er det ein god idé å gå utover krava i lovverket, både med bakgrunn i dei direkte resultata, men og, som det vert understreka i arbeidet med den nyleg vedtekne arealplanen for Bergen, at dette kan bidra til å nå målet om å auka engasjementet kring byutvikling og byen Bergen.

Hypotesen som er sett opp, «*for å få med ein større del av befolkninga må medverkinga vera lystbetont*», verkar berre å vera delvis i takt med røynda. Gjennom brettspelmetoden og analysen av sesjonane knytt til denne, har det sett ut til at slike metodar kan bidra til å auka engasjementet, og at ordninga kan fungera som ein arena for diskusjon og medverking. Det har òg vist seg at ho kan hjelpa mot den aukande polariseringa i samfunnet, i form av at folk tek seg tid til å lytta og ta til etterretning meiningsmotstandarane sine argument. Dette kan sjåast som ein motsetnad til digitale “møtestader” der folk ofte er meir surmaga og avvisande. Dei ufine karakteristikane og kommentarane har i spelesesjonane vore heilt fråverande, sjølv om det tidvis var temperatur.

Potensialet spel har for medverking ser ut til å vera stort, men for å få personar som ikkje allereie deltek, til å verta med på slike tiltak, har det synt seg at det er vel så viktig at ein er oppsøkjande, slik koordinatoren for områdesatsinga òg tok til orde for. Ein har i tillegg sett at berre det å ta seg tid til å prata og lytta i seg sjølv kan vera nok til å auka deltakinga frå folk.

Gjennom å nytta spel er det òg vist at dette kan fungera som ei form for kollaborativ planleggingsarena, der alle meiningar vert lytta til utan at dei vert forkasta. Det har også ført med seg ein respektfull tone mellom deltakarane. Likevel er ikkje spel nok i seg sjølv for å mobilisera nye grupper inn i planleggingsprosessar: Det verkar å vera slik at ein er nøydd til å oppsøkja desse gruppene – gjerne med eit lystbetont verkty.

Ei samanfating av punkta over kan vera eit utgangspunkt for å svara på hovudproblemstillinga i denne oppgåva.

Korleis kan ein få ein større del av befolkninga til å medverka i planleggingsprosessar?

Ut i frå diskusjonen ovanfor kan ein sjå at det nyttar å medverka, både fordi resultata av planlegginga verkar å verta meir rettvise etter ein slik prosess, og fordi eventuelle negative fylgjer av planane vert lettare å svelgja for deltakarane. Ved å synleggjera dette tydelegare for

befolkninga, ville ein kunna få meir deltaking og engasjement rundt nye planar, ettersom folk kunne ha sett at det nyttar å delta.

Det har vist seg at det *er* grupper som ikkje deltek i slike medverkingsprosessar, noko offentlege styresmakter har freista å gå i møte ved mellom anna å nytta dei såkalla “barnetråkka”. I barnetråkka, så vel som i spelet, har det kome fram kommentarar, og ein har sett at medverkinga har vorte oppfatta som lystbetont slik at folk gjerne får auka vilje til å delta.

Gjennom ei lystbetont planlegging kan ein auka engasjementet, men det treng likevel ikkje å bidra til at nye personar vert med å delta. Det viktigaste for å få dette til verkar å vera å oppsøkja nye grupper aktivt. Ein er nøydd til å vita kvar ein kan møte slike grupper for å få dette til, og planlegginga kan såleis verta meir tidkrevjande. Til tross for tidsaspektet, står det fram som føremålstenleg å gjennomføra dette: Ein kan få med fleire aktive medverkarar og prosessen vil i tillegg gjera eventuelle tiltak lettare å svelgja for fleire av innbyggjarane.

Altså ser det ut til å vera to hovudtypar tiltak som fungerer godt til å få innbyggjarar til å bidra: Synleggjering av at ein vert høyrte når ein medverker, og at ein oppsøker nye grupper, gjerne med eit lystbetont medverkingsverkty.

7.2 Vidare forskning

Dette prosjektet har vist at å gjera planlegginga lystbetont faktisk bidreg til å auka lysta til å delta. Kor vidt folk synest brettspel er lystbetont er openbert individuelt, men for nokre grupper verkar det å kunna fungera. Metoden kan bidra til å fjerna nokon av barrierene ein kan møte på for å ‘gidda’ å bidra.

For å få fleire til å medverke har det også vorte vist korleis ein nærast er nøydd til å driva oppsøkjande arbeid for å få dette til. Ettersom det ikkje er eit komparativt blick i arbeidet, ville det vore interessant å sjå korleis ein slik framgangsmåte kunne ha fungert i andre byar med annan kontekst. Å sjå korleis medverking vert gjort i andre byar, kunne ha bidratt til å kontekstualisera dette prosjektet og å syna om metoden kunne ha fungert andre stader også.

I tillegg til dette kunne det ha vore interessant å sjå på korleis analoge løysingar verkar sett opp mot digitale – som samfunnet i aukande grad legg opp til at skal verta brukte. Dette ville også

kunna bidra til å kasta ljós over kva metode ein skal bruka til kva tid, og korleis ein skal gå fram for å få auke i deltaking og medverking i planleggingsprosessar.

7.3 Vidare speling

I denne oppgåva har det vorte vist korleis spel kan fungera som eit medverkingsverktøy i planleggingsprosessar. Ettersom spelet har fungert for å opna diskusjonar der deltakarane tar omsyn til motseiande argument, vil eg tilrå vidare bruk og utvikling av ein slik metode når ein legg opp til medverking.

Ein er likevel nøydd å ta omsyn til eit par ting; Dette kan til dømes vera at spel i seg sjølv ikkje er nok til å få deltakarar til å koma til sesjonane, altså at å gjera medverkinga lystbetont ikkje tiltrekk seg deltakarar av seg sjølv. Det må og leggjast opp til at sjølve premissane som er lagde til grunn for spelinga er opne for diskusjon. Til sist er det også eit tredje punkt ein bør ta omsyn til, og det er om ein faktisk har tid til etterarbeid. Dette treng ikkje krevja mykje tid, men litt arbeid må ein rekna med.

Eg vil òg oppmoda om at ein ikkje må gå seg vill i digitale løysingar, slik eg har inntrykk av at ein fort kan gjera. Dette meiner eg på bakgrunn av at digitale løysingar, som lagt fram i oppgåva, kan verka ekskluderande for somme, og at ein gjennom fysiske møte kan unngå “oppgulp” slik kommentarfelta i diverse digitale forum ber preg av. Ein kan sjølvsagt nytta digitale spel også, men ein bør ikkje gløyma den analoge diskusjonen.

8. Bibliografi

Statistisk sentralbyrå (2019, 3. juli). 12675: *Omfang av reguleringsplaner og hovedtall for klager på reguleringer, etter region, statistikkvariabel og år*. Henta frå:

<https://www.ssb.no/statbank/table/12675/tableViewLayout1/>

Amdam, J., & Veggeland, N. (2011). *Teorier om samfunnsstyring og planlegging*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ampatzidou, C., Gugerell, K., Constantinescu, T., Devisch, O., Jauschneq, M., & Berger, M. (2018). All Work and No Play? Facilitating Serious Games and Gamified Applications in Participatory Urban Planning and Governance. *Urban Planning*, 3(1), 34-46.

doi:10.17645/up.v3i1.1261

Respons Analyse. (2018). Innbyggerundersøkelse i Loddefjord 2018. Henta frå:

https://www.bergen.kommune.no/bk/multimedia/archive/00333/Innbyggerunders_kel_333275a.pdf

Arnstein, S. (1969). A Ladder Of Citizen Participation. *Journal of the American Planning Association*, 35(4), 216-224.

Aursland, T., & Lunde, Å. (2019). Tre bomstasjoner utsatt for hærverk. *Bergens Tidende*. henta frå: <https://www.bt.no/nyheter/i/wPr2an/Tre-bomstasjoner-utsatt-for-harverk>

Bergen kommune (2015). Bergen 2030 - kommuneplanens samfunnsdel.

Bergen kommune (2019). Kommuneplanens arealdel 2018-2030 2. gangs behandling.

Bleumers, L., All, A., Mariën, I., Schurmans, D., Looy, J. V., Jacobs, A., . . . Grove, F. d. (2012). State of Play of Digital Games for Empowerment and Inclusion: A Review of the Literature and Empirical Cases. Sevilla, Spania. Henta frå:

<http://publications.jrc.ec.europa.eu/repository/bitstream/JRC77655/digital%20games%20report%20with%20covers.pdf>

Busch, T. (2013). *Akademisk skriving for bachelor- og masterstudenter*. Bergen: Fagbokforlaget.

Campante, F. R., & Hojman, D. A. (2013). Media and polarization - Evidence from the introduction of broadcast TV in the United States. *Journal of Public Economics*, 100(1).

Clifford, N., French, S., & Valentine, G. (Eds.). (2010). *Key Methods in Geography* (2 ed.). Los Angeles: Sage Publications

DeLyser, D. (2010). *The SAGE handbook of qualitative geography*. London: Sage Publications

Drangslund, K. A. K., & Haarstad, H. (2009). Urban Planning and the Delimitation of Diversity: Roma as 'In Place' and 'Out of Place' in Jungbusch, Mannheim. *International Planning Studies*, 14(2), 125-140. doi:10.1080/13563470903021159

- Emami, P., Bjornlund, H., Xu, W., & Johnston, T. (2015). A Framework For Assessing The Procedural Justice In Integrated Resource Planning Processes. Paper presented at the Sustainable Development and Planning VII, Istanbul.
- Fainstein, S. (2000). New Directions in Planning Theory. *Urban Affairs Review*, 35, 451-478.
- Fainstein, S., & DeFilippis, J. (2016). *Readings in Planning Theory* (4 ed.). West Sussex, Storbritannia: Wiley Blackwell.
- Falleth, E., & Hansen, G. S. (2017). Medvirkning i planlegging. I N. Aarsæther, E. Falleth, T. Nyseth, & R. Kristiansen (Eds.), *Utfordringer for norsk planlegging - kunnskap - bærekraft - demokrati*. Kristiansand, Norge: Cappelen Damm, Høyskoleforlaget.
- Feldt, A. G. (1995). Thirty-Five Years in Gaming. *Simulation & Gaming*, 26(4), 448-452.
- Godø, M. (2016). Smultringen Bergen. *Arkitektnytt*, 3.
- Golafshani, N. (2003). Understanding Reliability and Validity in Qualitative Research. *The Qualitative Report*, 8(4).
- Gramsci, A. (1971). *Selections from the prison notebooks* (Q. H. G. N. Smith, Trans.): Lawrence & Wishart.
- Green, M. (2002). Gramsci Cannot Speak: Presentations and Interpretations of Gramsci's concept of the Subaltern. *Rethinking Marxism*, 14(3), 1-24. doi:10.1080/089356902101242242
- Gössling, S. (2016). Urban transport justice. *Journal of Transport Geography*, 54, 1-9.
- Haga, A. (2019). "Trakasseringen vil foregå helt til du endrer kurs, trekker deg fra politikken, eller begår selvmord". *Bergens Tidende*. Retrieved from https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/70jRW8/Trakasseringen-vil-forega-helt-til-du-endrer-kurs_-trekker-deg-fra-politikken_-eller-begar-selvmord?spid_rel=2
- Harvey, D. (1989). From Managerialism to Entrepreneurialism: The Transformation in Urban Governance in Late Capitalism. *Geografiska Annaler: Series B, Human Geography*, 71(1), 3-17. doi:10.1080/04353684.1989.11879583
- Harvey, D. (2003). The right to the city. *International Journal of Urban and Regional Research*, 27(4), 939-941. doi:10.1111/j.0309-1317.2003.00492.x
- Harvey, D. (2012). *Rebel cities : from the right to the city to the urban revolution*. London: Verso.
- Hay, I. (2010). *Qualitative research methods in human geography* (3rd ed. ed.). Oxford: Oxford University Press.
- Healey, P. (1992). Planning through Debate: The Communicative Turn in Planning Theory. *The Town Planning Review*, 63, 143-162.

- Healey, P. (2006). *Collaborative planning : shaping places in fragmented societies* (2nd ed.). Basingstoke: Palgrave Macmillan.
- HOPE. (2016). Household Preferences for Reducing greenhouse gas Emissions in four European High Income Countries. Retrieved from https://hope-project.net/?page_id=89&lang=nn
- Husbanken. (2019). Områdesatsing i etablerte boområder. Retrieved from <https://www.veiviseren.no/stotte-i-arbeidsprosess/bo-og-naermiljo/omradesatsing-i-etablerte-boomrader>
- I. Turok, A. K. R. G. (1999). Social exclusion: In What Sense a Planning Problem? *The Town Planning Review*, 70(3), 363-384.
- Jacobs, J. (1961). *The Death and Life of Great American Cities*. New York: Random House.
- Kleivan, N. M. (2019, 7. juli). Krysspress i sjøkanten. *Morgenbladet*.
- Knudsen, E. (2018). Polariseringen er personlig: Vi misliker velgerne til partier vi er uenig med. Retrieved from <https://voxpública.no/2018/08/polariseringen-er-personlig-vi-misliker-velgerne-til-partier-vi-er-uenig-med/>
- Zinq kommunikasjon (2017). Polarisert samfunn, eliter under press. Henta frå: <https://www.ks.no/contentassets/88fcd4bb46ca40969085566916d8ceba/zynk-endelig-trendrapport-ks.pdf>
- Kringstad, A. (2019). ByLab om boligpolitikk. Henta frå: <https://www.bergen.kommune.no/hvaskjer/tema/bylab/12555/12557/article-161894>
- Laoire, M. Ó. (2014). Subalternity. In D. Coghlan & M. Brydon-Miller (Eds.), *The Sage Encyclopedia of Action Research*. London: SAGE Publications.
- Lefebvre, H. (1967a). Le droit à la ville. *L'Homme et la Société*, 0, 29.
- Lefebvre, H. (1968). *Le droit à la ville*. Paris, Frankrike.
- Lefebvre, H. (1982). *Staden som rättighet*. Stockholm: Bokomotiv.
- Lefebvre, H., Kofman, E., & Lebas, E. (1996). *Writings on cities*. Malden, Mass: Blackwell.
- Lerner, J. (2014). *Making Democracy Fun: How Game Design Can Empower Citizens and Transform Politics*. Cambridge, Massachusetts: The MIT Press.
- Longhurst, R. (2010). Semi-structured Interviews and Focus Groups. I N. Clifford, S. French, & G. Valentine (Eds.), *Key methods in geography* (2 ed.). Thousand Oaks, California: Sage.
- Longley, P. A., & Singleton, A. D. (2009). Linking Social Deprivation and Digital Exclusion in England. *Urban Studies*, 46(7), 1275-1298. doi:10.1177/0042098009104566
- Marcuse, P. (2009). From critical urban theory to the right to the city. *City*, 13(2-3).
- Marcuse, P. (2012). Justice. I R. Crane & R. Weber (Eds.), *The Oxford Handbook of Urban Planning*. Oxford, Storbritannia: Oxford University Press.

Miljøløftet. (2019). Bergenserne er positive til Miljøløftet. Retrieved from <https://miljøløftet.no/nyheter/2019/sporreundersokelse-miljoloftet/>

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2019). Bergen er Norges mest attraktive by 2019 [Press release]. Retrieved from <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/bergen-er-norges-mest-attraktive-by-2019/id2652898/>

Bergens mødre (2019). Høyres nei til Bybanen er et nei til Bergens barn. *Bergens Tidende*. Retrieved from <https://www.bt.no/btmeninger/debatt/i/jdrw6q/hoeyres-nei-til-bybanen-er-et-nei-til-bergens-barn>

Målsnes, O. H. (2018). *Budsjettet på 123*. <https://www.bergen.kommune.no/politikk/budsjett/budsjett-2019/12075>: Bergen Kommune.

Naylor, A. (2017). The empathy machine: can VR stop bad city developments before they happen? *The Guardian*. Retrieved from <https://www.theguardian.com/cities/2017/may/26/empathy-machine-vr-bad-city-developments-virtual-reality>

Nussbaum, M. (2003). CABABILITIES AS FUNDAMENTAL ENTITLEMENTS: SEN AND SOCIAL JUSTICE. *Feminist Economics*, 9(2-3). doi:<https://doi.org/10.1080/1354570022000077926>

Nylund, K. (2014). Conceptions of justice in the planning of the new urban landscape – Recent changes in the comprehensive planning discourse in Malmö, Sweden. *Planning Theory & Practice*, 15(1), 1-21. doi:10.1080/14649357.2013.866263

Næss, P. (2017). Bærekraft og klimahensyn i planlegging. I N. Aarsæther, E. Falleth, T. Nyseth, & R. Kristiansen (Eds.), *Utfordringer for norsk planlegging - kunnskap - bærekraft - demokrati* (Vol. 1). Kristiansand: Cappelen Damm Høyskoleforlaget.

Opheim, T. (2018). Høy temperatur på folkemøte om bompenger i Bergen. *Bergens Tidende*. Retrieved from <https://www.bt.no/nyheter/lokalt/i/7lOkRw/Hoy-temperatur-pa-folkemote-om-bompenger-i-Bergen>

Plan- og bygningsloven, o. (2008). Lov om planlegging og byggesaksbehandling (LOV-2008-06-27-71). Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2008-06-27-71>

Rawls, J. (1999). *A theory of justice* (Rev. ed. ed.). Oxford: Oxford University Press.

Roald, H.-J. (2016). Om byplanlegging og arkitekter i Bergen. *Arkitektnytt.no*. Henta frå: <https://www.arkitektnytt.no/debatt/om-byplanlegging-og-arkitekter-i-bergen>

Sanford, K., Starr, L. J., Merkel, L., & Kurki, S. B. (2015). Serious games: video games for good? *e-learning and digital media*, 12(1).

Sanner, J. T. (2014). Medvirkning i planlegging Hvordan legge til rette for økt deltakelse og innflytelse i kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven. Oslo: Regjeringen
Henta frå:

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/plan/medvirkningsveileder/h2302b_veileder_medvirkning.pdf.

Sen, A. (2009). *The idea of justice*. London: Allen Lane.

Sheller, M. (2008). Mobility, Freedom and Public space. In S. Bergmann & T. Sager (Eds.), *The Ethics of Mobilities: Rethinking Place, Exclusion, Freedom and Environment*. Hampshire: Ashgate Publishing Limited.

Skyss. (2019). Ny rekord i kollektivreiser. Retrieved from <https://www.skyss.no/Verdt-a-vite/Nytt-fra-Skyss/ny-rekord-i-kollektivreiser/>

Slettholm, M. (2019). Enighetsfellesskapet. *Morgenbladet*. Retrieved from <https://morgenbladet.no/aktuelt/2019/05/enighetsfellesskapet>

Spivak, G. C. (1988). *Can the Subaltern Speak?* (C. N. L. Grossberg Ed.). Chicago: University of Illinois Press.

Steigerwald, J. (2008). Walk the Talk - Mobility, Climate Justice and the Churches. In S. Bergmann & T. Sager (Eds.), *The Ethics of Mobilities: Rethinking Place, Exclusion, Freedom and Environment* (pp. 241-251). Hampshire: Ashgate Publishing Limited.

Taylor, N. (1998). *Urban Planning Theory Since 1945*. London, Storbritannia: SAGE Publications Ltd.

Tonkiss, F. (2013). *Cities by design - The Social Life of Urban Form*. Cambridge, UK: Polity Press.

Tryti, A. E. (2019). *Innleiing på "ByLab"*. Byråd for byutvikling.

Turok, I., Kearns, A., & Goodlad, R. (1999). Social exclusion: in what sense a planning problem? *The Town Planning Review*, 70(3), 363. doi:10.3828/tpr.70.3.7v20598470486qt3

Törnblom, K. Y., & Vermunt, R. (2007). *Distributive and Procedural Justice Research and Social Applications*. Burlington, USA: Ashgate Publishing Limited.

Verdenskommisjonen for miljø og utvikling (1987). *Vår felles framtid*. Oslo: Tiden Norsk Forlag

White, P. (2010). Making Use of Secondary Data. In N. Clifford, S. French, & G. Valentine (Eds.), *Key methods in geography* (2 ed.). Thousand Oaks, California: Sage.

Yin, R. K. (2018). *Case study research and applications : design and methods* (6th ed. ed.). Los Angeles: SAGE.

Aase, T. H., & Fossåskaret, E. (2014). *Skapte virkeligheter : om produksjon og tolkning av kvalitative data* (2. utg. ed.). Oslo: Universitetsforl.

Aasland, A., & Fløtten, T. (2001). Ethnicity and Social Exclusion in Estonia and Latvia. *Europe-Asia Studies*, 53(7), 1023-1049. doi:10.1080/09668130120085029